

## NYTT OM NAMN

Meldingsblad for

# Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)  
Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@gmail.com)

Redaksjonssekretær:

Terje Larsen (terjelar1948@gmail.com)

Utgjevar:

Norsk namnelag

Utgjevarstad:

Institutt for nordiske og lingvistiske studium – Universitetet i Oslo

Nr. 71/72 – 2020/2021

Redaksjonen vart slutført 31. januar 2022

*Adresser m.m.:*

Nettstaden til Norsk namnelag er [www.norsknannelag.no](http://www.norsknannelag.no).

Bankgiro: 7874.053.3362 Kontingenten er 300 kroner for året og inkluderer *Namn og nemne* og *Nytt om namn*. Har du spørsmål om laget, kan du venda deg til Terje Larsen på e-post: [terjelar1948@gmail.com](mailto:terjelar1948@gmail.com)

Tidsskriftet *Namn og nemne*. Har du spørsmål om tidsskriftet, kan du venda deg til Tor Erik Jenstad på e-post: [tor.erik.jenstad@hf.ntnu.no](mailto:tor.erik.jenstad@hf.ntnu.no)

Meldingsbladet *Nytt om namn*. Har du spørsmål om meldingsbladet, kan du venda deg til Botolv Helleland på e-post: [botolv.helleland@iln.uio.no](mailto:botolv.helleland@iln.uio.no)

Trykk X-ide

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

## INNHALD

### LEIAR

Terje Larsen: Norsk namnegransking post festum? .....	5
---	---

### NORSK NAMNELAG

Anne Svanevik: Referat frå landsmøtet i Norsk namnelag .....	7
Terje Larsen: Treårsmelding for Norsk namnelag 2019–2021 .....	8
Terje Larsen: Nye redaktørar i Namn og nemne .....	11
Nancy L. Coleman og Olav Veka: Ny nettredaktør for Norsk namnelag .....	11

### NYTT FRÅ SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA

Line Lysaker Heinesen: Referat fra Samrådsmøtet 2021 mellom Kartverket, Sametinget og Språkrådet.....	14
Ellen Hellebost Toft: Endringar i stadnamntenesta .....	16
Ellen Hellebost Toft: E-læringskurset <i>Vegen til stadnamnet</i> .....	17
Line Lysaker Heinesen: Tilskottsordninga for innsamling og registrering av stadnamn .....	18
Line Lysaker Heinesen: Klagenemnda for stedsnavn 2021 .....	20

### KONFERANSAR OG MØTE

Randi Melvær: Norsk stadnamnarkiv i 100 år.....	22
Rikke Steenholt Olesen: Ein arkivhistorisk godbit .....	25

### INTERNASJONALT NYTT – NORNA, ICOS, UNGEGN

Terhi Ainiala: Hålsningar frå den 17 nordiska Namnforskarkongressen .....	27
Botolv Helleland: Digital ICOS-kongress arrangert frå Krakow, Polen .....	29
Botolv Helleland: ONOMA 53–55 .....	30
Ingvil Nordland: UNGEGN og Norden Division .....	33
Ingvil Nordland: Prosjektgruppe i kompetanseoverføring .....	35

### MINNEORD

Margit Harsson 1943–2021 .....	36
Anfinnur Johansen 1953–2022 .....	38

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Birgit Eggert: Dansk Navneleksikon .....	39
Eldar Heide: Elva Flokoa ovanfor Vingrom.....	42
Vidar Haslum: Bustadnavn i Østfold – terrengnavn utenfor Østfold.....	44
Finn Myrvang: <i>Sløvra</i> .....	48

Finn Myrvang: Til fjells med havfrua.....	50
Brynjar Mørkved: Feil på kart og vegskilt.....	55
Yann de Caprona: «Verdens stedsnavn – etymologi og historie – ordnet etter land» .....	59
<b>BOKOMTALAR</b>	
Vidar Haslum: Bustadnavn i Østfold fullført .....	61
Tor Erik Jenstad: Tre nasjonsbyggjande brør .....	66
Erlend Tidemann: Ny bok om navn i Oslo .....	68
Terje Larsen: Historia bak gatenamna i Oslo .....	70
Terje Larsen: Lofotnamn .....	72
Tom Schmidt: Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län fullført .....	73
Vidar Haslum: Bok til minne om Kristian Strømshaug.....	75
Botolv Helleland: Tungt tysk festskrift i Leipzig .....	77
<b>OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER</b>	
Gulbrand Alhaug: Fornamn på barn i Larvik og Brunlanes i 1865 og 1925 .....	78
Botolv Helleland: Adjektiviske fyrstelekkar i samansette stadnamn ....	81
<b>NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI</b>	
Terje Larsen: Norsk namnebibliografi 2019–2020 .....	83

LEIAR

## NORSK NAMNEGRANSKING POST FESTUM?

“Men namnegranskaren var ikkje død. Eller?” Dette var overskrifta på ein større artikkel i khrono.no 29.12.2021. Khrono er ei nyheitsavis for høgare utdanning og forskning, og artikkelen tek for seg stoda for namnegranskinga ved universiteta. Fordi universiteta har slutta å undervisa i faget – dei “har feila på det nasjonale ansvaret sitt” – som Peder Gammeltoft seier i artikkelen, vil namnegranskarar etter kvart bli ei mangelvare. Dermed forsvinn også kompetansen som skal til for å ta vare på namna som språklege kulturminne.

Nedbygginga av namnefaget er kjende tonar for lesarane av *Nytt om namn*. Men alt er likevel ikkje berre elende, her er også ljospunkt. Som omtalt i det førre nummeret av *Nytt om namn*, var det i 2021 hundre år sidan Norsk stadnamnarkiv vart skipa, og dette vart feira med ein jubileumskonferanse i Bergen 27.–28. oktober med god deltaking. Sjølv om Stadnamnarkivet ikkje lenger eksisterer i namnet, er samlingane tekne vare på og frå 2016 plasserte ved dei såkalla Språksamlingane ved Universitetet i Bergen. Her blir det arbeidd vidare med å leggja det fysiske materialet til rette for elektronisk bruk i portalen *Norske stedsnavn / Norske stadnamn*. Det er nemnde Peder Gammeltoft som har ansvaret for dette arbeidet.

Jubileumskonferansen var vellukka og synte både breidda i og interessa for namnefaget. Det same gjer dei mange bokutgjevingane dei seinaste åra. Tom Schmidt fullførte i 2021 serien *Bustadnavn i Østfold*. Bokserien tel i alt tjue band og må sjåast på som det største og viktigaste verket i norsk stadnamngransking etter Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne*. Namnelaget gratulerer! I denne samanhengen kan det også nemnast at Oluf Rygh, saman med brørne Karl og Evald, fekk sin biografi i 2020: *Brødrene Rygh. Fra bygdeliv til nasjonsbygging*, forfatta av Per R. Christiansen. Stian Hårstad og Ivar Berg har skrive om *Namn langs Orkla. Namnehistorie frå Orkelsjøen til Orkedalsøren*, medan Eli Ellingsve gjev oss eit innblikk i *Lofotnavn – fra Røst til Raftsundet*. Leif Gjerland har samla og utvida dei før utgjevne bøkene *Navn i Oslo* og *Oslonavn* i éi utgåve kalla *Oslos*

årringer, og Erlend Tidemann er på marknaden med *Historien om Oslos gate-  
navn*.

Landsmøtet vårt vart halde i tilknytning til jubileumskonferansen med ti medlemmar til stades. Referat frå landsmøtet er prenta i dette nummeret. Her skal nemnast at landsmøtet gav si tilslutning til at tidsskriftet *Namn og nemne* heretter skal utgjevast digitalt, men at dei som ynskjer papirutgåve, kan få det mot ein kostnad. Bakgrunnen er m.a. det tilbakevendande problemet med økonomien.

Medlemstalet har gått ned frå å vera vel 400 frå skipinga i 1983 og fram til 2016 til 271 i 2021, og éi utgåve av *Namn og nemne* kostar no om lag like mykje som inntektene frå medlemskontingenten i eitt år. Tidlegare fekk Namnelaget utgjevnadsstøtte frå Forskingsrådet, men slik er det ikkje lenger. *Nytt om namn*, som du no held i handa, skal framleis koma som papirutgåve.

Også nettsida vår vart diskutert. Her har Olav Veka og Nancy Coleman lagt ned ein stor innsats frå starten i 2005, og no har dei bede om avløyning. Som redaktørar har dei i alle år etterlyst innspel og større engasjement frå oss medlemmar for å gjera nettsida aktuell og attraktiv, men responsen har vore låg, så her må vi skjerp oss! I vår digitale tid er dette svært viktig. Olav og Nancy fortener stor takk for arbeidet!

Det vart vidare peikt på at vi burde vera meir aktive både i media og overfor offentlege instansar som ikkje fylgjer stadnamnlova, og det er noko styret tek med seg. Her vil eg rosa Brynjar Mørkved, som er kjend frå spaltene i *Nytt om namn*, for debattinnlegget “Stedsnamn – kulturminner som kan og bør fjernes”, publisert i Nationen og Bondebladet, og for høg aktivitet med å kontakta ansvarlege instansar og peika på feil namn på vegskilt og kart, sjå artikkelen hans på side 55.

Vi veit at namn interesserer og engasjerer. Som nemnt i tidlegare utgåver av meldingsbladet, har Språkrådet frå 2015 forvalta ei tilskotsordning for innsamling og dataregistrering av stadnamn. Språkrådet har også laga eit e-læringskurs om stadnamnlova og stadnamnarbeid retta inn mot kommunetilsette som arbeider med stadnamnsaker, og kurset er skildra i førre nummeret. Både tilskotsordninga og e-læringskurset har god oppslutnad, sjå s. 17 og 18. Det er framleis von for norsk namnegransking, så vi ventar med å seia post festum!

Terje Larsen  
terjelar1948@gmail.com

## NORSK NAMNELAG

### REFERAT FRÅ LANDSMØTET I NORSK NAMNELAG 28.10.2021

Norsk namnelag hadde landsmøte i Bergen 28. oktober 2021, rett etter jubileumskonferansen «Norsk stadnamnarkiv i 100 år». Ti personar var til stades på landsmøtet. Terje Larsen vart vald til møteleiar, Anne Svanevik til referent. Saklista til landsmøtet ligg på heimesida vår [www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no).

Det vart påpeikt at folk truleg ikkje hadde fått med seg tidspunktet for landsmøtet, trass i at ei førebels innkalling var kunngjort i *Nytt om namn* i desember 2020, og at saklista var lagd på heimesida i midten av september 2021. På landsmøtet kom det framlegg om å lage ei e-postliste med alle medlemene.

Leiar Terje Larsen las opp treårsmeldinga. Eit samandrag av meldinga blir trykt i *Nytt om namn* og lagd ut på heimesida. Dei siste tre åra har medlemstalet i laget halde seg ganske stabilt på tett oppunder 300 medlemmer.

Økonomien i laget er ei tilbakevendande hovudpine fordi Namnelaget ikkje har kome inn under ordninga for utgjevingsstøtte frå Forskingsrådet. Pr. 24.10.2021 har laget kr 83.000 inneståande hos Novus forlag, til utgjeving av neste nummer av *Namn og nemne*. I tillegg har vi kr 105.000 på konti hos Nordea. Heilt sidan Namnelaget blei stifta, har det vore semje om at vi alltid bør ha inneståande nok midlar til utgjeving av ei utgåve av *Namn og nemne*. I den noverande økonomiske situasjonen har vi nok midlar til to utgåver. På landsmøtet kom det framlegg om at vi bør vedtektsfeste at det alltid skal vere midlar til utgjeving av to utgåver. Det tyder at vi heile tida må jobbe med finansiering. Universitetet i Oslo ved ILN har så langt teke på seg kostnadene for utsendinga av *Nytt om namn*.

Redaktør Ole-Jørgen Johannessen orienterte om tidsskriftet *Namn og nemne*. Årgang 38 for 2021 er i rute. Stofftilgangen er brukbar. Vi har fleire bidrag klare til framtidige nummer. Vi prøver å halde ei nordisk vinkling på stoffet, men har nokre bidrag frå andre land også. På landsmøtet blei det mint om at *Namn og nemne* skal ha stoff av både vitskapleg og mindre vitskapleg karakter – for å nå ein brei medlemsmasse. Landsmøtet gav tilslutning til eit forslag om å gje ut tidsskriftet berre digitalt, med moglegheit til papirutgåve mot ein kostnad.

Redaktør Botolv Helleland orienterte om meldingsbladet *Nytt om namn*: Nr. 71/72, som blir eit fyldig dobbeltnummer, er betydeleg forseinka på grunn av manglande arbeidskapasitet i meldingsåret. Vi held fram med papirutgåver av *Nytt om namn*.

Besøket på heimesida [www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no) er bra. Sida hadde 2112 «visits» i september 2021, gjennomsnittleg 75 pr. dag. Redaktørane Olav Veka og Nancy Coleman ønskjer avløyning. Ellen Marie Lund Foldal overtar. Det var semje om at nettsida bør bli meir moderne og innehalde meir om det som skjer på namnefronten i landet, m.a. omtale av konferansen vi nett har vore på, prosjektet «Bustadnamn i Østfold», språksamlingane i Bergen og arbeidet med stadnamn-innsamling i regi av Språkrådet.

Terje Larsen held fram som leiar i Namnelaget, og Anne Svanevik held fram som nestleiar. Styremedlemer: Gunnstein Akselberg (vara Gudmund Harildstad), Ellen Marie Lund Foldal (vara Frode Myrheim), Ole Gunerius Deli (vara Karsten Lien). Redaksjonen for *Namn og nemne* blir Tor Erik Jenstad og Ivar Berg (som har sagt ja på visse vilkår). Ole-Jørgen Johannessen, Vidar Haslum, Gudlaug Nedrelid, Tom Schmidt, Klaus Johan Myrvoll, Gulbrand Alhaug, Agnete Nesse og Thorstein Gudmundur Indridason stiller som redaksjonsråd. Redaksjonen for *Nytt om namn* blir som før: Botolv Helleland, Gudmund Harildstad og Terje Larsen.

Landsmøtet oppmoda styret til å jobbe med å oppretthalde medlemsmassen. Å gjere all dokumentasjon meir digitalt tilgjengeleg, kan hjelpe til det.

Anne Svanevik  
svafuru@gmail.com

## TREÅRSMELDING FOR NORSK NAMNELAG 2019 – 2021

Medlemstalet har vore slik i perioden:

2019: **284**

2020: **275**

2021: **271**

Styret har i perioden hatt denne samansetjinga:

Leiar: Terje Larsen

Nestleiar: Anne Svanevik

Styremedlemmar: Gunnstein Akselberg (vara Tor Erik Jenstad), Ellen Marie Lund Foldal (vara Frode Myrheim), Gulbrand Alhaug (vara Vidar Haslum).



Styret har hatt tre styremøte: 7.2.2019, 1.11.2019 og 14.10.2021. Frå mars 2020 og fram til september 2021 har pandemien gjort det vanskeleg å møtast fysisk, men noko kontakt har gått gjennom e-post.

### Saker

- Leiaren hadde ein presentasjonsartikkel av Norsk namnelag i *Lokalhistorisk magasin*. Meldingsblad for Landslaget for lokalhistorie, nr. 1/2020. Artikkelen resulterte i to nye medlemmar.
- Leiaren har oppdatert artikkelen om Norsk namnelag og skrive omtale av *Namn og nemne* og *Nytt om namn* på lokalhistoriewiki.no.
- Namnelaget v/leiaren sende høyringsfråsegn til KUD om framlegg til endringar i lov om stadnamn i 2019.
- Namnelaget v/leiaren sende høyringsfråsegn til KUD om framlegg til endringar i forskrift 23. mai 2017 nr. 638 om stadnamn i 2021. Her var Namnelaget falle ut som høyringsinstans, men heilt tilfeldig vart det oppdaga av leiaren.
- Styret har bede leiaren starta opp arbeidet med å revidera ymse punkt i vedtektene, fyrst og fremst regelen om personlege varamedlemmar. Slik situasjonen er for namnefaget har leiaren føreslege ein fullstendig revisjon og ei forenkling av vedtektene. Framlegg til nye vedtekter blir lagt fram på landsmøtet i 2024. Dette har styret slutta seg til.
- Gulbrand Alhaug har skrive eit notat om ortografisk variasjon som problem i fornamn. Planen er å senda notatet til Justisdepartementet. Styret har drøfta notatet og sagt seg samd i hovudpoenget og intensjonen. Men styret meiner notatet blir for langt og komplisert og har bede Gulbrand forkorta og forenkla det før det blir sendt. Heile notatet (ikkje i forkorta versjon) skal leggjast ut på nettsida til Namnelaget, og det kan også vera aktuelt for *Namn og nemne*.
- Alle nummera av *Namn og nemne* og *Nytt om namn* er no digitaliserte av Nasjonalbiblioteket og tilgjengelege på bestemte vilkår.

### **Namn og nemne**

I denne perioden har *Namn og nemne* kome ut med tre nummer: *Namn og nemne* 35 (154 sider), *Namn og nemne* 36 (120 sider) og *Namn og nemne* 37 (148 sider). Redaktørar for årgang 35 var Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid, Aud-Kirsti Pedersen og Tom Schmidt.

Redaktører for årgangane 36 og 37 var Vidar Haslum, Ole-Jørgen Jahannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt.

Årgangane 2002–2014 og innholdslista for årgangane før 2002 og årgangane 2015, 2016 og 2017 ligg på heimesida. Som nemnt ovanfor, er alle nummera no digitaliserte av Nasjonalbiblioteket og tilgjengelege på bestemte vilkår.

Årgangane 33 (2016), 34 (2017), 35 (2018), 36 (2019) og 37 (2020) er tilgjengelege på heimesida til Novus forlag, som tok over utgjevinga frå og med 35 (2018).

### **Nytt om namn**

I denne perioden har meldingsbladet *Nytt om namn* kome med to nummer: 67/68 – 2018 (122 sider) med rapport frå konferansen “Stadnamn i knipe” og 69/70 – 2019 (92 sider). Botolv Helleland har vore redaktør og har hatt med seg Gudmund Harildstad og Terje Larsen i redaksjonen. Begge årgangane har med ein namnebibliografi for året før. Heile innhaldet i meldingsbladet for årgangane 2000–2017 ligg på heimesida. For nr. 67/68 – 2018 og nr. 69/70 – 2019 ligg innholdslista på heimesida. Som nemnt ovanfor, er alle nummera no digitaliserte av Nasjonalbiblioteket og tilgjengelege på bestemte vilkår.

### **Nettsida**

Arbeidet med heimesida har vore gjort av Olav Veka og Nancy Coleman. Heimesida blir oppdatert og utvida med ujamne mellomrom. Trass i oppfordringar til medlemmane om å senda inn aktuelt stoff, skjer dette i liten grad. Noko som må nemnast, er at Gulbrand Alhaug har gjort ei grundig oppdatering av artikkelen om personnamn. Statistikken syner at i gjennomsnitt er det vel 2000 som er innom nettstaden kvar månad.

### **Facebook**

Facebooksida til Namnelaget har 221 medlemmar. Aktiviteten er relativt stor, men det er enkelte som skriv meir enn andre.

Terje Larsen  
terjelar1948@gmail.com

## NYE REDAKTØRAR I NAMN OG NEMNE

Redaktørane for tidsskriftet vårt *Namn og nemne* har bede om avløyning, og Namnelaget takkar Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt for vel utført arbeid. Ein særleg takk går til Ole-Jørgen, som har vore redaktør i to periodar, fyrst frå starten i 1984 og til og med 1996, og så frå 2014 og fram til 2022. Nye redaktørar er Tor Erik Jenstad og Ivar Berg, som begge held til ved NTNU i Trondheim.

Terje Larsen  
terjelar1948@gmail.com

## NY NETTREDAKTØR FOR NORSK NAMNELAG



Ellen Marie Lund Foldal er ny redaktør for heimesida til Norsk namnelag. Foto: Privat.

Etter snart 15 års arbeid med nettstaden [www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no) overlèt Nancy L. Coleman og Olav Veka det faglege og redaksjonelle ansvaret til Ellen Marie Lund Foldal, som òg er styremedlem i Namnelaget.

Ellen Marie er frå Skotterud i Eidskog og har skrive masteroppgåve om normering av stadnamn. Etter studiet har ho undervist i ungdomsskulen, og eitt år i vidaregåande, ved sida av pliktene i familielivet. Me ønskjer den neste redaktøren lykke til!

Ingen av oss to som i si tid gjorde grunnarbeidet, hadde nemnande kunnskap om å driva ei nettside, langt mindre om korleis ho skulle lagast. Så enkelt som me trudde, var det ikkje, nei. Det trongst både programvare og vebshotell. Nancy tok hovudansvaret for utforminga og den medfølgjande digitale krattskogen, og Olav ansvaret for det faglege oppsettet, kontakt med fagfolk om nyskriving av artiklar (og ja, purring) og heldt ei open linje til styret som det overordna organet.



Olav Veka og Nancy Coleman takkar av etter 15 år som nettstedaktørar for heimesida til Norsk namnelag. Foto: Ola Lagarhus.

Eit lite innsmett om problem me kunne møte, er klikkpunktet Vedtekter som kom i ulage etter ei storoppydding i haust, har framleis ikkje funne sin rette plass i systemet. Her må brukaren klikka på [Tilbake til hovudmenyen](#) for å gå vidare.

Alle hefte av *Nytt om namn* frå og med nr. 31-2000 har etter kvart vorte lagde ut og dermed gjorde søkbare, noko som letta bruken av hefta som kunnskaps- og kjeldemateriale. Tilsvarande er årgangane av *Namn og Nemne* lagde ut frå og med nr. 19-2002. Hefta før desse årstala har me dessverre ikkje greidd å oppspora i digital form eller som pdf-dokument. Profesjonell skanning av manglande digitale hefte med tanke på publisering har laget ikkje økonomi til. Frå og med hefte 33-2016 er artiklane som vert publiserte i *Namn og nemne*, lisensierte under Creative Commons lisens CC-BY-SA og lagde ut under forlaget NOVUS.

For dei som lurar på den økonomiske sida, kan me nemna at rekninga frå vebbotellet for 2021 var på 1755 kr. På den måten må ein vel kunna seia at nettstaden er den mest smålåtne kontoen i rekneskapen.

For at medlemene skal få eit inntrykk av aktiviteten på nettstaden, har me nedanfor gjeve att den enklaste statistikken med talfesta trafikk siste året. Som tidlegare vil eg tilrå lesarane å bruka google-søk for å få forklaring på kolonne-titlane; dei er ikkje så lette å forklara i få ord.

Til slutt eit sukk: Tilbakemeldingar frå brukarane av nettstaden er altfor få, nesten fråverande. Meld endeleg ifrå om lenkerøte, nye emne for artiklar, lokale stadnamninitiativ og namnetvistar, normeringsstridar osv., alt slikt kan leggjast ut eller lenkast.

Nancy L. Coleman  
tootch@gmail.com  
Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

Summary by Month										
Month	Daily Avg				Monthly Totals					
	Hits	Files	Pages	Visits	Sites	KBytes	Visits	Pages	Files	Hits
<a href="#">Jan 2022</a>	263	126	142	72	758	412076	1013	2000	1771	3688
<a href="#">Dec 2021</a>	268	137	142	74	1587	666571	2308	4404	4270	8310
<a href="#">Nov 2021</a>	316	181	140	80	2146	1036616	2411	4204	5440	9501
<a href="#">Oct 2021</a>	314	212	149	75	2098	1310465	2338	4623	6576	9760
<a href="#">Sep 2021</a>	380	220	125	75	2710	1672519	2278	3776	6615	11400
<a href="#">Aug 2021</a>	358	220	111	70	2457	2228299	2181	3441	6838	11101
<a href="#">Jul 2021</a>	337	221	112	68	2199	1535255	2117	3489	6855	10452
<a href="#">Jun 2021</a>	369	242	137	69	2190	1034629	2091	4131	7282	11073
<a href="#">May 2021</a>	447	308	176	77	2358	1283159	2392	5457	9564	13881
<a href="#">Apr 2021</a>	438	270	118	64	2189	2272845	1949	3559	8102	13169
<a href="#">Mar 2021</a>	446	270	98	60	2021	1939439	1877	3058	8381	13837
<a href="#">Feb 2021</a>	543	349	116	68	2283	2388886	1913	3261	9795	15226
<b>Totals</b>						<b>17780759</b>	<b>24868</b>	<b>45403</b>	<b>81489</b>	<b>131398</b>

## NYTT FRÅ SPRÅKRÅDET / STADNAMNTENESTA

**REFERAT FRA SAMRÅDINGSMØTET MELLOM KARTVERKET,  
SAMETINGET OG SPRÅKRÅDET I BERGEN 26. OKTOBER 2021****1. Velkommen og presentasjon**

Peder Gammeltoft ønsket velkommen og gav praktisk informasjon. Daniel Ims oppsummerte kort historien for samrådsmøtene, deretter var det en kort presentasjonsrunde av alle som var til stede.

**2. Forskrift om stedsnavn v/Daniel Ims**

Foreslåtte endringer i forskriften til stedsnavnloven har vært på høring. De nye forskriftene er ennå ikke vedtatt, og det er ikke bestemt hva som skjer videre med dette arbeidet, som er lagt på vent på grunn av høstens regjeringsskifte.

Det er endringene i stedsnavnloven fra 2019 som medfører at forskriften også må endres. Daniel gikk gjennom disse lovendringene og de viktigste endringsforslagene i den nye, foreslåtte forskriftsteksten. Det kom noen merknader fra salen underveis, og det ble konkludert med at det må gå an å spille inn til KUD de merknadene som kom på møtet.

**3. Innsamling av stedsnavn, bruk av innsamlingsbasen v/Eli Ellingsve**

Eli fortalte kort om tilskuddsordningen, og fortalte deretter om innsamlingsprosjektet fra Frøya i 2016/2017, om gjennomføringen av prosjektet og hvilke utfordringer de hadde hatt. Blant utfordringene var at dette var et vanskelig tilgjengelig område (avhengig av båt), at det har vært stor fraflytting slik at man må lete frem etterkommere av dem som har bodd der, og at det er en stor andel nye innflyttere (28 %).

Det kom spørsmål om hva Kartverket bør gjøre når de får henvendelser fra folk som vil levere inn lister med innsamlede navn. Slike henvendelser kan sendes til UiB/Peder Gammeltoft. Innsendere kan også tipses om registreringsverktøyet, men gjøres oppmerksom på at de da selv må sørge for registrering av navnene. Språkrådet har ikke kapasitet til selv å legge inn navn eller kontrollere materialet som legges inn i registreringsverktøyet.

**4. Samiske stedsnavn vs. norske v/Mikkel Logje**

Saken var meldt inn som en diskusjonssak. Stedsnavnsaker i Nord-Norge kan være anspente, og Sametinget har sett flere eksempler på at folk som bruker et

område ikke benytter de samiske navnene som finnes, men heller lager norske eller fornorskede navn (eksempel: Leavvnašjávri/Livnas). Aud-Kirsti Pedersen bemerket at Kartverket får henvendelser fra folk som savner norske navn, og at det i slike tilfeller må opprettes navnesak, slik at det kan gjennomføres høring. Hun påpekte også at det er naturlig med språklig tilpasning mellom norsk, samisk og kvensk. Hege Sælid oppfordret Sametinget til å ta denne problemstillingen med i høringssvaret til endringer i sameloven. Berit Sandnes kommenterte at den samme problemstillingen også gjelder norske navn i områder med mye turister og hyttebygging, der hyttefolk lager nye navn på lokaliteter som allerede har navn.

## **5. Samarbeidsmøter: Hva og hvorfor. Fagnettverk og kompetansedeling v/Hege Sælid**

De siste par årene har Kartverket, Sametinget og Språkrådet hatt samarbeidsmøter noen ganger i året. Dette har ført til hyppigere kontakt, tettere dialog og raskere avklaring av en del problemstillinger, og Hege fortalte om noen av sakene som har vært tatt opp.

Det er ny ledelse i Kartverket, noe som har ført til mye strategiarbeid og et mål om å etablere et fag- og brukernettverk og jobbe mer med brukerorientering. Det er viktig å tenke fremover – hvordan vil folk og instanser trenge og bruke stedsnavn i fremtiden?

Det er også kompetanseutfordringer for stedsnavnfeltet, og per i dag ingen utdanningsmuligheter innen navnegransking. Hvordan kan vi ivareta kompetansen som allerede finnes, og er det mulig å få midler fra KUD til dette? Forslag fra Hege var forelesningsrekke, samt navnewebinar for ulike brukere (nasjonalt og regionalt).

## **6. Enhetlig navnevern vs. normeringstradisjoner og -praksis v/Ivar Berg**

Spørsmålet om normeringstradisjon og -praksis ble diskutert i fagrådet for stedsnavn 6. september 2021. Tidligere var hensynet til «tidlegare normeringspraksis» nedfelt i forskriften til stedsnavnloven. Formuleringen om «nasjonal einskap» i navneverket falt ut av regelverket i 2007. I dagens lov og forskrift er det ingen hjemmel for å legge tidligere praksis til grunn for normeringen.

Hvor stor vekt skal vi legge på tidligere praksis og et «einskapleg namneverk» i dag, og hvordan kan dette hjemles? Bør samme form av et navneledd gjennomføres innenfor et dialektområde? Bør vi aktivt gå inn for samlevedtak, eller bør vi godta at noen navn får en annen skrivemåte eller bøyningsendelse enn resten av navnene i samme kommune?

## 7. Ordet fritt

Det kom et par spørsmål og kommentarer til den foreslåtte endrede forskriftsteksten. Det pågår endringer i samelovens språkregler, og disse vil få påvirkning på stedsnavnforskriften. Forskriften bør også ha med føringer om hvorvidt man bør bruke nordsamisk skrivemåte av lulesamiske navn i nordsamiske tekster (og tilsvarende tilfeller).

Line Lysaker Heinesen  
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

## ENDRINGAR I STADNAMNTENESTA



Ivar Berg er ny leiar for fagrådet for stadnam Foto: NTNU.

Stadnamntenesta høyrer til Språkrådet og ligg under seksjonen for språkrøkt og språkrådgeving. I 2021 har stadnamntenesta bestått av fem rådgjevarar som behandlar saker som gjeld norske stadnamn og éin rådgjevar som gjev tilrådingar i kvenske stadnamnsaker. Den 17. desember slutta rådgjevar Astrid Sann Evenesen i jobben, og frå 2022 er det fire rådgjevarar som behandlar norske namnesaker. I tillegg til rådgjevarane er det oppnemnt fem eksterne namnekonsulentar for norske stadnamn og éin for kvenske stadnamn.



Namnekonsulentane utgjer fagrådet for stadnamn. I mars 2021 gjekk fagrådsleiar og namnekonsulent Botolv Helleland og fagrådsmedlem og namnekonsulent Gunnstein Akselberg ut av fagrådet, etter å ha vore med sidan oppstarten i 2018.

Nye medlemmer kom da inn, og frå mars 2021 har fagrådet bestått av Ivar Berg (leiar), Irene Andreassen (kvenske stadnamn), Roger Lockertsen, Anne Svanevik, Rune Røssstad og Ingvil Brügger Budal. Fagrådet møttest fire-fem gonger i året og diskuterer alt frå stadnamnarbeid og stadnamnlovgjeving i Noreg generelt til saker om spesifikke stadnamn. I 2021 hadde fagrådet fire møte. Tre av desse møta var digitale. Det siste fagrådsmøtet i 2021, i Bergen i oktober, var eit fysisk møte som vart halde i samband med konferansen *Norsk stadnamnarkiv i 100 år*.

Gjennom 2021 har fagrådet arbeidd med saker om t.d. namneforma *Riksgrensa* på skilt langs riksgrensa mellom Noreg og Sverige, namngjeving av utskilde prestegardar, spørsmål om korleis stadnamntenesta best kan følgje GDPR<sup>1</sup> når dei hentar inn informasjon om lokal uttale i namnesaker, og deltatt på den store namnekonferansen *Norsk stadnamnarkiv i 100 år* i Bergen. Fagrådet har òg uttala seg i høyringa om ny tekst til forskrift om stadnamn og kome med innspel til Språkrådet sitt svar i høyringa om den nye språklova. I tillegg har fagrådet uttala seg i samband med Språkrådet og Kartverket sitt samarbeid i saker der det har vore naudsynt å avklare arbeidsdelinga mellom stadnamntenesta og Kartverket i tilknytning til tilrådingar i namnesaker.

Ellen Hellebost Toft  
ellen.toft@sprakradet.no

## E-LÆRINGSKURSET VEGEN TIL STADNAMNET

I 2020 og 2021 har Språkrådet gjennomført eit prosjekt med å lage e-læringskurset *Vegen til stadnamnet*, som er eit nettkurs som gjev opplæring i stadnamnlova og kommunalt stadnamnarbeid. Kurset vart laga på bestilling og med pengeløyving frå Kulturdepartementet, og det var ferdig i mars 2021. Sjølve prosjektet, utforminga av kurset og kursinnhaldet er skildra i *Nytt om namn* 69/70.

---

<sup>1</sup> *Personvernforordningen* er ei lov EU har vedtatt (ho blir også kalla **GDPR**, som står for **general data protection regulation**). Lova skal gjelde i alle EU- og EØS-landa. I Noreg er det med verknad frå 20. juli 2018 vedtatt ei ny lov om personopplysningar.

Da kurset var ferdig i mars/april, vart det lagt ut informasjon om og lenkje til kurset på nettsida til Språkrådet. Kartverket, som òg var involvert i utforminga av kurset med ein representant i prosjektgruppa, informerte om kurset i nyhende-brevet sitt like etter at det vart gjort tilgjengeleg. Seinare har informasjon om kurset blitt delt i sosiale medium frå fleire hald. Det har òg blitt sendt ut informasjon direkte til kommunane ved fleire høve og gjennom ulike kanalar.

Kurset har blitt svært godt motteke av målgruppa, som er kommunetilsette med stadnamnsaker som arbeidsfelt. Det er tilgjengeleg på læringsplattforma til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). For å gjennomføre kurset, må brukaren logge inn. Innlogginga skjer ved ein enkel prosedyre som neppe fører til at færre tar kurset, i alle fall ikkje blant dei som er i målgruppa. Det at brukarane må logge seg inn, gjer at DFØ kan føre statistikk over kor mange som gjennomfører kurset. I tillegg er det mogleg å hente inn brukarevalueringar av kurset. Ved årsskiftet melde DFØ om at det var 164 brukarar som hadde gjennomført kurset. I overkant av halvparten av kursdeltakarane har hatt tilhøyrse til ein kommune, og talet på ulike kommunar som er registrerte med å ha gjennomført kurset, er 65. Andre deltakarar er mellom anna frå fylkeskommunar, statsorgan og kulturinstitusjonar. Det var registrert åtte skriftlege tilbakemeldingar på kurset, og alle tilbakemeldingane gav gode skotsmål.

Ellen Hellebost Toft  
ellen.toft@sprakradet.no

### **TILSKOTTSDORDNINGA FOR INNSAMLING OG REGISTRERING AV STADNAMN**

<b>Nr.</b>	<b>Søker – prosjektleder – kort beskrivelse</b>
1	Torgrim Landsverk – Torgrim Landsverk – registrering av 106 innsamlede stedsnavn fra Melås i Gjerstad kommune
2	Bartnessamlinga – Aud Eli Kristoffersen – registrering av allerede innsamlede navn og innhenting av nye opplysninger. Området er Bartnesgrenda i Steinkjer kommune
3	Lund grendelag – Harald Grøtting – registrering av innsamlede stedsnavn fra Lund i Namsos kommune

4	Dovre historielag – Terje Larsen – registrering av flere eksisterende navnesamlinger
5	Arkiv i Nordland i samarbeid med Hemnes historielag – Caroline Torrissen – registrering av innsamlede navn fra Hemnes kommune (materiale fra Polarsirkelens friluftsråd)
6	Ingvild Seland – Ingvild Seland – registrering av 166 navn fra semesteroppgave, Seland i Flekkefjord kommune (kun tilgang til registreringsverktøyet)
7	Lars Lilleby Macedo – Lars Lilleby Macedo – videreføring av innsamlingsprosjekt i gamle Egge kommune (nå del av Steinkjer) i samarbeid med Egge historielag
8	Jan Åge Skjærstad – Jan Åge Skjærstad – registrere innsamlede navn fra Syrdal i Lindesnes kommune (kun tilgang til registreringsverktøyet)
9	Valle kommune – Setesdalsmuseet / Leonhard Jansen – videreføring av innsamlings- og registreringsprosjekt
10	Stjørna heimbygdslag – Eli Johanne Ellingsve – videreføring/utvidelse av stedsnavnprosjektet i Ørland kommune
11	Veldre historielag – Fridthjof Tokstad Platou / Øyvinn Østvoll – innsamling av navn på husmannsplasser i Veldre sokn
12	Benny R. Sætermo – Benny R. Sætermo – registrering av navn fra Dunderlandsdalen i Rana kommune (kun tilgang til registreringsverktøyet)
13	Sunndal Mållag – Anders Røkkum – registrering av stedsnavn i Ålvundeid (jf. tidligere prosjekt med navn fra Ålvundfjord)
14	Eidsland grendalag – Karin Nordheim – registrering av innsamlede navn fra Eidslandet i Vaksdal kommune
15	Vingelen Bygdeboknemnd – Jakob Trøan – innsamling og registrering av stedsnavn i Vingelen sokn
16	Nord-Karmøy historielag – Evy Vikingstad og John Karsten Vedøy – innsamling og registrering av stedsnavn fra Karmøy kommune
17	Memoar – Siri Linn Brandsøy – navneinnsamling i Indrevær naturreservat i Solund kommune
18	Memoar – Siri Linn Brandsøy – navneinnsamling i Utvær naturreservat i Solund kommune
19	Alstahaug kommune – Johanne Markvoll – innsamling og registrering av stedsnavn fra de delene av kommunen der det er gjort lite innsamling

	tidligere
20	Pitesamisk museum – Olve Utne og Ann-Charlotte Sjaggo – innsamling og registrering av pitesamiske navn i det pitesamiske språkområdet
21	Karlsøy og Helgøy historielag – Martin Hansen – innsamling og registrering av stedsnavn (kun tilgang til registreringsverktøyet)
22	Per Martin Engebretsen – registrering av navn i Tøråsen (kun tilgang til registreringsverktøyet)

Line Lysaker Heinesen  
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

## KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVN 2021

### Referat fra Klagenemnda for stedsnavnsaker 2021

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde videomøte 26. mars og hybridmøte (video/fysisk) 8. oktober. Skjemaet nedenfor viser sakene som ble behandlet på disse møtene. Fullstendige vedtaksreferater finnes på Språkrådets nettsider: ([sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Stedsnavntjenesten/Klagenemnda-for-stedsnavnsaker/](http://sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Stedsnavntjenesten/Klagenemnda-for-stedsnavnsaker/)).

Sak nr.	Navn, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
19/2020	<i>Heiamark/Heimark</i> , Austevoll kommune, Vestland fylke	Gårds- og bruksnavn og avledede natur- og adressenavn	Heimark	Heiamark
20/2020	<i>Ersåker/Ertsaker</i> , Farsund kommune, Agder fylke	Gårds- og bruksnavn og avledet naturnavn	Ertsaker	Ersåker
21/2020	<i>Lone/Lohne</i> , Kristiansand kommune, Agder fylke	Gårds- og bruksnavn og avledede bruks- og naturnavn	Lohne	Lone
1/2021	<i>Sandnes/Sannes</i> , Drangedal kommune, Vestfold og Telemark fylke	Gårdsnavn og avledede naturnavn	Sannes	Sannes
2/2021	<i>Kylleberg/Kjølleberg</i> og <i>Sennegre/Senegre</i> ,	Gårds- og bruksnavn og	Kjølleberg og Senegre	Kjølleberg og Senegre

	Farsund kommune, Agder fylke	avledet naturnavn		
3/2021	<i>Reisete/Reisæter</i> , Ullensvang kommune, Vestland fylke	Gårds- og bruksnavn og avledede natur- og adressenavn	Reisæter	Reisete
4/2021	<i>Jøvik/Jøvika</i> , Tromsø kommune, Troms og Finnmark fylke	Bygdelagsnavn	Jøvika	Jøvika
5/2021	<i>Horten stasjon / Skoppum stasjon</i> , Horten kommune, Vestfold og Telemark fylke	Stasjonsnavn	Skoppum stasjon	Klagenemnda bad KUD om avklaring av hvorvidt den nye stasjonen er å regne som et nytt navneobjekt eller ikke
6/2021	<i>Inner-Elgsnes / Indre Elgsnes</i> , Harstad kommune, Troms og Finnmark fylke	Gårds- og bruksnavn	Indre Elgsnes	Inner-Elgsnes
7/2021	<i>Sundsgvåla/ Sundsvalen</i> , Midt-Telemark kommune, Vestfold og Telemark fylke	Gårds- og bruksnavn	Sundsvalen	Sundsgvåla
8/2021	<i>Oppsal/Opsal</i> , Vanylven kommune, Møre og Romsdal fylke	Gårdsnavn og avledede navn	Opsal	Opsal
9/2021	<i>Harbakken/Harbakk</i> , Kvinesdal kommune, Agder fylke	Gårds- og bruksnavn	Harbakk	Harbakken
10/2021	<i>Beinestad/Benestad</i> , Kristiansand kommune, Agder fylke	Gårdsnavn og avledede navn	Benestad	Beinestad
11/2021	<i>Klemoen/Klevmoen</i> , Nordre Land kommune, Innlandet fylke	Gårds- og bruksnavn og avledede navn	Klevmoen, Søndre Klevmoen	Klemoen, Søre Klemoen (Klemo- i sammensetninger)
12/2021	<i>Sundbulie/Sondbulie, Tjønnsset/Kjønset og Tråsåvike/Tråsåviken</i> , Nore og Uvdal kommune, Viken fylke	Gårds- og bruksnavn, seternavn og naturnavn	Sondbulie, Kjønset, Tråsåviken	Sundbulie, Tjønnsset, Tråsåvike (i sammensetninger Sundbuli-, Tjønnsset-, Tråsåvik-)
13/2021	<i>Myklamarka/ Myklamarkå</i> , Sandnes kommune, Rogaland fylke	Adressenavn	Myklamarkå	Myklamarka
14/2021	<i>Tjønntveit/Kjøntvedt</i>	Gårdsnavn og	Hvaale og	Hvåle (i

	og Hvåle/Hvaale/ Gvåle, Nore og Uvdal kommune, Viken fylke	avledede navn	Kjøntvedt	sammensetninger Hvåls-) og Tjønntveit
--	---	---------------	-----------	--

Line Lysaker Heinesen  
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

## KONFERANSAR OG MØTE

### NORSK STADNAMNARKIV I 100 ÅR

#### **Stadnamn – språk, historie og landskap: namnevitskapen i går, i dag, i morgon.**

Når en tradisjonsrik institusjon som Norsk stadnamnarkiv runder 100 år, er det en milepæl som det er grunn til å markere. Arkivet ble grunnlagt i 1921 i Oslo, men hadde et midlertidig opphold ved Bergens Museum på 1930-tallet der den første styreeren, Gustav Indrebø, ble ansatt som professor i vestnorsk målføregransking i 1930. I 1944 ble det meste av samlingene ført tilbake til Oslo, der det fikk en omskiftelig tilværelse. I 2016 ble stedsnavnarkivet sammen med Norsk ordbok overført fra Universitetet i Oslo til Universitetsbiblioteket i Bergen og administreres nå der som en felles enhet under navnet Språksamlingene (Språksamlingane).

Det var således naturlig at hundreårsjubileet ble markert i Bergen. Det skjedde 27. og 28. oktober 2021, heldigvis mens koronaen var i en bølgedal slik at arrangementet kunne holdes ved fysisk frammøte. Nærmere 80 deltakere fikk plass. Foredragene blei holdt enten digitalt på Zoom eller fra talerstolen i Universitetets aula. Begge deler fungerte svært bra. Jubileumskonferansen var støtta av Universitetet i Bergen, Språksamlingene og Språkrådet og fikk en flott ramme i den nyoppussa aulaen til Universitetet i Bergen. Det er grunn til å takke arrangementskomiteen (Peder Gammeltoft, Randi Neteland, Gunnstein Akselberg, Thorsteinn Indridason og Rune Kyrkjebø) og de nevnte institusjonene for en vellykket konferanse. Og sjølsagt takk til de som holdt foredrag og deltok med diskusjonsinnlegg. Det var berikende også for en som står litt utenfor det sentrale forskningsmiljøet.

Etter at lederen for Språksamlingene, Peder Gammeltoft, hadde ønska deltakerne velkommen, ble konferansen offisielt åpna av assisterende biblioteksdirektør Trude Færevaaag.

Undertittelen på jubileumskonferansen var «Stadnamn – språk, historie og landskap: namnevitskapen i går, i dag, i morgon», noe som like mye pekte framover som bakover. I en tid med nedlegging av navnefaget ved universiteter og høyskoler var det positivt at arrangementskomiteen hadde lagt seg på en optimistisk, ja nesten offensiv linje i valg av tema. De til sammen 18 foredragsholderne tok for seg ulike sider innen navneforskning, både historisk og nåtidig. Ikke minst fikk bruken av digitale metoder innen faget bred plass.

Det første temaet var innsamling av stedsnavn, med Peder Gammeltoft som ordstyrer. Her hadde den svenske navneforskeren Alexandra Petrulevich et såkalt keynoteforedrag med tittelen «Ortnamnssamlingar som digital forsknings-infrastruktur: Vad ska humanisten med digitalt skapade historiska namnmaterial till?» Her demonstrerte foredragsholderen hvordan datamaskinell behandling av et navnemateriale kan få nytte innen humanistisk forskning. En annen svenske, Ola Svensson, som er både filolog og arkeolog, holdt et innlegg med tittelen «Utsikter över Flackarp. 450 års namninsamling i nyuppgrävd kontext.» Christian-Emil Ore fra Universitetet i Oslo presenterte status for Språkrådets tilskuddsordning for å ta vare på lokale navn. Hele 67 lag har nå registrert stedsnavn i en digital løsning. Disse navna er enda ikke tilgjengelige for publikum på nettet. Peder Gammeltofts foredrag «Den nye stadnamnportalen: Norske stedsnavn / Norske stadnamn» viste hvordan stedsnavn kan gjøres lettere tilgjengelige gjennom digitale løsninger.

Konferansens andre tema var normering av stadnamn, med Stig Helset som ordstyrer. Den første ut her var Terje Larsen, leder i Norsk namnelag og tidligere navnekonsulent-sekretær. Under overskrifta «Stadnamnormering i Noreg – reglar, aktørar, tendensar» gjorde han rede for hovedtrekkene i normeringsreglene og hvordan de var blitt praktisert. Et beslekta emne fra dansk hold ble tatt opp av Rikke Steenholt Olesen under tittelen: «Divergens og konvergens i standardisering af danske stednavne fra 1910 til nutiden». Mer praktisk orientert var Ellen Hellebostad Tofts presentasjon av Språkrådets e-læringskurs om stedsnavnloven og stedsnavnarbeid i kommunene. Dette vil være et både nyttig og kjærkomment hjelpeverktøy for ansatte i kommunene.

Tema 3 gjaldt forskning på stedsnavn, der Ingvil Brügger Budal var ordstyrer. Keynoteforedraget under dette temaet blei holdt digitalt av Terhi Ainiala fra Universitetet i Helsinki og bar tittelen «Urbana orter, urbana betydelse – aspek-

ter på namnbruk och variation», et emne foredragsholderen har beskjeftiga seg mye med. Finland ligger utvilsomt i front i Norden i studiet av navngiving og navnebruk i bynære omgivelser.

Mens Ainiala konsentrerte seg om folkelig navngiving, tok Ingvil Nordland i det neste innlegget for seg offisiell navnebruk i Norge under formuleringa «politisering av offentlig forvaltning av stedsnavn». Også Ole-Jørgen Johannessen beveget seg inn på dette feltet med foredraget «Vei- og gatenavn, et forsømt forskingsfelt» og konkluderte med at her hadde forskerne forsømt seg. Birgit Eggerts tittel lød «En vanskelig stedsnavnetype. Om innsamling, kategorisering og vurdering af præpositionsnavne på Læsø» og tok for seg en navnetype som også i Norge er omfattet med stor interesse, men som ikke er drøftet under et samlende perspektiv.

Den andre konferansedagen starta med tema fire om framtida for norsk namnegransking. Her var Ivar Berg ordstyrer. De to foredragene før paneldebatten var like mye tilbakeskuende som om framtida for namnegransking. Kaisa Rautio Helander ved Samisk høgskole tok for seg situasjonen for samiske stedsnavn i et hundreårsperspektiv og etterlyste større offentlig engasjement i oppbygginga av et samisk stedsnavnarkiv. Botolv Helleland gav en historisk oversikt over Norsk stadnamnarkiv der han blant annet kom inn på forutsetningene for at arkivet ble grunnlagt akkurat i 1921. Krister Vasshus fulgte opp med foredraget «Framtida for norsk namnegransking». Slik kunne en tilbakeskuende oversikt kontrasteres med en framtidretta tilnærming til faget.

Det fulgte så en paneldebatt med Krister Vasshus, Aleksandra Petrulevich og Rikke Steenholt Olesen, leda av Peder Gammeltoft.

Seinere på dagen gikk en tilbake til tema tre om forskning på stadnamn, nå med Kristin Bakken som ordstyrer. Det første foredraget i denne økta blei presentert digitalt fra Skottland med Sofia Evemalm-Graham: «Iona's Namescape: Place-names and their dynamics in Iona and its environs.» [Navnelandskapet i Iona: Stedsnavn og deres utvikling i Iona og dets omgivelser]. Så fulgte Eldar Heide opp med foredraget «Nokre metodevurderingar i samband med stadnamna *Stjørdalen*, *Stjørna* og *Skjörin*.» Det siste innlegget ble holdt av Samuele Mascetti fra Høgskulen i Vestland om «Namn på *-sete* i Indre Sogn.» For referenten, som holder til i Leikanger, var det spesielt interessant å høre om kjente navn som *Dalsete*, *Stokksete*, *Skagasete*, *Fjærlandsete*.

Om kvelden første dagen var det festmiddag på Hotell Norge, med god mat og drikke, korte taler og hilsener og et flott kunstnerisk innslag med studentkoret BLAK (Blanda akademikere) ved UiB. Det må være rett å si at jubileums-



konferansen ble et vellykka arrangement, både faglig og sosialt. Stor takk til arrangørene, og ikke minst til Universitetet i Bergen, Universitetsbiblioteket og Språkrådet for rundhåndet støtte.

I etterkant opplyser redaksjonskomiteen at foredraga på konferansen skal publiseres i *Namn og nemne*.

Randi Melvær  
randi.melver@vlfk.no

### EIN ARKIVHISTORISK GODBIT

Under festmiddagen på Hotel Norge i samband med hundreårsfeiringa til Norsk stadnamnarkiv hadde redaktøren av denne publikasjonen gleder av å vera med på eit lite «vorspiel» saman med dei alltid hyggelege representantane for systerorganisasjonen i København. Nærast sat Rikke Steenholt Olesen, og under praten om laust og fast nemnde ho at dei på instituttet i Danmark hadde funne eit notat som kunne ha ei viss interesse i historikken til Stadnamnarkivet. Det viser seg nemleg her at rykta om eit norsk stadnamnarkiv hadde nådd Danmark to år før det vart realisert. Dette er, sjølv over hundre år i ettertid, eit stort nyhende og noko som lesarane av *Nytt om namn* burde få kjennskap til. Rikke vart oppmoda til å senda ei avskrift av notatet. Det lova ho, og her kjem teksten saman med ein liten kommentar frå hennar hand:

I min lille fortælling under middagen på Hotel Norge om det gulnede dokument var mit fokus, at vi i den skandinaviske navneforskning har været gode til at argumentere for at få det samme, som de andre har. Da man i DK i tiden op til 1910 argumenterede for vigtigheden af en statsfinansieret dansk udgivervirksomhed var det med henvisning til Norske Gaardnavne og Sveriges Ortnamn. Ingen stat ønsker vel at være en anden underlegen. Jeg ved det ikke, men mon ikke der blev peget på Stednavneudvalget i Danmark, da stednavnesamlingerne samlede støv på Rigsarkivet i et skab og der blev arbejdet for at videreføre Ryghs pionerarbejde?

Præcis hvorfor dette blev bragt op på mødet 26/6 1919, ved jeg ikke, men man har været interesseret i udviklingen i Norge og vel håbet på, at et norsk Stednavneudvalg ville være en støtte for det danskes fortsatte finansiering.

«Et Stednavnekontor i Norge.

I det norske Rigsarkiv opbevares afdøde Prof. Ryghs store Stednavnesamlinger. De er ikke i den bedste Orden og ikke helt lette at benytte. Det er altsammen magasineret i et stort Skab. Hovedsamlingerne bestaar af interfolierede Ekspl. af de trykte Matrikler med Ryghs egenhændige Tilføjelser samt en større Seddel-samling.

Nu er Værket «Norske Gaardnavne» omtr. tilendebragt paa Grundlag af Ryghs Samlinger, men det er kun Gaardnavne og i Regelen ikke andre Navne, som er behandletheri. Naturnavne er ikke medtaget.

Nu føler man det i Norge nødvendigt at føre Arbejdet videre. Men man er ogsaa ganske paa det rene med, at man maa anlægge et særligt Arkiv i forbindelse med et Stednavnekontor, ligesom vi har faaet det her. Man maa tage Arbejdet op fra Grunden af og iværksætte en systematisk Indsamling, hvorunder der ogsaa skal bringes Supplementer til det allerede udgivne Stof. Rimeligvis vil man anlægge en fuldstændig Diplomsamling og en topografisk Samling i samme Omfang som vi har gjort det.

At et virkeligt Stednavnekontor vil blive oprettet i Norge er givet, det hele er kun et Tidsspørgsmaal. Det vil rimeligvis blive oprettet som en særlig Afdeling af det norske Rigsarkiv. Eventuelt vil der ogsaa kunne blive Tale om Nedsættelsen af et Udvalg som i Danmark og Sverige.

Disse Oplysninger skyldes Rigsarkivar Koren.

Stednavneudvalget, 25/6 1919.»

Rikke Steenholt Olesen  
rikke.steenholt.olesen@hum.ku.dk

INTERNASJONALT NYTT – NORNA, ICOS, UNGEGN

## HÄLSNINGAR FRÅN DEN 17 NORDISKA NAMNFORSKARKONGRESSEN

Den sjuttonde nordiska namnforskarkongressen ordnades i Finland vid Helsingfors universitet den 8–11 juni 2021. På grund av den aktuella coronapandemin ordnades kongressen helt och hållet virtuellt i Zoom. Den digitala kongressen lyckades bra: inte bara kongressföredrag utan även informell samvaro samt en liten konsert fick plats i programmet.

Nästan 90 namnforskare och andra namnintresserade deltog i kongressen. Deltagarna kom från de nordiska länderna (Sverige, Norge, Danmark, Island, Finland), men enstaka även utanför Norden. Det var glädjande att se att väldigt många unga namnforskare var med och presenterade sin forskning. Det var antagligen en fördel med den virtuella kongressen: ingen behövde skaffa sig resepengar och även deltagaravgiften var låg. Då kunde många sådana som kanske inte hade en möjlighet att delta i den fysiska kongressen komma med. I fortsättningen kan man kanske ordna NORNA:s kongress och även symposier som hybridevenemang då åtminstone en del av programmet äger rum virtuellt. Samtidigt blev det också tydligt att reella evenemang med spontana möten mellan gamla och nya kolleger uppskattas högt. Hoppas alltså att vi lyckas träffas på riktigt vid nästa kongress!

I arrangörskommittén hade vi representanter från Helsingfors universitet (Terhi Ainiala, Johanna Virkkula), Svenska litteratursällskapet i Finland (Pamela Gustavsson), Institutet för de inhemska språken (Maria Vidberg) och Södertörns högskola, Sverige (Väinö Syrjälä). Vi lyckades få en duktig kongressekreterare, Jani Syrjälä, som är student i nordiska språk vid Helsingfors universitet. Han tog hand om det mesta kring de praktiska arrangemangen och styrde även arbetet för våra fyra studentassistenter. Det blev tydligt att det krävs en bra och aktiv arbetsgrupp för att arrangera en fungerande kongress, och det hade vi. Den här gången hade vi många nya saker att lära oss: att arrangera en relativt stor kongress med parallella sessioner och andra aktiviteter virtuellt. Men allt fungerade väldigt bra och vi hade inte ens några större problem med det tekniska. Tusen tack till er alla!

Temat för kongressen var *Namn och gränser*. Som utgångspunkt hade vi det allmänna faktum att namn ofta finns vid gränser: mellan olika länder, områden, kommuner och byar samt mellan urban och rural miljö. Dessutom kan namn

finnas på gränsen mellan olika språk och olika kulturer. Gränser mellan olika namnkategorier är inte heller entydiga. Möten mellan olika vetenskapsområden kan också hjälpa onomastiken att hitta nya frågor och möjligheter. Vi lyckades få en omfattande och varierande helhet av föredrag som tangerade dessa frågor kring namn och gränser ur olika synvinklar.

Vi hade två plenarföredrag i programmet. Docent Johanna Isosävi från Helsingfors universitet hade namn och globalisering som sitt främsta perspektiv och hon presenterade interkulturella attityder till personnamnsbruk med exempel från Finland och Frankrike. Hon har studerat förnamnsbruket hos den amerikanska kafékedjan Starbucks där baristan alltid brukar fråga efter kundens förnamn. Detta bruk har importerats till Finland och Frankrike, även om man i dessa länder inte är vana vid att använda förnamn i kundservice. Det kom tydligt fram att attityderna till bruket av förnamn var polariserade i båda länderna. En del av finländarna och fransmännen hade en negativ inställning, medan den andra delen av informanterna uppfattade utländska influenser i form av förnamn som positiva. Hon antog att bruket av förnamn i kundservice kan bli mer allmänt, om länken till amerikansk kultur försvagas.

PhD Guy Puzey från Edinburghs universitet granskade i sitt plenarföredrag förhållandet mellan namn och identitet genom ett mycket konkret medel, nämligen identitetspapper. Han gick in på temat med två metodologiska utgångspunkter. För det första undersökte han identitetspapper som delar av ett språklandskap där språk- och makthierarkier är synliga. Den andre aspekten var att självvetnografiskt undersöka och reflektera över sina egna namn i olika källor i olika faser av sitt liv. För åhöraren blev föredraget både en spännande berättelse om Guy Puzey och hans familjs historia och ett metodologiskt innovativt sätt att forska i namnets olika funktioner i identitetsskapande.

I sessionsföredragen ingick ett vitt och omfattande fält om nutida onomastiska studier i Norden. Både diakrona och synkrona material användes, och olika slags teorier och metoder var med. Socioonomastiken visade sig att leva stark, och även tvärvetenskapliga perspektiv var påtagliga. Ort- och personnamn var oftast föremål i föredrag, men även andra namn, t.ex. namn på internet och kommersiella namn diskuterades. Beaktansvärt var att digitala metoder och olika slags namndatabaser var närvarande i flera föredrag. Den nordiska namnforskningen visade sin mångsidighet och innovativa karaktär vid den sjuttonde nordiska namnforskarkongressen. Ser redan fram emot nästa kongress!

Terhi Ainiala  
terhi.ainiala@helsinki.fi

## ICOS OG TIDSSKRIFTET *ONOMA*

### **DIGITAL IOCOS-KONGRESS ARRANGERT FRÅ KRAKOW, POLEN**

Den 27. internasjonale namnegranskarkongressen vart halden 22.–27. august 2021 digitalt på Zoom, med Universitetet i Krakow som arrangør. Eigentleg skulle denne kongressen vore halden i 2020, men vart som så mange andre arrangement utsett just grunna koronaen. Mange sakna nok dette høvet til fysisk fagleg og sosial kontakt, og ikkje minst dei tradisjonelle ekskursjonane og banketten. Det viktigaste er likevel at kongressen kunne verta gjennomført. Deltakarane kunne sitja heime eller på hytta og likevel kommunisera med dei kollegaene som dukka opp på nettplattforma Zoom.

Til saman var det registrert 249 deltakar frå 44 land. Flest deltakarar var det frå Storbritannia og Polen, som stilte med høvesvis 20 og 19. Dei nordiske landa var representerte slik etter opplysningar frå arrangørane: Sverige 16, Finland 10, Noreg 5, Island 3 og Danmark 1 (no skal det seiast at ein danske gjekk inn i den norske delegasjonen).

Til saman vart det halde 206 foredrag fordelte på desse delemna: 1. Allment om namn, 2. Stadnamn, 3. Personnamn, 4. Gatenamn o.l., 4. Litterær namnegransking.

Frå norsk hald vart desse foredraga haldne:

*Peder Gammeltoft*: Spatial focus or onomastic focus? An unsolved problem in digital onomastics [Fokus på terreng eller namn? Eit uløyst problem innan digital namnegransking].

*Kaisa Rautio Helander*: The relationship between North Saami settlement names and cultural cognition as an example of cultural onomastics [Kulturelt innhald i nordsamiske bustadnamn].

*Botolv Helleland*: Municipal and regional reform in Norway. The naming process [Kommune- og regionreforma i Noreg. Namngjevingsprosessen].

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## ONOMA 53–55

Det internasjonale tidsskriftet ONOMA, utgjeve av ICOS (International Council of Onomastic Sciences) har kome ut med tre nye årgangar sidan førre nummer av *Nytt om namn*.

Nr. 53 (2018, 124 sider) har litterær onomastikk, med særleg vekt på teori, som hovudtema. Denne årgangen er redigert av Oliviu Felecan. Hovudredaktøren for ONOMA, Richard Coates, og Martyna Katarzyna Gibka gjev fyrst i eit felles bidrag ei kort innføring i litterær onomastisk teori. Deretter fylgjer Coates opp med ein større artikkel om korleis litterære namn har oppstått og opnar der med fylgjande programfråsegn: «Litterær onomastikk har som mål å utforska namn og bruken av dei i litterære verk, og utover det i andre former for kunstnarleg verksemd» [mi omsetjing av denne og andre engelskspråklege titlar i heftet].

Žaneta Dvořáková deltek med ein tekst om korleis namn fungerer i litteraturen, medan den ovannemnde Martyna Katarzyna Gibka (i tillegg til den korte innleiingsartikkelen) har med to artiklar til, ein om funksjonen til namna åt personane i romanar og ein om namnebruk i tv-seriar. Ein veteran innan litterær personnamn-gransking, Volker Kohlheim, har som undertittel på sitt bidrag «A reevaluation of all values [Ei revurdering av alle verdiar]». Grant Smith, også ein røynd forskar innan litterær namnegransking, drøfter namngjeving som kunst med grunnlag i *Stormen* («The Tempest») av William Shakespeare.

Elles inneheld meldingsdelen omtalar av *Der Name in der Literatur* av Volker Kohlheim (2019), *Onomastics between sacred and profane* (Series in Language and Linguistics), redigert av Oliviu Felecan (2019), og *Literary onomastics. A theory* av Martyna Katarzyna (Gibka) (2019).

\*\*\*\*\*

I ONOMA 54 (2019, 241 sider) kjem unge namnegranskarar til orde. Det er grunn til å rosa redaksjonen av tidsskriftet for dette temavalet. I ei tid der namnefaget strevar med å halda seg oppe, ikkje minst grunna nedskjering og nedlegging av faget ved dei høgare lærestadene i mange land, er det bra at studentar og andre som ynskjer å spesialisera seg i faget, får ein arena der dei kan koma til orde.

I ein innleiande artikkel omtalar Lasse Hämäläinen (som også er redaktør for årgangen) ICOS-initiativet «Student Network and Summer School» (Studentnettverk og sommarskule). Dette nettverket skal fungera både som eit kontakt- og

samarbeidsforum for unge namnegranskarar. Dei skal òg kunna søkja om finansiell støtte til kurs og deltaking på faglege arrangement.

Til saman er det levert ti bidrag av forfattarar som stort sett er ukjende for denne kronikøren. Etter førenamna å døma står det kvinner bak heile åtte av dei. Éin artikkel er skriven av to mannlege medarbeidarar. Kan det vera at namnegransking appellerer meir til kvinner enn menn no for tida?

Fyrst ute av desse er Sara Racca som skriv om korleis ein kan utnytta eit munnleg materiale i studiet av «smånamn» i eit italiensk lokalsamfunn. Soñja Wojnarová samanliknar finske og tsjekkiske stadnamn og ser på ulikskapar knytte til klassifisering og terminologi. Wen Ge, som er den einaste eg kjenner, skriv om lokale målføretrekk i adressenamn i to vestnorske kommunar.

Dorcas Zuvalinyenga og Alan Libert tek for seg stadnamn som berarar av identitet i ein regional by i Zimbabwe medan Fatemeh Akbari ser på korleis immigrantar påverkar det lingvistiske landskapet i Wien ved namngjeving av persiske restaurantar og butikkar.

Artikkelen til Oleksandra Kuzmenko ber den heller tunge og for mange nesten uforståelege overskrifta «The role of pragmatonyms in the formation of a post-apocalyptic worldview in the role-playing video game». Eg må tilstå at eg har streva med å finna ei grei ordlegging på norsk av pragmatonym. Her har Wen Ge kome meg (og lesarane våre) i møte på pedagogisk vis:

Pragmatonym er enkelt sagt namn på produkt/varer. Oleksandra Kuzmenko granskar namn på varer, men frå ei virtuell verd, dvs. namn på virtuelle varer. Eg veit ikkje om du forstår virtuelle varer, sidan dataspel er kanskje noko framandt for deg. I dag har me masse forskjellige dataspel, t.d. rollespel. Ein kan t.d. kjøpa eit dataspel med vikingtida som emne og få leva som ein krigar. Som i det verkelege livet, treng ein å eta og drikkja i spelet for å kunne overleva, ha krefter til å slå mot andre osv. Difor finst det matvarer i spelet som ein kan ta, t.d. eple, plommer, bananar. Desse er virtuelle matvarer, sidan dei er frå eit spel, altså ei virtuell verd. Namn på desse virtuelle matvarene vil Oleksandra Kuzmenko kalla for «pragmatonym». Eit døme: Eple i spelet kan heita «Idunn sitt eple», som då er eit pragmatonym.

Elles skriv Simone Gentile ut frå ein kulturell synsvinkel om indo-iranske personnamn som er overleverte frå Mitanni (eit førkristent kongedøme i det nordlege Syria og sørvestlege Anatolia). Elisabeta Rossi tek for seg namnebruken i høgare samfunnslag i Torino i det 16. hundreåret. Deretter kan me i bidraget til Anna

Elizabete Griķe lesa om sosiokulturell innverknad på personnamn i Latvia. Ksenia Eskola og Lasse Hämmäläinen har i fellesskap skrive om førenamna til russisktalande born fødde i Finland 2000–2018.

Til slutt, litt utanfor hovudtemaet, kjem Rex Taylor med ein tekst om oppkalling i gatenamn i Languedoc i Frankrike, og kva dei har å seia for å ta vare på historiske minne og lokal patriotisme. Og på siste side kjem ICOS-veteranen Enzo Caffarello med ein kritikk av redaksjonen for ikkje å ha omtala dei framstående italienske tidsskrifta i den førre årgangen av ONOMA med litterær onomastikk som emne.

\*\*\*\*\*

Årgang 55 av tidsskriftet ONOMA er med sine 325 sider eit av det fyldigaste på fleire år. No er ikkje dette ein vanleg tidsskriftårgang, men hovudsakleg ein rapport med foredraga frå konferansen *Personal names and cultural reconstructions* [Personnamn og kulturell gjenoppbygging], halden i Helsingfors 21–23. august 2019. Det synest vera ein god praksis å publisera konferanseinnlegg i eit tidsskrift etter som det er lettare å halda oversyn over enn enkeltrapportar. Årgang 55 inneheld 15 bidrag frå konferansen.

Lasse Hämmäläinen, Jaakko Raunamaa og Johanna Virkkula gjev fyrst ei innføring i personnamn og det dei kan fortelja i eit kulturelt perspektiv. Aleksandar Loma drøfter personnamn som inneheld ord for ulv (*lupine*) og hest (*equine*) hjå indoeuropeiske folk i eit sosialt og historisk perspektiv.

Eit bidrag under signaturen Frog handlar om gudenamn som tilnamn i Finland og Karelen i mellomalderen. Caterina Saracco samanliknar personnamnsystemet hjå vandalar og islendingar i perioden frå det 9. til det 13. hundreåret og finn der både likskapar og ulikskapar, noko som tyder på kulturell kontakt. Sofie Laurine Albris skriv om dyrekunst og personnamn i jernalderen i Skandinavia og meiner å sjå at mykje av den “meningslause” variasjonen i samansette personnamn har parallellar i visuelle kunstnarlege uttrykk.

Det kjende «radarparet» innan personnamngransking, Rosa og Volker Kohlheim, tek for seg personnamnskikkar som kjelde for mentalitet i mellomalderen i det sørlege Tyskland, medan Oliver Blomqvist tek for seg tospråklege personnemne i finske kjelder frå mellomalderen. Eit historisk perspektiv legg også Darius Ivoška til grunn i sin artikkel om trendar i personnamngjeving i Prøysen i mellomalderen. Daiva Sinkevčiūtė skriv om samansette personnamn med kristent opphav i Litauen og ser der spor av både heiden og kristen kultur.



To danske bidragsytarar fylgjer så, fyrst Birgit Eggert om personnamn frå vikingtida som har overlevd til det 18. hundreåret, deretter Lars-Jakob Harding Kællerød om suffikset *-ine* som produktivt element i dansk personnamngjeving. Anna Maria Balbach drøfter i sin artikkel namn på rømde slavar i perioden 17.–19. hundreåret og nemner der *Caesar*, *Jack* og *Cuffee* som typiske døme. Eit nærståande tema ligg til grunn for Bertie Neethlings bidrag. Han tek for seg førenamn hjå etterkomarar av slavar (Coloureds) som kom til Sør-Afrika på 1600-talet, og korleis dei sidan 1994 har krev ein ny identitet ved å føra vidare gamle namngjevingstradisjonar.

Heile fire forfattarar står bak ein studie der dei spør om bulgarske personnamn framleis er uttrykk for bulgarsk identitet. Dei konkluderer med å visa til to ulike trendar: For det fyrste framstår bulgarske førenamn på nyfødde som meir internasjonale enn før. For det andre meiner dei å sjå ei vidareføring av bulgarsk identitet i namngjevingssystemet. Malka Muchnik har sett på israelske personnamn og konstaterer at bibelske namn er på veg attende. Samstundes har andre bibelske uttrykk fått innpass i namngjevinga.

Eit ikkje tematisk innlegg i årgangen er signert av Iveta Valentová. Ho diskuterer slovakisk nameterminologi, som viser seg å ha nokre avvik i høve til ICOS-lista og argumenterer for at det er viktig å samordna terminologien innan dei ein-skilde språka med ICOS-lista.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

UNGEKN

## UNGEKN OG NORDEN DIVISION

Språkrådet er ein aktiv aktør i FNs ekspertgruppe for stadnamn, UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names). UNGEGN arbeider for at alle medlemslanda skal ha eit nasjonalt organ som autoriserer stadnamn og oppmodar alle til å nytte nasjonalt standardiserte namneformer i internasjonale samanhengar. I Noreg er det Kartverket som er nasjonal namnemyndigheit og fører eit offentleg stadnamnregister.

UNGEKN er delt inn i 24 divisjonar på språkleg og/eller geografisk grunnlag. Noreg høyrer til Norden Division saman med dei andre nordiske landa. Kultur-

departementet oppmoda Språkrådet til å ta over leiarvervet i Norden Division i 2017. Sidan då har Noreg hatt leiinga for divisjonen, med Ingvil Nordland (Språkrådet) som leiar og Peder Gammeltoft (Universitetet i Bergen) som nest-leiar.

Frå 2021er Emily Lethbridge frå Island òg med i leiargruppa. Leiinga har ansvaret for mellom anna å kalle inn til divisjonsmøte og for å koordinere arbeidet med å skrive divisjonsrapportar. Eit uttalt ønskje frå UNGEGN etter plenums-møtet i mai 2021 er at UNGEGN skal ha ei større rolle i organisasjonen. Før kvar sesjon leverer alle nasjonar, divisjonar og arbeidsgrupper rapportar om arbeidet som er gjort sidan førre møte i UNGEGN.

Det er Språkrådet, Kartverket, Sametinget og éin person frå eit universitet som til vanleg utgjer Noregs delegasjon til plenums-møta som blir haldne annakvart år. Deltaking på desse møta er finansiert over budsjetta til verksemdene til deltakarane. Utanriksdepartementet peikar ut delegasjonen. Dei siste åra har plenums-møta funne stad i FNs hovudkvarter i New York, USA. I 2017, 2019 og 2021 har representanten frå Språkrådets leia delegasjonen.

Det siste møtet vart halde digitalt frå 3. til 7 mai 2021. I gjennomsnitt var 127 deltakarar frå heile verda med på møta dei fem dagane konferansen varte. I realiteten var deltakinga vesentleg større ettersom kvar nasjon berre kunne ha med to delegatar i det digitale møterommet. Dei resterande delegatane kunne følgje med på møte på FNs direktestrøymde videokanal.

I 2021 valde Noreg særskilt å trekkje fram det nye e-læringskurset om stadnamnarbeid og stadnamnlova frå Språkrådet, som vart lagd fram i ein egen rapport og munnleg framført i plenums-møte. Dette kurset har vonleg stor overføringsverdi til stadnamnarbeidet i andre land, og Noreg fekk ros for arbeidet og ideen til eit e-læringskurs. Eit gjennomgåande tema på UNGEGN-møta er at nasjonane strevar med å implementere standardiserte namneformer, trass i at det finst lover og/eller reglar om normering i mange land. Det nye e-læringskurset forklarar føremålet med den norske stadnamnlova, som er å taka vare på stadnamn som språklege kulturminne, og rettar seg til offentleg tilsette som har forvaltning av stadnamn som arbeidsfelt.

Me har over tid sett ein auke i rapportar og resolusjonar i UNGEGN som dreiar seg om stadnamn som kulturminne. Dette kjem til syne i ein ny strategisk plan som skal styra arbeidet til UNGEGN fram til 2029. Planen vart vedteken kort tid etter plenums-møtet i mai. Noreg og Norden Division har vore ein pådrivar gjennom mange år for meir fokus på stadnamn som kulturminne. Kortversjonen av strategien finst her (neste side):

[https://unstats.un.org/unsd/ungegn/documents/UNGEGN\\_A3\\_Overview\\_document\\_Digital\\_file.pdf](https://unstats.un.org/unsd/ungegn/documents/UNGEGN_A3_Overview_document_Digital_file.pdf).

### **Møte i Norden Division 9. februar 2022**

Neste møte i Norden Division skal avholdes 9. februar. Som nevnt ovenfor er divisjonene i UNGEGN tiltenkt ei større rolle i organisasjonen. Blant drøftings-sakene på sakslista er hvordan vi kan møte dette ønsket. I tillegg til å oppdatere hverandre om saker som er relevant for stedsnavnforvaltning i de nordiske landa, skal vi diskutere temaer for en workshop-serie i regi av Norden Division.

Ingvil Nordland  
ingvil.nordland@nmbu.no

## **PROSJEKTGRUPPE I KOMPETANSEOVERFØRING**

Ei prosjektgruppe bestående av Kartverket (Hege Sælid og Berit Sandnes), Same-tinget (Ardis Ronte Eriksen), Universitetet i Bergen (Peder Gammeltoft) og Språkrådet (Ingvil Nordland) jobber med kompetanseoverføring på stedsnavn-feltet.

Grunnideen er å filme foredrag med kjente norske navnegranskere. Målgruppa er først og fremst de som forvalter stedsnavnloven i Kartverket, Språkrådet, kom-munene og andre organ som har plikter etter loven. Dessuten tenker vi at materi-alet kan brukes i undervisningssammenheng på ulike nivåer fra og med videre-gående skole, samt være av interesse for andre, f.eks. lokalhistorikere. Det er et mål å dekke samiske, norske og kvenske navn.

Prosjektet er foreløpig bare på planleggingsstadiet, men det kan være aktuelt å gjøre de første innspillingene allerede inneværende semester.

Ingvil Nordland  
ingvil.nordland@nmbu.no

## MINNEORD

**MARGIT HARSSON 1943–2021**

Margit på kontoret i Seksjon for namnegransking. Foto: Bjørn Geirr Harsson

Margit Harsson døydde 3. juni 2021, berre få dagar før ho ville ha fylt 78 år. Med henne har eit uvanleg fint og kjært menneske gått frå oss.

Margit vart fødd i Ål i Hallingdal og voks opp på garden Oppsata. Ho tok artium på Voss gymnas på norrønlina i 1962. Deretter gjekk ho lærarskulen i Oslo. Etter ei tid som lærar og småbarnsmor byrja ho på Universitetet i Oslo, der ho tok faga etnologi og nordisk, det siste som hovudfag, fullført i 1982. Emnet for hovudfagsoppgåva var stadnamn frå Hole på Ringerike, der ho hadde busett seg med ektemannen Bjørn Geirr Harsson.

Stadnamngransking skulle då òg verta yrkesvegen til Margit. I 1983 vart ho tilsett som amanuensisvikar ved Institutt for namnegransking. Ho vart fast tilsett som amanuensis i 1989, med opprykk til fyrstemanuensis i 2006.

Den fyrste faglege artikkelen hennar var om edb og stadnamn. Dette var i starten på denne nye teknologien i dette faget, og ho nytta edb-kunnskapen sin fullt ut i arbeidet med dataregistrering av namnesamlingane. Eitt av dei fyrste arbeida var ein fylkesbasert katalog over samlingane i arkivet, i samarbeid med

Gunhild Birkeland. Margit bygde òg opp ein database over meir enn 3000 særtrykk av vitskapelege artiklar, samt eit register over kjeldeutgåver.

Margit deltok på alle plan i arbeidet som tilsett ved instituttet: arkivarbeid, innsamling, undervisning og forskning. Ho deltok som førelesar på konferansar og lokale stadnamnkurs og var elles aktiv som føredragshaldar mange stader. Ho var ein framifrå pedagog og formidlar, ein omsorgsfull rettleiar og eksaminator. I tillegg til eit stort tal artiklar har ho gjeve ut eit leksikon over norske *rud*-namn på heile 950 sider. For dette vart ho tildelt ein forskingspris frå Kungl. Gustav Adolfs Akademien i Sverige.

Den største delen av den namnefaglege verksemda hennar gjekk likevel med til utgjeving av *Bustadnavn i Østfold*, saman med Tom Schmidt. Margit gav ut seks av dei tjue banda i serien: nr. 2: *Skiptvet* (1997, revidert utgåve 2013), nr. 4: *Spydeberg* (2001), nr. 6: *Askim* (2005), nr. 8: *Idd* (2008), nr. 10: *Aremark* (2012) og nr. 12: *Rødenes og Rømskog* (2014).

I tillegg til den omfattande namnefaglege produksjonen og arbeidet med å byggja opp arkivet var ho aktiv på mange frontar i lokalmiljøet i Hole. Ho stod i spissen for å stifta Hole historielag og var leiar i laget i fleire år. Og ho skreiv historiske og namnefaglege artiklar i *Ringerikes Blad* og i det lokalhistoriske skriftet *Heftet Ringerike*. Eit anna viktig lokalhistorisk bidrag frå hennar hand er *Skolehistorie for Hole til 1940*. Ho gav òg ut ei bok om storgarden *Stein* (2000). Saman med historielaget i Hole starta ho Jørgen Moe-komiteen. Hovudmålet var å samla og registrera alt materiale av og om Jørgen Moe.

Veneskriftet til 70-årsdagen hennar med tittelen *Målblomar til Margit* har med ein bibliografi på 109 titlar frå hennar hand. Bibliografien viser omfanget og det vide spennet i Margit sin namnefaglege og lokalhistoriske produksjon.

Margit Harsson gjekk av for aldersgrensa i 2013, men heldt fram som fagleg ressursperson og lokalhistorikar til det siste. Ho er sakna fyrst og fremst av ekte mannen Bjørn Geirr og familien elles, men òg av dei mange som har nytt godt av hennar mangesidige faglege arbeid og personlege godhug.

Det er med vemod desse linene er skrivne. Også sidan me begge kunne feira fødselsdagane våre den niande juni.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## ANFINNUR JOHANSEN 1953–2021

Mandag den 10. januar 2022 kom den triste besked, at Anfinnur Johansen efter en tids sygdom var død, 68 år gammel.

Anfinnur var født i 1953 og opvokset i Skála, Eysturoy, på Færøerne. Han blev uddannet som mag.art. i nordisk filologi fra Københavns Universitet i 1990 med specialet “Færøsk personnavneskik gennem 450 år. Mandsnavne på Eysturoy i tiden ca. 1540-1982.”



Anfinnur var ansat som sprogforsker og ordbogsredaktør ved Føroyamálsdeildin (Institut for færøsk sprog og litteratur) på Fróðskaparsetur Føroya, i perioden 1990-1997 i forbindelse med udgivelsen af modersmålsordbogen *Føroysk orðabók*. I 1998 blev han ansat som adjunkt ved Føroyamálsdeildin og fra 2001 som lektor samme sted. Hans akademiske liv var kendetegnet af en stor interesse for alle aspekter inden for færøsk sprog. Hans undervisning drejede sig hovedsagelig om norrønt sprog og personnavne. Den store interesse for navneforskning og især færøske personnavne og personnavnetraditioner formidlede han videre til sine studenter på Føroyamálsdeildin ved adskillige kurser i personnavne og andre aspekter inden for navneforskning. Han var vellidt underviser, hvad enten det drejede sig om eddakvad, norrøne bøjninger eller navneforskning.

I forbindelse med Anfinnurs 60 år fødselsdag fejrede kolleger og venner ham med udgivelse af festskriftet *Frá Sturlungu til West Venture* (2013). Han var med i redaktioner i forbindelse med udgivelser af adskillige festskrifter på Føroya-

málsdeildin. I studietiden redigerede Anfinnur sammen med Jógvan í Lon Jacobsen værket *J.H.O. Djurhuus Yrkingar 1898-1948* med kommentarer af Chr. Matras (1988), og blandt mange andre udgivelser sidenhen var Anfinnur redaktør ved udgivelserne af Jóhan Hendrik W. Poulsen: *Orðabókin* (2009) og Nicolina J. Beder: *Seyður – Ull – Tøting* (2010) sammen med Nicolina J. Beder. Sammen med andre færøske sprogforskere var Anfinnur med til at starte og en af redaktørerne af det sproglige tidsskrift *Málting* (1991-2001).

Anfinnur bestred posten som formand for Navnanevndin (det færøske personnavneudvalg) i 30 år - helt fra den færøske navnelovs vedtagelse i 1992. Anfinnur var en stor kapacitet på området og påtog sig arbejdet med personnavne med grundighed.

I forbindelse med sit arbejde som navneforsker blev Anfinnur i 1994 færøsk repræsentant i NORNAs bestyrelse.

Anfinnur bestred mange udvalgsposter. Bl.a. blev han i 2011 medlem af udvalget for Orðabókagrunnurin (Fondet for ordbogsudgivelser), medlem af Málráðið (Færøsk sprogråd) årene 2013-2021, medlem af Staðarnavnanevndin (det færøske stednavneudvalg) siden 2015 og siden 2013 medlem af udvalget for Føroyskt kirkjumál (Færøsk kirkesprog, der står for den færøske folkekirkes udgivelser).

Anfinnur Johansen savnes af sine kolleger og venner i det faglige miljø på Færøerne. Vi sender vores varmeste tanker til Anfinnurs familie og nærmeste.

Kristin Marjun Magnussen  
kristin@malrad.fo


## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

### **DANSK NAVNELEKSIKON. ET NYT DANSK ONLINE PERSONNAVNELEKSIKON**

Den 14. februar 2022 lanceredes *Dansk Navneleksikon* på websiden ordnet.dk som indeholder flere af de vigtigste ordbøger over dansk sprog. Den første udgave af leksikonet inkluderer data om betydning og oprindelse for de hyppigste fornavne i Danmark i dag, og det skal efter planen forøges løbende med årlige opdateringer.

Leksikonet er redigeret af Lars-Jakob Harding Kællerød, Bo Nissen Knudsen, Michael Lerche Nielsen og Birgit Eggert (hovedredaktør). Vores mål med første udgave var at inkludere fornavne som er relevante for så stor en del af den nutidige danske befolkning som muligt, men det var også vigtigt for os at den første udgave skulle danne et solidt grundlag at bygge videre på til senere udgaver. Derfor blev udgangspunktet de hyppigste fornavne i databasen *Danskernes Navne* med navnedata for hele den danske befolkning i 2005. Korpus kom til at indeholde de 1000 hyppigste kvindenavne og de 1000 hyppigste mandnavne i databasen. Forskellige stavevarianter er i dette korpus på 2000 navne talt med hver især, og under arbejdet er relevante varianter inkluderet, ligesom enkelte navne uden for korpus er taget med for at kunne udfylde relationerne i navnenes ”stamtræer”. Det har resulteret i at leksikonet indeholder godt 3000 opslag i sin første udgave.

Leksikonets struktur er organiseret sådan at relationerne mellem navne og navneformer bruges til at forenkle redaktionsarbejdet og til at fremhæve de sammenhænge der er mellem mange navne. Stamnavne er det centrale element til forklaringen af navnenes betydning og oprindelse, og de er øverst i leksikonets hierarki. Ved navne som relaterer til stamnavne, forklares betydning og oprindelse derfor ikke, men der vises tilbage til stamnavnets forklaring.



Stamtræ over alle navne i Dansk Navneleksikon som er relaterede til stamnavnet *Mechthild*. Leksikonets stamtræer er mere simple, men alle navnene er klikbare så der er en hurtig adgang til de relaterede navne. (Figur af Bo Nissen Knudsen)



Et navns relationer er beskrevet øverst i opslaget og viser tilbage til et stamnavn gennem et eller flere led som det ses i eksemplet med *Thilde* nedenfor. Samtidig trækkes det vigtigste af forklaringen af stamnavnet *Mechthild* ind i *Thilde*-opslaget, og man kan klikke videre til dette og få den fulde forklaring af *Mechthild*.

**Thilde** *kvindenavn*

NAVNET ER EN STAVEVARIANT AF Tilde

SOM ER EN KÆLEFORM AF Mathilde

SOM ER EN DANSK VARIANT AF Mathilda

SOM ER EN DANNELSE TIL Mechthild

Alle opslag er tildelt en eller flere egenskaber ved netop det navn som opslaget gælder. Egenskaberne kan betegne navnets dannelsesmåde, semantisk kategori, kulturel og sproglig oprindelse m.m. Det er eksempelvis ”kæleform”, ”dyrebetegnelse”, ”helgennavn”, ”arabisk navn”, ”polsk form” og mange flere. Formålet med at tilføje disse egenskaber er både at tildele nuancerede oplysninger til de enkelte opslag uden tilføjelse af en forklarende tekst og at kunne trække navne med samme egenskab ud til videnskabelige undersøgelser og andre formål. På leksikonsitet findes en side med lister over samtlige egenskaber hvor de navne i leksikonet som har den enkelte egenskab, er samlet. Ligeledes findes en side med en oversigt over samtlige stamnavne i leksikonet, og dermed har alle interesserede en hurtig adgang til forskellige navnegrupper som kan bruges til yderligere undersøgelse eller andre formål.

Dansk Navneleksikon findes på webadressen [ordnet.dk/dnl](http://ordnet.dk/dnl)

Det er lanceret den 14. januar 2022, men blev tilgængeliggjort i december 2021 og har derfor publiceringsåret 2021.

Birgit Eggert  
 beggert@hum.ku.dk  
 Bo Nissen Knudsen  
 nissen@hum.ku.dk

## ELVA FLOKOA OVANFOR VINGROM

*Flokoa* heiter ei sideelv til Rinna, som renn ut i Mjøsa ved Vingrom sørvest for Lillehammer. Begge *o*-ane i namnet har trong uttale, som i *sol*. Så vidt eg kan sjå i litteraturen, er namnet uforklart. Namnet står som *Floka* på norgeskart.no. Det er ei uheldig normering, for ho kamuflerer at det er ei gammal jamvektsform, som *furua* eller *hosoa*. Det må tolkinga av namnet ta utgangspunkt i.



Flokoa. Foto: Eldar Heide

I dialektane på Austlandet har dei fleste hokjønnsorda fått endevokalen svekt til *e* i ubunden form, som i ei *vise* og ei *kiste*, gammalnorsk ei *vīsa*, ei *kista*. Men ein del har bevart fullvokalen frå den gammalnorske oblike forma, t.d. ei *furua* og ei *hosoa*. Det er dei såkalla jamvektsorda, dei som på gammalnorsk hadde både kort vokal og kort konsonant i rotstavinga. I slike ord vart det meir «futt» att til å uttala endevokalen, slik at han ikkje vart svekt. Innanfor denne gruppa igjen har somme ord endinga *-u*, andre *-o*. Det er ein arv frå den gammalnorske vokalharmonien, som store delar av landet hadde. Moderne finsk har vokalharmoni, men meir konsekvent gjennomført enn det ser ut til at det var i gammalnorsk. På finsk heiter det t.d. *Turussa* 'i Åbo/Turku', men *Jyväskylä* 'i Jyväskylä'. Det avgjer-

ande er om vokalen føre endinga er fremre eller bakre (men kva som fungerte som bakre og fremre vokal var annleis på gammalnorsk enn på finsk).

På Austlandet heiter det tradisjonelt ei *smiu* og ei *furu*, med *-u* etter gammalnorsk /i/ og /u/ (den gong uttala som t.d. <sol> i dag, med lydskrift /u/), fordi /i/ og /u/ er fremre vokalar – men ei *hoso*, ei *boso* ‘liggeplass, leie, bol’, ei *roko* ‘skuffel’. Skilnaden kom av at dei sistnemnde orda hadde bakre rotvokal, nemleg /o/ (som i dagens uttale av <båt>), i det siste ordet /e/. Og /o/ og /e/ er bakre vokalar sett i høve til /i/ og /u/. Ei *roko* kjem av gammalnorsk *reko*, som det heitte i oblike kasus (ikkje-nominativ); nominativ *reka*. Overgangen *reko* > *roko* har skjedd etter gammalnorsk tid, og er eit døme på jamning, altså tendensen til å gjera rotvokal og endevokal i jamvektsord meir like eller heilt like. Denne tendensen er nettopp ein tendens, og er sterkare innover i landet enn i utkanten av jamvektsområdet i sør.

På same vis som *roko* kjem av *reko*, kan *Floko-* koma av \**Fleko* (artikkelen *-a* er då lagd til etter gammalnorsk), som i nominativ ville ha vore \**Fleka*. Dette kunne i så fall vore ei hokjønnsdanning til det gammalnorske hankjønnsordet som vi i den norrøne normalen skriv *fleki*, basert på gammalislandsk, som ikkje hadde vokalharmoni. På gammalnorsk i mesteparten av landet ville det heit ein *fleke* (men ein *rиси*). Ei konkurrerande form av ordet var *flaki* (*flake* i vokalharmonimål), som formelt svarar til *flake* (hankjønn) i moderne norsk.

*Fleki* / *flaki* tydde på gammalnorsk mykje det same som på moderne norsk. *Norrøn ordbok* (2008) forklarar det som «flat bru av stokkar og fjøler til å leggje i veg over myrar» og «flatt tak el. skjerm av ved, tæger, kvister o.l. til vern mot våpen og steinkast». *Flake* blir av *Norsk ordbok* (bd. 2) m.a. forklart som «luke, lem, plate vanl[egvis] av samanspikra fjøler nytta til dekke, underlag el stengsle», «slik lem til å leggja over lasta (fangsta) på eit (fiske)farty», «eit slag laus, flyttbar grind», «lag av fjøler el stokkar t d under bygningar (serl på vått lende) [...], i ei bru [...], el over blaute hol i veg eller myr», «spileverk, grind nytta som vedheng til fiskereiskapen sløe» - som er «fiskereiskap som stengjer heilt el delvis ei elv og fangar fisken som kjem nedover med straumen».

Dette høver godt på Flokoa. Det mest spesielle med elva er fossen *Flokofallet*, som er den høgste i Lillehammer kommune, med 32 m. Fossen er eit populært turmål. Det er skilta sti frå bilvegen og inn, og på internett er det mengdevis med bilete og omtalar av Flokofallet. Det spesielle med fossen, i tillegg til høgda, er berget bak og på sidene. Det er markant lagdelt, slik at det liknar ein ståande flake av bord eller stokkar, sjå biletet. Dermed verkar det rimeleg å rekonstruere

gammalnorsk form av *Flokoa* som *\*Fleka / Fleko* og å tolke namnet som ‘flake-elva’.

Eldar Heide  
eldar.heide@hvl.no

## BUSTADNAVN I ØSTFOLD – TERRENGNAVN UTENFOR ØSTFOLD

Det norske navnegranskermiljøet har i år opplevd en begivenhet av de aller største. Kåre Hoels verk *Bustadnavn i Østfold* er endelig fullført. Nå i sommer kom det 20. og siste bindet «Rakkestad» fra trykkeriet. Fram til og med bind 12 var det Tom Schmidt og Margit Harsson som vekselvis stod for utgivelsene av de enkelte bind. Etter det overtok Tom Schmidt dette arbeidet fullt og helt, og han har altså nå brakt de siste åtte bind i serien trygt og godt i havn.

Dette er et verk enhver med spesiell interesse for stedsnavnlitteratur bør unne seg. For selv om temaet er navn på bosteder, har en meget stor andel av navnene opphav som terrengnavn. Så i dette verket finner vi grundige analyser av nær sagt alle typer av stedsnavn. *Bustadnavn i Østfold* er et verk av største verdi for alle som søker kunnskap om navnene i landskapet mer allment.

Mange stedsnavn er vanskelige å tolke, selv om de kan være gjennomsluttede i ordinnholdet. Det som er avgjørende, er om det kan påvises et mønster som går igjen i flere navn, og om det finnes bevart tradisjon om opprinnelsen. Et godt resultat er derfor avhengig av at en har undersøkt store navnesamlinger både i og utenfor Østfold. For å lykkes har solide fagkunnskaper og erfaringer nesten alt å si. Men noen ganger er en også avhengig av å ha gjort de rette funn. Så ut over fagkompetansen kommer en faktor i tillegg, og det er en aldri så liten dose tilfeldig flaks. Virker resultatet overbevisende? I høyeste grad! Ingen kunne ha gjort det bedre – er jeg tilbøyelig til å påstå. Kåre Hoel og etterfølgerne Margit Harsson og Tom Schmidt viser til fulle imponerende fagkunnskap, gjennomført nøyaktighet og sikker behandling av navnestoffet, også slik at usikre navnetolkninger, som det er mange av, er utført på en innsiktsfull og forbilledlig balansert måte. Bøkene er dessuten utstyrt med gode registre. I drøftingene blir navnefunn utenfor Østfold ofte trukket inn for å få navnet best mulig belyst. Bare en sjelden gang har jeg kommet over navn i bøkene der jeg kjenner til paralleller utenfor Østfold som kunne bidra til å belyse navnet bedre. Noen ganske få slike navnetilfeller, som jeg synes er litt interessante, vil jeg gi kommentarer til her.

### *Kvasten*

Kvasten er et bostedsnavn i Skjeberg (Bd. 15, s. 25) som må være bf. av *kvast* m. 'kost, bunt av blomster eller løvkvister, tett klase av bær'. I forsiktige vendinger har Kåre Hoel framsatt en fantasifull gjetning på at navnet kan være uttrykk for «tett samling av hus». Utgiveren Tom Schmidt har liten tro på den forklaringen, og tenker seg alternativt Kvasten som et tilnavn, kanskje om en person som lagde koster. Funn utenfor Østfold viser at Kvasten forekommer som terrengnavn. Samme ordinnhold må vi ha i *Kvåsten* (også skrevet *Kvosten*), som er en rund høyde, kolle, i utmarka til garden Drangsholt i Tveit i Vest-Agder; og *Kvåsten*, en rund kolle i utmarka til garden Vestre Mollestad i Birkenes i Aust-Agder (Haslum 1996, jf. SSR). Opphavet skulle jeg tro ligger i at det på disse høydene er, eller har vært, ei klynge med tettsittende trær som på avstand har sett ut som en kvast.

### *Flisebråten, Flishaugen og andre navn på Flis-*

Bostedsnavn på *Flis-* er funnet flere steder i Østfold (Bd. 19 Eidsberg, s. 519; Bd. 20 Rakkestad, s. 334, 372, 399). Forleddet må være *flis* f. = 'liten splint av tre eller spon'. Noen nærmere forklaring har ikke Hoel gitt på disse navnene, men utgiverne antar at de går tilbake på flis fra hogst eller saging. Det finnes jo ulike typer flis: spikkeflis, telgjeflis og sagflis. Men ellers er det slik, mange steder i alle fall, at de lange og store flis-stykkene som er typisk fra sagbruksvirksomhet, blir betegnet som *hun* eller *hon*.

Utenfor Østfold har vi flere steder navn på *Flis-* der tradisjon om opphavet er bevart. I Birkenes, Aust-Agder, er det funnet to steder med navnet *Fliseplassen*, og i Skåtøy, Telemark, et navn *Flistråkka* (Haslum 2004:216). I alle tre tilfellene gir informantene den samme forklaringen, at navnene skriver seg fra hustømring. Det er plasser der det ble kasta flis fra telgjing av hustømmer. Om *Flisebakken*, Hjartdal, Telemark, skriver Åsne Slaattelid: «Bakken der dei skanta av borken på bruksstokkane. Flisebakken ligg i utmarka, ovanfor husa» (Slaattelid 1977:65).

En annen forklaring kan i enkelte navn være 'flis fra transport av trevirke', muligens i *Fliseskådet*, Birkenes, Aust-Agder (egen registrering) og *Flisveien*, Kjøse, Vestfold – «hestevei der det er hogd ut tømmer» (Helleland 2008:123). I Søndeled, Risør kommune, Aust-Agder er det notert flere navn på *Flis-*. Til et nokså nytt navn *Flisbakken* er det opplyst: «mye flis etter hogging» og *Fliseidet* «stableplass for tømmer» (hustømmer?). I de to siste eksemplene er forklaringen mer upresis, men også her kan det dreie seg om telgjeflis. Til et navn *Flishanen*

er det opplyst: «teljeplass. Plass der det ble teljet tømre og reisverk» (Søndeled og Risør historielag 2017:351).

Når laftestokkene ble telgjet med spesiell øks for å få rette sideender, måtte det hogges av store mengder med flis. Dette flis-avfallet ble gjerne kjørt vekk til egnet sted og dumpet i svære hauger. Flis etter hustømring ser ut til å være den vanlige navngivningsgrunnen for stedsnavn sammensatt med *Flis-*.

### *Snurreløkka*

Snurreløkka forekommer i Borge på et sted som også er nevnt som *Snurren* (Bd. 14, s. 66). Som forklaring skriver Hoel: «Det er vanskelig å tenke seg dette i annen betydning enn som et persontilnavn». Et argument for en slik tolkning er at personnavn forekommer i mange navn i området, blant annet Pålølukka like ved. Et terrengbeskrivende opphav bør likevel ikke utelukkes her. På Haslum i Skåtøy, Kragerø kommune, Telemark, der jeg er svært godt kjent, er den eldste delen av innmarka oppdelt i mange små teiger som har sine navn, og en av disse har det særegne navnet *Snurrvoll* (Haslum 2004:117, 123). Noe personnavnforledd virker her lite sannsynlig; teigene i denne svært gamle innmarka er stort sett sammensetninger av typen appellativ + grunnord. Helst har jeg trodd at forleddet kunne ha sammenheng med verbet *å snurre* 'svinge, dreie, svive rundt'. Snurrvoll er sterkt svingete og smal, og ligger i en sørvendt bakke; øvre delen har form nesten som en ring som det er gått et stykke av, det kan minne om en orm som er nær ved å bite seg i enden, men slik at det er tydelig høydeforskjell mellom den øvre og den nedre delen.

### *Lønnfis-problemet*

Noen ganger kommer en over navn som virker ganske enestående. Et slikt et er *Lønnfis* (Bind 4 Spydeberg, s. 102). Det blir opplyst at *Lønnfis* uttales som det skrives, med kort *ø* og lang *i* og tostavings tonelag. De to eldste belegg er «Lønfiis» 1755 og «Lønfis» 1757. Om navnet skriver Hoel: «Av substantivet *lønn*, nå bare brukt i uttrykket *lønn* 'i det skjulte', og *fis* m 'utgående tarmgass, fjert' [...]. *Lønnfis* er kanskje et opphavlig persontilnavn.» Noen nærmere forklaring er ikke gitt fra Hoels side, men utgiveren Margit Harsson har en tilleggs-kommentar som er verd å merke seg: «Det er også mulig å tenke seg *\*lønnfis* som et sammensatt appellativ, brukt om en lydløs fjert».

Et slikt ord trenger ikke å ha vært noen personbetegnelse. Lydløse fjerter har vi nemlig også ute i naturen. Noe som kjennetegner skogene i Østfold, er store forekomster av stanksopp. Det har jeg erfart selv, da jeg i unge år trasket rundt i de

mørke Østfoldskogene. Denne stanksoppen vokser ofte ved skyggefulle grasvoller i tilknytning til granskog, og som kan passe til et sted som Lønnfis, eller «Bjørkebakke» – som er bostedets offisielle navn. Selve soppen er ikke alltid like lett å få øye på, men stanken fra soppen merkes svært så godt, som illeluktende fis fra det skjulte.

Flere ting kan tale for at *Lønnfis* er et opphavlig terrengnavn, altså at dette navnet er eldre enn bostedet. Ikke bare det at uttrykket i seg selv kan være en treffende lokalitetsbeskrivelse. Til et navn som Lønnfis vil det danne seg konnotasjoner som gjør det lett å huske, og dermed heller ikke så enkelt å bli kvitt, om de som bosatte seg der skulle ønske det.

Kanskje denne stanksoppen også kunne ligge til grunn for enkelte navn med fis og fjert, som f.eks. *Fisås* i Våler, *Fisaren* og *Fjert* i Eidsberg og *Fisefrøne* i Rakkestad. Noe som hadde vært interessant å få greie på, er om det finnes naturlokaliteter eller teiger i Østfold med liknende navn.

Å finne fram til de rette navnetolkningene er som sagt av og til forbundet med litt flaks. Med *Lønnfis* hadde ikke utgiverne den flaksen de gjerne skulle ha hatt, og som jeg også gjerne skulle ha hatt. Så her kom vi alle til kort. Det er i grunnen litt ergerlig, selv om jeg altså mener å ha funnet en navngivningsgrunn det skulle være fullt mulig å tenke seg. Og når ideen nå er brakt ut til en stor skare av lesere med interesse for navn, hvem vet? Kanskje kan det finnes noen der ute som kjenner til liknende navneeksempler og opplysninger, og som framskaffer bedre og sikrere holdepunkter for navngivningen enn det som er oppnådd her.

### Litteraturliste

- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold*. Utgitt av Margit Harsson og Tom Schmidt. Bind 4, 14, 15, 19, 20. Oslo.
- Haslum, Vidar. 1996. *Stadnamn i Birkenes kykjesokn. Ein grammatisk og semantisk analyse*. [Utrykt hovedoppgave] Bergen.
- Haslum, Vidar. 2004. *Stedsnavn fra Levangsheia*. Bergen.
- Helleland, Botolv (red.). 2008. *Stedsnavn i Kjose*. Oslo.
- Slaattelid, Åsne. 1977. *Stadnamn frå Hjartdal*. [Utrykt hovedoppgave]. Bergen.
- SSR = Sentralt stedsnavnregister. Statens kartverk.
- Sønedeled og Risør historielag. 2017. *Stedsnavn i Risør kommune*. Risør.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uia.no

## SLØVRA

Gnr. 26 i Hadsel kommune ber namnet *Sløvra* [ˈsløvra], med tostavings tonem (men ikkje heilt støtt). Namnet har rimelegvis norsk opphav. Merknadene i NG lyder: «Ligger ved en Aas Udløb i Sløverfjorden. Sandsynlig egentlig et Elvenavn \**Slufr*, som ogsaa har efterladt sig Spor i nogle sammensatte Stedsnavne». Det blir òg vist til *Norske Elvenavne* s. 234 «hvor det formodes, at Elvenavnet betyder «den slubrende» (NG 16:359). Spora Rygh er inne på, går i første rekke på *Slørdalen* i Hemne (Orkland) og på *Slørstad* i Akershus, med mellomnorske skriveformer *af Slafradale, Slauerdal, i Slaufrastaudum*: Eit primært elvenamn *Slofr* el. \**Slufr* er fullt tenkeleg i desse tilfella, men kva er det konkrete innhald i «den slubrende»?

Det er lett å bli tvilande i møte med Ryghs systematiske søk etter elvenamn når han vil tyde gardsnamn i Vesterålen og Lofoten, men i Sløvra sitt tilfelle er nok skepsisen ugrunna: Elva i Sløvra renn ut frå ei urd i fjellsida (eit gammalt ras) og breier seg ut over eit skrånande flog. Ein kan seie at ho «slørrar» utover, eit ord som iblant blir nytta om slike situasjonar. Sikkert er iallfall at ho gir lyd frå seg, eit sterkt sus, så helst var namnet lydhermande (onomatopoetisk). Ein klar parallell er elvenamnet *Slufsa*, gen. *Sluvs*, av Qvigstad registrert som samisk namn på bruket Maken i Tromsøsund hd. (Qv 1935: 69), men der med sørlegare ånamn-parallellar som *Slufsa* i Tafjord, *Slufsa* lik *Slufså* i Norddal og *Slufsedøla* i Årdal: Det lydhermande å *slufse* [ˈsløfse] «plaske; slurpe» vil mange kjenne att.

I Sløvra sitt tilfelle ymsar skriveformene litt: Sluffrenn (og Shiffrenn<sup>2??</sup>) 1567, men Slubøen 1610, Sluberøenn(!) 1614, Slobren 1647 og 1661, Sluboren 1698 (introd.), Slobren 1723, Sløvern 1754 (dåp), Sløvern 1813 (konf.) og 1815-16 (dåp), derimot Sløveren 1817 (koppevaks.). Interessant på litt anna vis er også meldingar i «Vesterålens Avis» år 1910 om tvangsauksjon over same gard, som 26. juni er kalla Sløvra, 1. juli Sløvren, men 30. des. atter Sløvra. Vi aner at det er i ferd med å vekse fram større aksept for målførerett norsk namneform. Meir påfallande er overgangen frå Sluffrenn 1567 til Slub-, Slob- på 1600-talet og så omsnu frå Slobren 1723 til Sløvern 1754. Lydproporsjonen minner tydeleg nok om den vi har i gno. *lifr* (organet «lever») kontra samisk låneform *lib're, leb're*, for berre å ta eitt døme.

Kunne noko anna enn elva ha gitt namn til garden Sløvra? Det var sterk straum i Årnøysundet før, der var aldri islagt. På Sløverfjorden lå isen vanlegvis ut til Sløvra, men då vegvesenet bygde Sløvvertunnelen, stengte dei mest heile sundet

---

<sup>2</sup>Håløygminne 1939 s. 394.



då dei bygde brua over til Årnøya. Straumen i sundet er sterkt redusert, fjorden er langt mindre rein, og både Årnøystraumen og Sløverfjorden no islagt i frost-periodar, ofte heilt ut til Floktsundet. Det fortel Oddmund Vilhelm Rasmussen, ca. 80 år gl. fiskar frå Sløvra, som likevel meiner at garden har namn av elva.

Opplysningane om straumen fell det naturleg å samanlikne med nords. *šluppar* (*šlubbar*, akkusativ *šlubbara*) om «sted i elv, hvor strømhvirvler fra forskjellige kanter møtes», i fleirtal «uregelmessige bølgeskvulp som oppstår ved at strømhvirvler fra forskjellige kanter møtes». – Såleis etter Konrad Nielsen, Lappisk (samisk) ordbok b. 3: 657. Interessant er også verbet *šluppardit* «boble, putre» (om grautgryte), men også: det å prate tull (jf. Bø-mål: «det va berre bubbel»). Det slår ein at der NG har ei lauseleg namnetolking, framstår den nordsamiske meir presis. Ho kan truleg også vere relevant for elva som sprutar utover floget.

*Sløvra* med tonelag 2 kunne vel vere fornorsking av ei eldre samisk namneform knytt til elva, evt. straumen – studer 1600-talsformene! Det talar neppe imot at sjølv gardsnamnet i nyare tid er notert med samisk uttaleform *Slurvē*, flt. (Qv 1938: 201): Merk at gno. *hafr* «bukke» fanst i variantane *habra* og *habres* i sørsamisk, *hábres* i lulesamisk og *hábris* i Tysfjorden og Hamarøy, men i Ofoten og lenger nord også *harves* (Lehnw. 190). Vi kan også ta med eit anna stadnamnelement, gno. *gavl* «gavl», i sam. låneform *gab'lē*, men omkasta i *Gal'vē* som samisk namn på *Gavlen = Andgavlen* (Lehnw. 158, Qv 1938: 202).

Rygh sette som nemnt gardsnamnet *Sløvra* i bås med *Slørdalen* m.fl., kan hende med rette. Merk at garden er kalla *Sluffrenn*<sup>3</sup> i 1567, det kan innebere at namnet også i dette tilfellet er norsk. Men når vi ser på skriveformene av gardsnamnet *Sløvra* frå 1600-åra (Sluberøen o.l.), får vi samstundes grunn til å nemne dalen eller snarare kløfta *Šluppargorsa* i Porsanger (med Nielsens ortografi *Šlubbar-*), tett ved bratte fall i ei lita elv som lenger ned tar opp bekken *Saltánjohka*.

Når alt kjem til alt, er det germanske språk og ikkje samiske som har ordformer som skrensar innpå dei gamle skriftlege formene av gardsnamnet. Her kan bl.a. nemnast eng. *slobber* «slevje» (både nomen og verb), nederl. *slobberen* «sikle» og nederty. *slubbern* «slurpe i seg, slikke opp». I tillegg finst eit arsenal av ord med liknande tydingar (Torp, *slubba*). Orda slurpe og slufse har ei lydleg side!

Sam. *suolu* blir normalt omsett med «øy», men ofte blir «holme» like dekkande (Qv. 829): Tett utanfor garden Sløvra ligg *Sløverholman*, éin ganske liten og den andre stor. Gardsnamn-formene *Slubøen* år 1610 og *Sluberøen* 1614

<sup>3</sup> Jf. kanskje også Slufferøya, ein låg holme i Nærøysund med ei trong renne i nordenden.

kunne vere meir enn slump, for i sms. namn med sisteledd *-øya* skjer iblant uttalereduksjon slik at berre hokjønnsartikkelen *-a* står att, men lokalt er der ingen tradisjon om busetnad på desse holmane. Derimot er der på fjordsida av den største noko dei kalla *Kavlhella*, og der brukte dei å legge åt med båt.

### Litteratur

Nielsen, Konrad 1932–1962: *Lappisk (samisk) ordbok*. Oslo.

Norsk ordbok 1966–2014, b. 1–12. Oslo.

Qvigstad, Just 1935: *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. Oslo.

Qvigstad, Just 1938: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker*. Oslo.

Qvigstad, Just 1935: *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. Oslo.

Qvigstad, Just 1938: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker*. Oslo.

Qvigstad, Just 1944: *De lappiske appellative stedsnavn*. Oslo.

Rygh, Oluf m.fl.: *Norske Gaardnavne 1–18*. Kristiania 1898–1924. *Fællesregister* ved A. Kjær, Oslo 1936.

Torp, Alf 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania. Faksimileutg. Oslo 1992.

Finn Myrvang  
fmyrvang@gmail.com

## TIL FJELLS MED HAVFRUA?

Med til norsk folkløre høyrer havfru og marmel (gno. marmennill), men tradisjonane er sparsame, iallfall for havfrua sin del, og i stadnamna er lite eller inkje som minner om marmelen. Det overraskar derfor å oppdage at der er ein handfull stadnamn som tilsynelatande har med havfrua å gjere, eit par av dei på litt «naturstridige habitat» for den slags skapningar. Desse namna kunne drøftast i geografisk orden, frå nord til sør eller omvendt, men det har visst meir for seg å ta dei etter vanskegrad.

*Havfruskallen* ligg litt til havs utanfor Kråkenes i Kinn kommune i Sogn og Fjordane. Det er i og for seg ikkje påfallande at ein fiskeskalle kunne få namn etter havfrua så sant einkvan meinte å ha sett henne der! Men tvilen melder seg snart, for heilt ut mot egga vestom Ona i Ålesund k. ligg *Havfluna* (med gammal

+ ny bunden artikkel)<sup>4</sup>. – Inste og Ytste *Havfludene* i Stad kommune ligg òg langt ut, og i same farten må nemnast *Havfluene* vest for sjølve øya Kinn, i same kommune som Havfruskallen. Dei ligg rett nok ikkje ytst mot storhavet, men fell bratt av mot ei djuphavrenne. Slik er det og med *Havflua* i Bømlo.

Lydleg burde ikkje ordet «havflu» så enkelt forvanskast til «havfru», men *\*haf-flúð* f i desse stadnamna er ikkje kjent frå norrøn litteratur, eller nynorsken for den del. Slik sett kunne vel ei omtolking skje, så *\*Havfluskallen* vart *Havfruskallen*, men haken er at karta i dette tilfellet berre viser skallen, og ikkje noko av *\*havflua*, så enten heitte sjølve skallen (ein grunne med lysbøye) opphavleg berre *\*Havflua*, og då er *-skallen* sekundært, eller alternativt *\*Hafbrúskallinn* på gno., då med tidleg utskoten *b*. Ordet *havbru* blir litterært definert som «fiskeplass langt frå land der havbotnen er forma som ein skråning» (*Norsk ordbok* (NO) 5: 84), men som stadnamn finn vi det einast i *Havbrubakken* vestom Rebbenesøya i Troms, er det likt til. Det er naturleg å drøfte dei to nordnorske *Havfru*-namna med det same:

I Nesna finn ein like ved Fransvikholmen *Havfruskjeret*, som så vidt det er flør over. Holmen og skjeret ligg fram imot ein ei overflødd lang, bein strandkant som fell brå-bratt av til 200 m og meir. Saktens må skjeret få ha namnet sitt i fred – lokalt reiseliv likar truleg godt å kunne skilte med ein havfru-attraksjon! Likevel, det er ute på havet denne attraktive skapningen brukar å vise seg for sjøfarande og drage dei til seg – ho sit ikkje passivt på skjer eller steinar oppved land og viser seg fram, slik kunstnarane med kvart «gestaltar» henne.

Det er altså legitimt å lure på om det frå først av låg noko anna i dette namnet, og det kan hende det i gno. *\*hafbrú-* (jf. kanten utom land) skjedde bortfall av *b* etter ustemt *f* i *haf-* så det vart *\*hafrú-*, men *-vr-* i ei seinare form *\*havbru-* ville mesta like lett bli omforma til den meir frekvente lyden *-fr-*. Skjeret ligg rett nok ikkje langt til havs, så *hav* må i dette tilfellet vere brukt i tyding *sjø* som så ofte elles, merk t.d. gno. *haffugl* = nyno. *sjøfugl*, så vel som uttrykket «dette i havet» = ramle i sjøen.

I *Havfruskjeret* sitt tifelle skal vi likevel få med oss ei alternativ tolking, for utenkeleg er ikkje at også norsk eingong kjente sms. *\*hafhrúðr* «hav-rur» i same tyding som isl. *haf-hrúður* «kamskjel», eng. *scallops*. Eg kjenner dessverre ikkje staden ved sjølvsyn.

*Havfrutjønna* i Aust-Lofoten ligg i overgangen Vatnfjorden – Sunnlandsfjorden. Der er tre små holmar, men det er vel den største som blir kalla *Havfruholmen*. I området verp fugl. Området har talrike blautmyrar, tjønner og

---

4 Ålesund har også Røsøk-Havfluna.

låge knausar, som visst alle ber namn med sisteledd *-haugen*: Vi kunne vel gjette på eit opphavleg *\*hafr-haugtjørn > havrutjørn > havfrutjørn*, for *-haug-* redusert til *-(h)u-* i trykklett midtledd kjenner ein andre stader ifrå. Førsteledd skulle i så fall vere det i stadnamn så velkjente gno. *hafr* «bukk», men ein kjenner namna på så å seie alle haugane i området kring tjønna, og ingen av dei heiter *\*Havrhaugen*. Ei anna forklaring er meir tilforlateleg: Valen ut frå tjønna er så smal og bein at straumen nærmast renn gjennom ei tro (renne), gno. *pró*, som i mange namn viser seg i forma «tru», her då *\*hafpró > \*havtro > \*havtru > havfru*.<sup>5</sup>



Havfrutjørna med tro ut til salt vatn, nordvest for Vatnfjorden i Vågan.  
Statens kartverk.

Havfrua som mytisk vesen er også kjend frå samisk, for så vidt at samisk har lånt det norrøne namnet. På nordsamisk heiter ho nemleg *ábe-* el. *ábiruv'vá*, men det ser ikkje ut til at samisk tradisjon om henne er rikare enn den norske, heller ikkje i stadnamn.

<sup>5</sup> <https://arkivinordland.no/fylkesleksikon/innhold/stadnamn/tru-av-tro.37469.aspx>

Havfruer høyrer eventyra til, og dobbel-eventyrleg må det vere at dei la ut på fjelltur, men ei snau fjellhei i skilet mellom kommunane Flatanger og Namsos heiter faktisk *Havfrulifjellet*. Kartet seier derimot ingen ting om *\*Havfrulia*. På dette snaue fjellet ligg tjønner spreidd, men at dei skulle vere høvelege tilhald for havfruer ville vere endå meir eventyrleg. Her treng vi ei meir realistisk forklaring:



En stor stein like før toppen av Havfrulifjellet


Ein stor stein like før toppen av Havfrulifjellet. Foto: Terje Strømhylden.

Ute på nett ligg foto av store steinar som balanserer fritt på snaue Havfrulifjellet. Det er difor god grunn til å tenke på gno. *haf* i tydinga «det å lyfte, lyfting» og at dei same steinane berre er noko *rugl* n/m, jf. ein *ruggel* (Trønderordboka), sagt om vaklevoren oppstilling eller greie, rakl (NO 9: 519). Adjektivisk (frå bl.a. Snåsa): «*det ligg rugli*» om det som ligg eller står ustøtt, som er lett å rugga: Namsskogan har *Ruggelsteinen*.

Eg held derfor ein knapp på den forståing at *Havfrulifjellet* er omtolking av eit eldre, kollektivt *\*Havrugle-fjellet*, då fleire slike steinar ligg på lett utover heia. Ruglestein-lokalitetar finn vi fleire stader. På *Rugleberget* i Eigersund og *Rogle-*

*heia* i Lund ligg også steinar strødd utover. I røynda skil slike ruglesteinar og -berg seg neppe frå dei talrike ruggesteinane landet rundt, som neppe er så lette å rugge på som namnet kan få oss til å tru!

Havfrua synest også å ha gitt seg til kjenne i fjellheimen lenger sør: Ved Åsetevatnet i Luster ligg der på austre landet nokre fjellbenkar som heiter *Havfrugaldskorane*. Det ser ut som ei litt vriden namnelaging: Ein *gald* er ein «bratt og vanskeleg stig i fjellet; bergkleiv» (NO 3: 1325), medan *skor* f er avsats eller hylle i berg, men òg bergkløft, bergskorte (NO 10: 49). Ortofoto syner at begge karakteristikkane stemmer godt for hovudleddet *-skorane*, men *-gald-* kan like gjerne vere snaufjellet ovanfor, så namnet framstår litt «bifokalt». Underlegast er likevel at havfrua skulle ha noko med området å gjere! Det verkar eit hakk rimelegare å oppfatte namnet som ei samanlikning, av di skorane framstår på ortofoto som smale boge- eller båreforma steinformasjonar med kløfter imellom: Bra meining gir *ruggal* adj. «vaktende, gyngende. *D'er ruggalt*: det gynger, f. Ex. paa Søen» (Aasen). Namnet kan då oppløysast til *Haf-ruggal-skorane*. Naturlegvis veit vi ikkje kven i fortida som la namnet, men dei kan nok ha tenkt som Aasmund Olavsson Vinje ved Rondane: «Me standa her som på eit storkna hav».



*Havfrugaldskorane* eller *Havrugaldskorane* i Luster. Statens kartverk.

Det er berre at vi også kunne tolke namnet som *\*Haf-hrúgald-skorane*, dvs. at midt-leddet er gno. *hrúgald* n «stor dunge, klump», med forsterkande førsteledd

gno. *haf* i tydinga «det å lyfte, lyfting». Det høver framifrå som namn på den snaue bergskolten ovanfor skorane. Det er då ikkje så mykje å utsetje på den skriveforma namnet har på dagens kart. Greiast er då likevel å skrive *Havrugaldskorane* utan *f*, ettersom havfrua ikkje kan ha noko med saka å gjere? Om *Hav-* verkeleg går på det at fjellklumpen hever seg høgt, eller berre fortel at ein har utsyn til havet derifrå, det får lokalkjent folk avgjere.

Havfru-namna i oversynet framfor er henta frå mesta heile landet, med ulik geografi og ulike målføre, og andre tolkingar enn mine er fullt tenkelege. Morosamt er det no likevel å presentere dei samla, ikkje minst av di «migrasjon» vanlegvis sorterer under historiefaget, ikkje under folkeminne og stadnamn!

Finn Myrvang  
fmyrvang@gmail.com

## FEIL PÅ KART OG VEGSKILT

Det er flere steder med feil på kart og/eller feil på vegskilt. Her skal noen nemnes.

Overhalla kommune vedtok å endre namn på kommunesenteret Ranemsletta og bygdesenteret Hunn den 26.5.2014. Bakgrunnen var at begge steder hadde vært feilskiltet i noen tiår. For Hunn skyldtes nok det at namnet *Hunn* ikke hadde vært kartfestet. Vedtaket ble påklaget for begge steder, og Klagenemnda for stedsnamnsaker tok klagen til følge for begge. Den 6.2.2018 ble begge omskiltet med sine korrekte namn, dvs. *Ranemsletta* og *Hunn*. I tillegg ble *Hunn* kartfestet av Kartverket.

Den 30.11.2021 gjenga *Sogn Avis* hva varaordfører Jan Olav Fretland i Lærdal sa i et formannskapsmøte: «*Det ergrar meg at det ikkje går an å sjå at Lærdalsøyri er tettstaden i Lærdal kommune.*» Han sikta til vegskilt. Med *tettstaden* sikta han nok til kommunesenteret. Problemet er at Lærdalsøyri er skilta (blått skilt) med kommunens namn *Lærdal*. For ordens skyld nemnes det at andre (gule) skilt viser korrekt namn *Lærdalsøyri*.

Undertegnede skrev på denne bakgrunn et leserinnlegg i *Sogn Avis* den 6.1.-2022 hvor jeg påpekte at feilskilting er i strid med stadnamnlova. I motsetning til i Overhalla-saka er det ikke feil på kart mht. Lærdalsøyri.

Etter det sendte Ole Martin Skilleås (UiB) og undertegnede et innlegg til *Trønderavisa/Trønderdebatt* (8.1.21.) hvor vi påpekte feil namnbruk og feil veg-

skilting for både Verdalsøra og Stjørdalshalsen. Innlegget ligger på nettstedet *Trønderdebatt*. Felles for begge er at de er skiltet med kommunens navn. I tillegg framgår namna *Verdalsøra* og *Stjørdalshalsen* kun i liten målestokk på kart slik at det også foreligger feil på kart for disse stedene. Det kan sjå ut til at *Verdalsøra* kun er navn på en rundkjøring og *Stjørdalshalsen* et gatenavn. Begge er feil og misvisende.

Undertegnede sendte den 10.1.d.å. innlegget til Statens vegvesen og Statens kartverk for retting. Vegvesenet svarte ved brev av 17.1.d.å. bl.a. at

*«I følge «Stadsnavnslova» § 7 er det kommunen som velger navn på, og vedtar skrivemåter på tettsteder, grender osv. Dette på bakgrunn av igangsatt stedsnavnsak av de som kan ta opp slik sak, § 6. ...*

*Statens vegvesen tar ikke initiativ til videre utredning i saken og vil avvente videre behandling og event. vedtak i de respektive kommunene og kartverk.»*

Svar er så langt ikke mottatt fra Kartverket. Der står saka i skrivende stund. I ettertid har jeg fått opplyst at tilsvarende også er tilfelle fleire andre steder, herunder på kommunesenteret *Vossavangen* i Voss kommune og det tidligere kommunesenteret *Skjønhaug* i daværende Trøgstad kommune. Her er det skiltet med henholdsvis *Voss sentrum* og *Trøgstad*. Søk i Sentralt stedsnavnregister (SSR) på namnet *Voss* gir resultatet *Voss herad/kommune*. *Voss* er m.a.o. ikke navn på et sted, men derimot på en kommune. Søk på *Voss sentrum* samme sted gir resultatet ingen treff. Det er derfor ikke korrekt navn på stedet.

Søk på namnet *Vossavangen* gir *tettsted i Voss* (kommune). Det tilsier at stedets navn er *Vossavangen*. Enkelte sier og skriver *Vossevangen med -e*. Det er ikke korrekt skrivemåte og heller ikke i samsvar med lokal uttale som skal vektlegges, jf. stadnamnlova § 4:

*«Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk. Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.*

*Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.*

*Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg*



*vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta. Dette gjeld ikkje i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren. ...» (uthevet her).*

Fjerde ledd åpner for at det vedtas to likestilte skriftformer for ett og samme objekt.

*Vossavangen* er korrekt namn og skrivemåte og det skal derfor skiltes med dette namnet og med denne skrivemåten, jf. stadnamnlova § 1 1. og 3. ledd og § 4. 3. ledd lyder:

*«Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller **skrivemåten** av dei, eller **bruke dei i tenesta.**» (u.h.)*

Dette betyr at aktuelle myndigheter plikter å bruke namnet *Vossavangen* i alle sammenhenger, herunder på kart, vegskilt m.m. Vegskilt som viser *Voss sentrum* må derfor tas ned/fjernes. Det er ikke til hinder for at en kan opplyse om hvor en bør kjøre for å komme fram til *sentrum* på *Vossavangen*.

Felles for *Lærdalsøyri*, *Verdalsøra*, *Stjørdalshalsen* og *Vossavangen* er at det opprinnelige lokalt brukte namnet er siste del og at kommunenamnet har blitt tilføyd for å angi hvilken Øyr/Ør, Vang, Hals m.v. det er tale om for å unngå misforståelser. Antakelig har det skjedd i samband med kartfesting. Her kan bl.a. nemnes namna *Aurlandsvangen* og *Vang* i Valdres m.fl. Det er greit å vite hvilken Vang en taler om og ev. skal reise til.

Hva med stedet *Skjønhaug* i tidligere Trøgstad kommune (nå: Indre Østfold kommune)? Det heter i Wikipedia at *Skjønhaug* var *kommunesenter* i tidligere Trøgstad kommune. Kommunesenteret i den nye Indre Østfold kommune er Askim.

Søk på namnet *Skjønhaug* i SSR viser *Tettsted i Indre Østfold*. Sjøl om *Skjønhaug* formelt sett er et tettsted og ikke lengre et kommunesenter, så passer likevel ikke denne betegnelsen, sjå nedenfor.

Namnet *Skjønhaug* er brukt i kart og i SSR, og det er derfor korrekt. Vegskilta viser derimot *Trøgstad*, som altså er kommunens namn. Det er feil og omskilting til *Skjønhaug* bør skje.

Er svaret fra Vegvesenet korrekt? Nei, det er nok ikke det. Det heter i e-post herfra til Vegvesenet og Kartverket den den 17.1.d.å. at

*«Det er neppe noen tvil om at de historiske namna er hhv. Verdalsøra og Stjørdalshalsen. Disse namna er også registrert som de eksisterende namna i Sentralt stedsnamnregister (SSR) og framgår derfor også på Norgeskart.no.*

*Det følger av stadnamnlova § 1 at gjeldende stedsnamn skal benyttes/brukes av offentlige organer herunder på kart og vegskilt.*

*Stadnamnlova § 3 setter snevre grenser for adgang til å endre nedarva stedsnamn som disse er.»*

Det kan tilføyes at Vegvesenet synes å ha misforstått § 7. For det første gjelder bestemmelsen steder som ikke har noe namn. Det gjelder hovedsakelig nye bebyggelser/-boligfelt m.m., og slike bør gis namn. Matrikkelloven bestemmer dessuten at veger skal gis namn, og at alle boliger gis en entydig adresse.

Det ble påpekt lovtekniske svakheter ved høringen fra Norsk namnevern ved undertegnede, men Kulturdepartementet tok verken merknadene til følge eller opplyste om dem. Flere andre kritiske merknader ble også fortiet. Dette er klart i strid med forutsetningene for høringsinstituttet i den regjeringsfastsatte Utredningsinstruksen, jf forvaltningsloven § 37 m.v. Et sentralt spørsmål her var hva departementet mente med betegnelsen *tettsted*. Verken loven eller forarbeidene har noen opplysning om det.

Felles for de tre berørte statlige direktoratene SSB, Kartverket og Vegvesenet var at de bestred å ha noen plikt til å følge vedtak fra Klagenemnda for stedsnamnsaker i Overhalla-saka. Alle tre viste til kommunens vedtak, men de måtte snu, og korrekte namn brukes nå av alle tre. Solberg-regjeringa ved flere departementer forsøkte også å forhindre iverksettelse av nemndas vedtak, men de måtte til slutt erkjenne at nemndas vedtak skulle stå. Samferdselsdepartementet ga seg først etter klar kritikk fra daværende Sivilombudsmann (nå: Sivilombudet) og instruerte deretter Vegdirektoratet til å foreta omskilting. Dette skjedde etter klage fra *Aksjonsgruppa for korrekt bruk av stedsnamn i Overhalla*. Dessverre synes ikke Vegvesenet å ha tatt lærdom fra Overhalla-saka.

*Tettsted* er et begrep definert av Statistisk sentralbyrå (SSB) som ledd i et flernasjonalt prosjekt for å kartlegge (sammenhengende) urbane områder.

Et *tettsted* er m.a.o. ikke et fysisk sted, men derimot en kategorisering av fysiske steder som har nærmere bestemte egenskaper. Begrepet er m.a.o. en abstraksjon. For nærmere informasjon om begrepet vises det til *tettsted* i Wikipedia.

Problemet er at ordet/betegnelsen *tettsted* har glidd inn i dagligspråket, men med et annet og løsere meningsinnhold enn SSBs faglige begrep. Resultatet er misforståelser og feil også fra myndigheter og lovgivning, herunder stadnamnlova § 7 1.ledd hvor det heter at

«*Kommunen vel namn på og vedtek skrivemåten på **tettsteder**, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, kommunale anlegg o.l. og vedtek skrivemåten av offisielle adresser.*» (u.h.)

Det er ingen tegn i forarbeidene til loven som viser at en her har siktet til et annet begrep enn SSBs definisjon, men samtidig er det like klart at denne definisjonen ikke passer her. Dette ble påpekt i høringen, men ikke fulgt av Kulturdepartementet i proposisjonen og heller ikke redegjort for. Det tyder på politisk styring. I så fall var det kulturminister Trine Skei Grande (V) fra Overhalla. Politikere bør være varsomme med å ta styring over lovtekniske spørsmål. Her resulterte det i en klar lovteknisk svakhet.

Problemet med at det opereres med flere begrep for ordet tettsted, kan antakelig kun rettes opp igjen ved at SSB velger et annet ord/betegnelse. Nærliggende vil da være (*sammenhengende*) *urbane områder*. En slik betegnelse vil neppe gli lett inn i dagligspråket og det gjelder særlig om en tar med ordet *sammenhengende*.

Det kan videre sjå ut til at det er mange steder med feil på kart og/eller vegskilt. Slike feil bør det også ryddes opp i. Alle aktuelle myndigheter plikter å bidra til det.

Brynjar Mørkved  
morkved@advbmv.no

## «VERDENS STEDSNAVN – ETYMOLOGI OG HISTORIE ORDNET ETTER LAND»

I denne ordboken som jeg skriver for Kagge forlag, skal jeg gå igjennom land per land vel over 10 000 stedsnavn for byer, regioner, fjell, elver, innsjøer, kyster, øyer, hav mm. For hvert sted skal jeg opplyse om forslag(ene) til etymologien, og eventuelt om historien og relaterte fakta. Ordboken skal være en innbydelse til å

reise til mange land gjennom etymologi og historie. Som John Everett-Heath (forfatter av flere bøker om opprinnelsen til stedsnavn) sier: *Place names are a window onto the history and characteristics of a country*. Tonen i boken skal være faglig, men ikke tørr. Målgruppen er personer som er glad i historie, geografi og språk, og i å reise. Boka skal utgis sommeren 2025 og har fått støtte fra NFFO (Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening).

Boken følger samme mal som min «Norsk etymologisk ordbok – tematisk ordnet» (Kagge, 2013, 1920 sider, Brageprisen i åpen klasse 2013). Det er så vidt jeg vet den første omfattende etymologiske ordbok over verdens stedsnavn som er ordnet på denne måten. Det er utfordrende fordi sentrale stedsnavn for hvert land må med (i motsetning til en ordbok ordnet alfabetisk fra Aachen til Å der en kan «skjule» at sentrale stedsnavn ikke er nevnt).

Hvert kapittel om et land begynner med navnet til landet og en presentasjon av landets historie og særtrekk i landets stedsnavn. Deretter går jeg igjennom alfabetisk de aktuelle stedsnavn. Kapitlenes lengde vil variere avhengig av landenes størrelse og historie, betydning for norsk historie og kultur, tilgang til gode kilder, og mine personlige interesser for enkelte land.

De lingvistiske opplysningene er helst basert på etymologiske ordbøker om stedsnavn fra selve landene, og deretter de som dekker flere land (f.eks. sørlige Afrika, tidligere Sovjet), verdensdeler (f.eks. Afrika), kloden eller fra ett språk (f.eks. bidrag fra quechua). Leksikon, Wikipedia og byers internettsider har ofte verdifulle opplysninger (noen ganger bedre enn etymologiske ordbøker for stedsnavn for hele verden). Jeg vil helst ha flere kilder som bekrefter informasjonen. For de etymologiske opplysningene oppgir jeg kildene. Historiske opplysninger og andre fakta er hentet fra historiebøker, leksikon og reiseguides.

Den største utfordringen er å finne gode kilder. Derfor har jeg brukt mye tid og kjøpt flere hundre bøker om etymologien og historien til svært mange land. Dessverre mangler jeg fortsatt kilder for noen viktige navn i enkelte land. For å dekke navn som mangler kan språkinstitutter være til hjelp (slik det har vært for Grønland), men også universitetsforskere og kontakter gjennom The International Council of Onomastic Sciences (ICOS). Mindre viktige navn som jeg ikke finner forklaringer på vil bli utelatt. For kilder skrevet på språk jeg ikke behersker nok eller ikke i det hel tatt (f.eks. gresk, russisk og kinesisk), blir jeg avhengig av oversettere.

En annen utfordring er å velge stedsnavn. Målet for land som Norge og USA er å dekke fylker/delstater, viktigste administrative sentre, byer, fjell, elver, innsjøer og øyer. I tillegg kommer navn av historisk eller turistisk interesse (f.eks.

*Stiklestad, Gettysburg, Pompeii* eller bibelske *Golgata*) eller som har en uventet bakgrunn (f.eks. *Dronningen* på Bygdøy, av *drått* «draing (ved fiske)»). For flere land blir utvalget begrenset til fra noen få til noen titalls navn.

Mange land er lite kjent for de fleste norske lesere. For å gjøre lesingen mer interessant prøver jeg, når det er mulig, å vise en kobling til Norge (eller i hvert fall til Norden). For alle land vil leseren finne uventede historiske opplysninger, for eksempel for Malta at landets nasjonale farger rødt og hvitt kommer fra våpenet til grev Roger av Normandie, etterkommer av Gange-Rolv. I tillegg nevnes at Malta på 1600-tallet hadde kolonier i Karibia, og at Valletta under første verdenskrig var en base for den topp moderne japanske marinen som hjalp de allierte i Middelhavet. For flere omtalte stedsnavn kan etymologien være usikker (f.eks. navnet *Italia*), og da må jeg si det. Kjente folkeetymologiske forklaringer nevnes selv om de er feilaktige, fordi de har en verdi i seg selv.

Yann de Caprona  
decaprona@gmail.com

## BOKOMTALAR

### BUSTADNAVN I ØSTFOLD FULLFØRT

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold. 20. Rakkestad*. Utgitt av Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2021. 678 sider + faksimileside, oversiktskart og kartvedlegg «Rakkestad herred». Målestokk 1:61 000. ISBN: 978-82-7099-932-3

Dette er det 20. og avsluttende bindet i serien som Tom Schmidt nå har fullført utgivelsen av. De enkelte bind følger den gamle herredsinndelingen som hos Rygh NG. Rakkestad-bindet er av den grunn inndelt i tre hoveddeler etter kirkesoknene Rakkestad, Degernes og Os.



Tom Schmidt med stabelen av *Bustadnavn fra Østfold*. Bind 19 og 20 var ikkje med då biletet vart teke. Foto privat.

Tallet på oppslagsnavn i hoveddelen er i dette bindet vel 1500. Det er en navnemengde nesten fem ganger større enn Rakkestad-kapittelet i *Norske Gaardnavne* (NG), samtidig som alle navn i Ryghs materiale er gjennomgått på nytt og gitt en langt mer utførlig behandling.

På side 15 i innledningen kan vi lese at siden Kåre Hoel utarbeidet sitt manus, er folketellingen 1891, 1900 og 1910 frigitt, og disse viser seg å inneholde navn på husmannsplasser og bosteder som ikke var med i de kildene Hoel hadde benyttet. Dessuten har Schmidt foretatt en ny grundig gjennomgang av de andre kildene, der det dukket opp en rekke bostedsnavn som Hoel ikke kjente til, og som altså har fått plass i denne trykte utgaven.

Av navneklassene har vi fire *vin*-navn i tilfanget, *Gjulum* (av eldre *Gjurðin*), *Dæli*, *Hen*, *Stemme*. Av *heim*-navn finner vi *Gudum*, *Halum*, *Haslum*, *Korum*, *Nakkjum*, *Nålum* – i samsvar med Rygh NG normert ensartet slik, og som det også kan være gode grunner for. I Norgeskartet (SSR) er normeringen ikke den samme, men mer i samsvar med skriftradisjonen: Gudim, Halem (ofte ellers skrevet «Harlem»), som er relativt etymologisk, siden forleddet må være adjektivet 'hard'), Haslem, Korum, Nakkim, Nålem. Denne variasjonen i skrift framgår også i oppstillinga av belegg til de enkelte navn, der det aller nyeste er angitt

som «NK 2020». Og det er bra, for slik informasjon kan bidra til å unngå forvirring hos lesere.

Navneklassen *stad* er representert med 20 eller 21 navn. Et kjennetegn ved klassen er som kjent at en rekke ord, som er svært vanlige forledd i stedsnavn (f. eks. *ask, dal, eik, lang, sand*, etc. ...) synes i denne klassen mest fraværende. I *stad*-klassen kan en stor del av forleddene uten vansker tolkes som et personnavn, i Rakkestad f.eks. *Evenstad, Gautestad, Haraldstad, Bjørnstad*; temmelig sikkert også *Rakkestad*. Men klassen rommer også en påfallende stor andel dunkle forledd. At mange av disse går tilbake på personbetegnelser er opplagt, *både* fordi det rundt vikingtid må ha eksistert en mengde personnavn og tilnavn som ikke er overlevert i litteraturen, *og* fordi person-forledd i navn ofte blir omdannet på ulike måter. Men hva skal en navnetolker gjøre der formen på forleddet ikke passer med noe personnavn som er kjent? Den utveien som i praksis ofte blir valgt, er å søke forklaring i ord som kan være miljø- eller terrengkarakteriserende.

Eksempler på to slike problematiske *stad*-navn i Rakkestad er *Grinestad* og *Sverstad*. Forleddet i *Grinestad* ser ut til å være et ord beslekta med *grein*, og blir antatt å vise til et forgreinet vassdrag på stedet. *Sverstad* er blant de navn i bindet som har fått den mest omfattende drøftingen. Eldste belegg er «Suardzstadum» 1401, og det eneste med *a* i forleddet; seinere belegg har alle *e*. Dermed er det usikkert om forleddet går tilbake på et norr. *svarð* eller *sverð*. Ulikt forfatteren Hoel argumenterer utgiveren Schmidt for en ikke-omlydt form av norrønt *svorðr* m. = 'hårvaksen hud, hovudhud på folk', 'svor, grassvor' (s. 148), og han tenker seg at navnet kan sikte til et ufruktbart, skorpeliknende område. En virkning som inntreffer dersom mange slike dunkle *stad*-navn antas å være terrengbeskrivende, er at det da vil avtegne seg et bestemt mønster: det at dunkle *stad*-navn ofte er sammensatt med et terrengbeskrivende ord, *men* som er svært uvanlig i stedsnavn. Siden et slikt avvikende mønster er vanskelig å argumentere for, bør utgivere selvsagt se til at tolkningsresultatene samlet sett ikke får et slikt uheldig preg. Og det må en vel kunne si at utgiverne her har klart. For det hovedinntrykket tolkningene gir, er at dunkle *stad*-navn er forbundet med store tolkningsproblemer og usikkerheter.

*Rud*-klassen er sterkt representert i Rakkestad. Leddet finnes fire ganger usammensatt og 55 ganger sammensatt der det sikkert eller høyst sannsynlig er en norrøn opphavsform (s. 566). Blant husmannsplassene er de to grunnordene *plass* og *hytte* særlig frekvente, notert henholdsvis 174 og 215 ganger. *Plass* blir helst brukt om husmannsplass som har tilliggende jord, mens *hytte* er brukt om hus-

mannsplass uten jord. De to ordene utviser også ulikt mønster når det gjelder sammensetningsledd. Mens *hytte*-navnene har et variert sortiment av underleddstyper (sekundærnavn fra opphavsgarden, personnavn, tilnavn, yrkesbetegnelser med mer), har *plass*-navnene for en meget stor del sekundærnavn fra opphavsgarden som underledd.

Rakkestad er blant de gode jordbruksområdene i landet, og tallet på husmannsplasser har vært stort. Sammenliknet med vestnorske områder ser vi markante forskjeller i både eiendomsstruktur og språkstruktur. Karakteristisk for det sentrale Østlandet er det høye tallet på navnelaginger som representerer retorisk manipulerende språkbruk, dvs. metaforikk, humor og ironi. Tallet på noe vi kan kalle 'morsomme navn' er høyt her. En spesielt utbredt navnelagingstype, og som over store områder i landet ellers ikke forekommer, er imperativnavnene, som de kalles.

Fra Rakkestad noterer vi *Blåsopp*, *Rivopp*, *Stigopp*, *Tørkopp*, *Tittut*, *Tullopp*, *Trengtil*, *Stertopp* og det mer spesielle *Finnpå*. Det sistnevnte er notert to steder, der begge er skriftlig belagt midt på 1600-tallet. Et slikt navn er visst ikke registrert utenom Rakkestad. Bakgrunnen er ukjent, men Hoel har våget seg på en gjetning: "Som årsak til navnet kunne man kanskje tenke seg en diskusjon om hva man skulle kalle plassen. En replikk som «Finn på noe, du» eller liknende (s. 126). Noe som imperativnavn ser ut til å ha felles, er at replikkvekslinger på stedet med det aktuelle ordinnholdet har motivert navngivningen.

Typen kalles som sagt imperativnavn, men det henseiler bare på den nakne overflateformen, ikke på dypstrukturen, for det trenger ikke å være noen befaling eller oppfordring som ligger bak, selv om noen navn kan tolkes slik. Det er heller snakk om en navnetype der en opprinnelig ordstilling fra replikkvekslingen er beholdt (f.eks. *å kikke ut* > *Kikut*), og ikke en omsnuing på leddene (såkalt retrogradering) som en mer normal og substantivert navneform vil medføre (f.eks. *å kikke ut* > *Utkikken*). Navnene beskriver gjerne miljøet på stedet, f.eks. på *Tørkopp* har jorda lett for å tørke opp.

I Rakkestad-tilfanget har vi foruten *plass*-navnene, *hyttenavnene* og *imperativnavnene* husmannsplasser som *Allergodt* (dvs. 'aldri noe godt'), *Nøda*, *Pina*, *Rottehølet*, *Ræva*, og mer oppløftende navn som *Slottet*, *Lysthuset*, *Jubelen*, *Fuglesangen*. Og *Kaffikjær* viser antakelig til at det bodde noen der som var svært glade i kaffe. Noen navn inneholder yrkesbetegnelser, som *Flåarhytta*, *Murmesterhytta*, *Ringarhytta*, *Stamparhytta* og *Urmakerhytta*. Slike forekommer også usammensatt, i *Laggaren* (*laggar* = bøkker), *Piparen* (*pipar* = musikanter),



fløytespiller), *Salmakaren*, *Sutaren* (*sutar* = skomaker) og kanskje også *Rokkehytta*, der forleddet kan vise til en rokkemaker.

Hvis vi skal sammenfatte bakgrunnen for de mange husmannsplass-navnene, kan innholdet i størsteparten betegnes som uttrykk for levekår – i vid forstand. Både imperativnavnene, de metaforiske navnene og de med yrkesbetegnelser uttrykker hver på sitt vis litt om hvordan folk har hatt det på disse plassene. Ett navn som imidlertid ikke passer inn i dette mønsteret – hvis Hoels tolkningsforslag stemmer – er det særegne *Finnpå*. En kunne spørre om ikke også et slikt navn kunne ha oppstått i en replikkveksling som hadde med levekår å gjøre. For eksempel: «Men blir det noe å leve av her, da?» Og bosetteren svarte: «Noe må en jo finne på».

Den normerte skriftformen og oppslagsformen *Hosten* virker ved første øyekast ganske ugjennomsiktig. Men lydskriften setter oss på sporet: en uttale med lang *e* tyder på at hovedleddet må være *stein*, som det også framgår av eldre belegg (f.eks. a Hostæini, 1347). Forleddet er *hór* adj., altså kan navnet forstås som ‘høg stein’. Så får vi en realopplysning som er svært interessant: Navnet kan sikte til at der på en høyde ved garden har vært et forhistorisk stein-byggverk bestående av tolv steiner [i ring?] og en i midten (s. 104). Her får vi et glimrende eksempel på hvordan uttale, eldre skriftformer og realopplysninger til sammen kan belyse opphavet til et navn.

Blant navn med uklart forledd har vi *Velund*. Det kan tenkes å være norr. *vegr* m., *vé* n. (= hellig sted) eller *víg* n. (= strid, kamp). De tre alternativene drøftes grundig, men uten at vi får noen konklusjon. Kanskje vil noen lesere, både i dette og i andre tilfeller, ha ønsket en mer konkluderende form på artiklene, som nok ville ha hjulpet litt på lesbarheten. Men da ville en samtidig lett ha kommet i konflikt med de strenge vitenskapelige kvalitetskrav som utgiverne har forpliktet seg til å følge. Formålet har vært å gi grundige tolkninger eller tolkningsframlegg, men samtidig ikke konkludere sterkere enn det kildene gir grunnlag for.

Her må vi absolutt kunne si at utgiverne har ført videre og foredlet en solid tradisjon etter Oluf Rygh. Noe annet som også bør framheves, er den stringente oppbygningen, den gjennomtenkte systematikken, og den store flid og presisjon som er lagt ned i språkføringen. Her er det svært mye for andre å lære, i dette som i de andre nitten bindene.

Med sine 678 sider hører bind 20 Rakkestad med blant de største i serien når det gjelder sidetall, bare overgått av bind 19 Eidsberg som med sine 712 sider tar mest plass i bokhylla. Ellers er også dette siste bindet utført helt etter den samme mal som vi kjenner igjen fra de foregående. Så all honnør til Tom Schmidt for det

kjempearbeidet han, sammen med Margit Harsson, år etter år har lagt ned – og som det nå er satt et verdig punktum for.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uia.no

## TRE NASJONSBYGGJANDE BRØR

Per R. Christiansen: *Brødrene Rygh. Fra bygdeliv til nasjonsbygging*. Museumsforlaget 2020. 575 s.

Slå opp i Rygh! Verken stadnamngranskarar eller stadnamnadministratorar er i tvil om kva som da er meint. Verket *Norske Gaardnavne* er synonymt med opphavsmannen. Dette storverket, som var eineståande for si tid, er framleis ein uunnverleg referanse. Sjølv sagt har ein komme til andre resultat i enkeltspørsmål, men som heilskap har det stått seg. Oluf Rygh er eit velkjent namn for alle som kjem borti stadnamn, og spesielt gardsnamn, på ein eller annan måte.

Kjent for noko færre er vel broren Karl Rygh, som var sentral i å føre *Norske Gaardnavne* vidare etter at Oluf brått fall frå i 1899. Men aller mest kjent i samtida var nok yngstebroren Evald Rygh. Medan Oluf og Karl var filologar, vart Evald jurist. Han gjorde ei oppsiktsvekkjande karriere, først som borgarmeister og ordførar i Kristiania, og seinare som stortingsmann, finansminister og bank-sjef.

Historikaren og journalisten Per R. Christiansen har skrive saga om desse tre brørne som på kvart sitt vis spela sentrale roller i den norske nasjonsbygginga i andre halvdel av det nittande hundreåret og noko inn i det tjuande. Vi får følgje brørne i detalj gjennom yrkesliv og privatliv. Dei tre søstrene deira er heller ikkje gløynde, men får av openberre grunnar ein meir underordna plass.

Den politiske innsatsen til dei konservative brørne får naturleg nok stort rom. Men det er også fyldig omtale av namnearbeidet til Oluf og Karl Rygh. Christiansen spekulerer i at interessa kan ha vorte kveikt tidleg hos vesle Oluf på garden Haug i Verdalen, med nære og merkelege namn som *Stiklestad*, *Vist* og *Hallem* å spekulere på. Likevel var det Karl som kom først i gang med publisering i namnegransking, med artikkelen ”Bemerkninger om stedsnavnene i den søndre del af Helgeland”, i 1870. Dette inspirerte også Oluf til å gje seg i kast med same

feltet. Men alt i 1868 syner brevvekslinga mellom Oluf og Karl at den første hadde skaffa seg innsikt i problema rundt skrivemåten av gardsnamn, og det er noko tidlegare enn det har vore rekna med. Ein revisjon av matrikkelen var vedteken i Stortinget i 1863.

Først i 1878 vart Oluf Rygh utnemnt i kommisjonen som skulle revidere skrivemåten av namna i matrikkelen. Resten er historie, som det heiter, og den historia gjev denne boka oss grundig kunnskap om. Etter eit enormt granskingsarbeid vart grunnlagsmaterialet levert til Riksarkivet i tidsrommet frå 1888 til 1893. Ganske snart vart det klart at dette hadde meir allmenn interesse. Det var mange spørsmål om gardsnamn, både tolkingar og eldre belegg. Namneartiklar som Oluf Rygh skreiv i *Landsbladet*, i alt fleire hundre, verka også med til å auke interessa. Vedtaket om statleg stønad til trykkinga kom i 1896, og første bandet vart trykt året etter. Oluf Rygh hadde gjort mykje av forarbeidet med å leggje til rette for trykking, og etter at han gjekk bort, vart det som kjent ført vidare av andre (Karl Rygh, Hjalmar Falk, Albert Kjær, Amund B. Larsen, Magnus Olsen). Men mesteparten er det altså Oluf Rygh som står bak, noko som vitnar om imponerende oversikt og ein veldig arbeidskapasitet. Og alt dette vart gjort på fritida – attåt at han var professor i arkeologi og styrar for Oldsaksamlinga.

Som nemnt var Rygh-brørne konservative. Det galdt også i det språklege. Ein mann som Gustav Indrebø meinte sjølv sagt at normeringa i *Norske Gaardnavne* var for mykje dansk. Men kor som er, ho var eit viktig steg i norsk lei, og ikkje minst eit stort framsteg i konsekvens. Målstrevet hadde ikkje desse brørne særleg sans for. I brev til Karl i 1861 skreiv Oluf om ”den almindelige Mani for at reformere i Retskrivingsveien”, og i 1868 heiter det: ”Du har vel med mig frydet dig over at se, hvor grundigt Maalmændene har faaet paa Pukkelen i den sidste Tid”. Han hadde ”længe havet et slags Sympathi for dem, men efter hvad de har sagt og gjort i de sidste Aar, maa jeg bekjende at man er nødt at vende det lodne ud mod dem”.

Her er det freistande å skyte inn ei lita gjetting om at verdalsmålet som Ryghgutane høyrde i barndommen, kanskje spøkjer i bakgrunnen i denne formuleringa. For nettopp frå Verdal er det fleire opplysningar om seiemåten ”å snu løddinsida [lodnesida] ut” – å vera rang og umedgjerleg. Elles har vel Christiansen rett i at ”[d]ialekt hadde aldri vært normen i familien Rygh”. Såleis skreiv Karl til Evald etter å ha besøkt søstera Rikka, som vart gardkjerring i Åsen, at ungane hennar snakka eit ”afskyelig sprog” (s. 205).

Men dialektuttalen av gardsnamna var sentral og verdifull, og boka har interessante opplysningar om korleis uttalen vart registrert. Oluf Rygh reiste i fleire

somrar i lag med Sophus Bugge, dels kombinert med arkeologiske synfaringar. Det var effektivt å møte opp på stader der mykje folk frå mange forskjellige kantar var samla. Militærleirar og ekserserplassar høvde godt i så måte. Dette fortel oss også at informantane i mange høve var heller unge folk. Målet var å ha minst to heimelspersonar frå kvar bygd, og om desse gav ulike opplysningar, kunne både ein tredje og ein fjerde bli konsultert. Mange vende seg også til Oluf Rygh sjølv, med opplysningar om namn dei ville ha endra skrivemåten på.

Per R. Christiansen konkluderer med at reisa frå bygdegutar til sentrale aktørar ikkje var eksepsjonell i ei tid da moglegheitene opna seg meir og meir. Det spesielle var at av tre brør gjorde alle denne reisa. Dette må ein berre slutte seg til, men samstundes er det klart at desse nok ikkje var tre gjennomsnittlege bygdegutar. Faren, Peder Strand Rygh (Rygh-namnet kjem frå garden Rygg i Overhalla), var lensmann og stortingsmann, og såleis har vi å gjera med det øvre laget i bondesamfunnet. Søskena må også ha vore usedvanleg gåverike. Alle tre gutane vart preseteristar, og Oluf Rygh tok embetseksamen med innstilling (hovudkarakter 1) i 1856. Dette vekke oppsikt, for i filologi hadde ikkje dette skjedd sidan 1840.

Boka er dryg i omfang, men har ein interesse for namnegransking spesielt og kultur- og politisk historie på 1800-talet generelt, er det absolutt verdt å pløye seg gjennom henne.

Tor Erik Jenstad  
tor.jenstad@ntnu.no

## NY BOK OM NAVN I OSLO

Leif Gjerland: *Oslos årringer*. Dreyers forlag 2021. 320 s. ISBN 978-82-8265-588-0.

Den nye boka til Leif Gjerland, *Oslos årringer*, er en samlet nyutgivelse av de to tidligere navnebøkene fra Gjerlands hånd, *Navn i Oslo* og *Oslonavn* fra henholdsvis 2016 og 2017. Det som er nyskrevet til denne utgivelsen er en innledende del på 57 sider som tar for seg utviklingen av stedsnavn gjennom ulike epoker i byens historie. Dessuten har boka fått med forord av språkrådsdirektør Åse Wetås. Det som var boka *Navn i Oslo* utgjør den største bolken i denne utgivel-

sen, og den har tidligere blitt grundig omtalt av Bjørn Eithun i *Nytt om navn* (nr. 65/66 – 2017).

De tre hoveddelene boka består av, der to har vært utgitt som separate bøker tidligere, har noe ulike vinklinger på temaet stedsnavn i Oslo. Med dette utgangspunktet er det nok vanskelig å unngå at enkelte navn blir omtalt flere ganger, og for eksempel blir navnet *Makrellbekken* behandlet på tre ulike steder i boka. Det er likevel slik at kapitlenes ulike innfallsvinkler på navnene ikke gjør disse gjentakelsene særlig plagsomme.

Årringmetaforen i tittelen og bokas første del, gir mening som bilde på de kronologiske lagene i epokene som skildres, men for de fleste navnetypene er det vanskelig å tegne noe som kan ligne slike årringer også i byens geografi. For gatenavnenes del er dette likevel en metafor som fungerer godt også i geografien. Nye navn har blitt gitt i ulike epoker som har fulgt byens utvidelser i noe som kan ligne ringer ut fra Kvadraturen.

De fem epokene som beskrives som årringer er: Førkristen tid (før 1030), Middelalderbyens tid (1000–1624), Danskebyens tid (1624–1814), Svensketiden (1814–1905) og Vår egen tid (etter 1905).

Disse innledende årring-epokene fungerer som veivisere til tidfesting av enkeltnavn i bokas øvrige kapitler, og leseren oppfordres til å plassere de enkelte navnene som beskrives i resten av boka inn i de ulike epokene årringene er delt inn i. Et pedagogisk grep som gir leseren mulighet til å øve seg i praktisk navnelære underveis i lesingen.

Det kunne helt klart vært valgt andre måter å dele inn epokene på, og det er ingen fasit på hva som er korrekt epokeinndeling. I en bok som handler om navn kunne epokene også vært knyttet tydeligere til observerbare endringer i navnelagingen. Det var for eksempel ingen opplagt endring i navnelagingen i Christiania før og etter 1814, eller før og etter 1905. Etter endring i matrikkelen i 1844 derimot, kom det en klar endring i navnelagingen. Og etter at Venstre fikk politisk posisjon i 1896, kom det også opplagte endringer i mange navnemotiver.

Navnene sorteres i årringene med en blanding av navngivingstradisjoner og navnemotiver. For eksempel er *vin-* og *rud-*navnene plassert i den epoken der navnene ble laget, mens det i middelalderepoken også er plassert navn med motiv fra middelalderen, men som ble laget på 1800-tallet. Dette forholdet blir også opplyst i teksten.

I en populærfaglig tekst som denne, er den valgte epokeinndelingen likevel et grep som trolig kan hjelpe mange lesere ved å sortere byens mange navn i kate-

gorier som er enkle å forstå, og som følger allerede godt kjente historiske inndelinger.

Et annet av Gjerlands grep i populariseringen av navnestoffet er å fremsette og sammenligne flere ulike hypoteser om bakgrunnen for et navn. Noen av disse hypotesene kan fremstå noe spekulative fra et navnefaglig ståsted, men spekulasjonene fungerer for så vidt også godt som fortellergrep, og kan nok sikkert bidra til å pirre mange leseres nysgjerrighet for tolking av stedsnavn og etymologi.

Gjerlands styrke er helt klart den gode og folkelige formidlingen av stoffet. Det er flere steder noe faglig upresist, slik Eithun viste eksempler på i sin omtale av *Navn i Oslo*. Men dette er åpenbart ikke ment å være en akademisk fagbok rettet mot stedsnavnsgranskere. Dette er en underholdende populærfaglig tekst for folk som generelt er interessert i oslohistorie. Den har utpreget kreativ og fargerik billedbruk og innholdet presenteres gjennomgående i en munter tone.

Erlend Tidemann  
erlend.tidemann@helsedir.no

-----  
Redaksjonen gjer merksam på at Erlend Tidemann er knytt til same forlag som Leif Gjerland. Han har sjølv gjeve ut boka *Gatenavn i Oslo* i haust (omtala nedanfor). Dei to har utveksla opplysningar om namngjeving og namnebruk i Oslo.

## HISTORIA BAK GATENAMNA I OSLO

Erlend Tidemann: *Historien bak Oslos gatenavn*. Dreyers forlag, Oslo 2021. 429 s.

I 1847 vart den fyrste gatenamnskommissjonen i Oslo, eller Christiania som byen heitte den gongen, utnemnd. Leiar var diktaren og professoren Johan Sebastian Welhaven, og med seg fekk han Thor Olsen, ein av dei rikaste kjøpmennene i byen og riksarkivar Christian Lange. Innstillinga som kommisjonen la fram, vart avvist, m.a. fordi dei hadde endra mange eksisterande namn og dessutan ville at ei gate skulle få nytt namn kvar gong ho gjorde ein sving! Ny kommisjon vart oppnemnd, framleis med Welhaven som leiar, og denne kom i 1852 med ny innstilling og som enda med at ei rekkje nye gatenamn vart vedtekne. Då var det gått nesten 100 år sidan siste gong det var gjort eit større arbeid med gatenamna i byen.

Dette kan vi lesa i *Historien bak Oslos gatenavn* av Erlend Tidemann. Boka er ruvande med sine 429 sider og inneheld mykje interessant og forvitneleg lesnad. Som vi kjenner godt til, kan stadnamn setja sterke kjensler i sving, og når det gjeld gatenamn, kjem også det *politiske* inn som ein ekstra dimensjon, fordi gatenamna er *døypte* namn, oftast fastsette av eit politisk organ. I ein storby som Oslo, blir dette særleg tydeleg. Historia bak gatenamna fortel difor aller mest om korleis dei som til kvar tid sit med makta, har fått høve til å “diktere den historien som skal skrives i gatenavnene”, som Tidemann seier, og syner brytningar mellom idear som nasjonalisme, konservatisme, arbeidarkamp og kvinnekamp.

Det største skiljet meiner Tidemann likevel er mellom det han kallar *urban namngjeving* og *forstads-* og *småstadsnamngjeving*. Han seier at folk i forstadene ynskjer å bu i ein veg med eit ufarleg og hyggeleg namn, ikkje med eit namn som har sterk verdifarge. I tillegg betyr namna i “utkanten” mindre for dei dei namngjevande myndighetene enn namna på sentrumsgatene. Då bykommunen Oslo og vart slegen saman med landkommunen Aker i 1948, vart dette tydeleg. Medan gatenamna i Oslo i hovudsak var vedtekne etter politisk debatt, var prosedyren i Aker “avpolitisert”. Dei lokale velforeiningane kom med framlegg, og dette var namn som bebuarane såg på som hyggelege og ufarlege. Desse framlegga gjekk til vanleg gjennom, og det var sjeldan formannskapet brukte den politiske makta si til å endra namn.

Boka er delt inn i tolv kapittel ordna kronologisk frå kapittel 1 *Gatenavn i Christiania fra 1624 til 1847* til kapittel 12 *Gate- og veinavnkomiteens svanesang 1968–1987*. Av og til kan kronologien i eit kapittel bli broten, som i kapittel 4 “*Om gatenavnenes skrivemåte*” 1926–1939, der forfattaren m.a. fylgjer diskusjonane om skrivemåten skal vera *-gaten* eller *-gata* frå 1920-talet og fram til i dag. Etter mitt syn er dette også det mest interessante kapittelet. Rettskrivingsreforma i 1917 hadde opna for ei rekkje såkalla folkemålsformer i riksmålet, t.d. endinga *-a* i hokjønnsord og bruk av diftong. I 1938 vart mange av desse formene obligatoriske, som *-a*-endinga, og dette året vedtok bystyret skrivemåten *-gata* i alle namn med dette namneleddet. Sjølv om fleire seinare prøvde å få endra *-gata* til *-gaten*, stod dette vedtaket heilt til 2010, då bydelsutvalet i bydel Frogner fekk gjennomslag for å nytta *-en*-ending. Samstundes skjedde det mykje på den politiske fronten i mellomkrigstida. Arbeidarpartiet vart ein maktfaktor, og dette synte seg også i debattane om gatenamn i Oslo. Konfliktane galdt ikkje berre skrivemåten, men også namneval og plassering, og eg synest Tidemann formidlar intensiteten i debattane godt. Han trekkjer fram mange einskildpersonar som har

prega arbeidet med gatenamn i Oslo, og ikkje alle kjem frå det med heile æra i behald!

I 1987 vart det slutt på gate- og vegnamnkomiteen i Oslo, og i dag er det dei einskilde bydelsutvala som avgjer gatenamna. Gatenamn i sentrum og tvistar om namn i bydelane blir avgjorde av byrådet. Det finst rett nok ein gatenamninstruks, men Tidemann seier at denne berre lemfeldig blir fylgd opp. Statusen til gatenamnsakene har såleis hatt eit formidabelt fall frå Welhavens første komité i 1847 til i dag.

Boka har ein epilog kalla “Gatenavn i middelalderbyen Oslo”. Her får vi vita at vi kjenner sju nemningar i mellomalderkjeldene som kan vera gatenamn og namn på eit torg og ei bru, og at det eldste heilt sikre dokumenterte gatenamnet er *Biskopsallmenningen*. Av dei vel 2700 gatenamna i Oslo i dag er *Kongens gate* det eldste namnet som er i bruk. Dette namnet kan dokumenterast tilbake til iallfall 1629.

Det er eit imponerende verk Erlend Tidemann har skrive. Ikkje minst blir eg imponert over alle sakspapira han har lese og lagt til grunn for framstillinga. Rett nok meiner eg boka hadde tent på å bli stramma inn, men som nemnt i innleiinga; her er mykje interessant og forvitneleg lesnad.

Terje Larsen  
terjelar1948@gmail.com

## LOFOTNAMN

Eli Johanne Ellingsve: *Lofotnavn – fra Røst til Raftsundet*. Orkana forlag 2021. 192 sider.

“Naturen i Lofoten er skiftende, dramatisk og inspirerende. Stedsnavna forteller om hvordan folk har sett og skildret havet og øyene, tatt landskapet i bruk og utnyttet det til livberging gjennom århundrer.” Sitatet er frå omslaget på boka *Lofotnavn – fra Røst til Raftsundet* av Eli Johanne Ellingsve. Statens kartverk har registrert om lag 11 000 namn i dette området, og i boka blir rundt 1000 av desse omtalte i meir enn 400 namneartiklar ordna i alfabetisk rekkjefylgje. I tillegg er det eit namneregister som gjer det lett å finna fram til enkeltnamn.

Namneutvalet er både styrt og tilfeldig, seier forfattaren. Ho har hatt som mål å ha med både godt kjende namn og mindre kjende namn med ei interessant nam-



nehistorie, og etter mitt syn ser utvalet ut til å vera godt gjennomtenkt. Artiklane er bygde opp etter eit fast mønster: *Oppslagsforma* er henta frå Sentralt stadnamnregister (SSR). Deretter fylgjer opplysning om *lokalitet* (t.d. gard, øy, fjell) og *lokalisering*. Lokaliseringa er gjort ved å visa til dei større øyane som Austvågøya og Vestvågøya. For gardsnamn og nokre andre namn er *eldre skrivemåtar* med. Desse er i hovudsak henta frå Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne. Bind 16. Nordlands Amt*. Opplysning om *kva slags ord* namnet inneheld, *språkhistorisk bakgrunn* og framlegg til *tolking* er sjølvstøtt med. Her byggjer Ellingsve særleg på nemnde Ryghs *Norske Gaardnavne*, den omfattande produksjonen til Finn Myrvang og hovudoppgåver om namn frå området. Ordforklaringane hentar ho for det meste frå *Norsk Ordbok*, og der ho finn det naudsynt, opplyser ho om ordformer i gamalnorsk. Dersom eit namn eller namneledd finst fleire stader i Lofoten, blir det drøfta berre éin stad, men med tilvisingar til andre artiklar i boka. Det er også tilvisingar til namn andre stader i Noreg, når det er aktuelt. Uttaleopplysningar er berre sjeldan med.

Boka har eit opplysende innleiingskapittel. Her blir stadnamna sette inn i eit historisk perspektiv, og vi får svar på kvifor det er viktig å ta vare på stadnamn. Dessutan er boka utstyrt med ei rekkje flotte bilete, dei fleste i fargar, som illustrerer både landskap og enkeltlokalitetar.

Eit par merknader til slutt. Som nemnt ovanfor, blir lokaliseringa gjort ved å visa til dei større øyane. Det er for så vidt greitt nok, men det føreset ein viss lokal kunnskap. Eg trur at eit områdekart hadde gjort boka lettare å orientera seg i for oss som ikkje er så kjende i området. I innleiinga seier Ellingsve elles at dei lange øynamna er forkorta i lokaliseringa, t.d. *Aust* for *Austvågøya* og *Mosk* for *Moskenesøya*. Så vidt eg kan sjå, er ikkje det gjort. Dette er likevel for smårusk å rekna. Eli Ellingsve skal ha all ære for ei informativ og vakker bok som bør nå ut til eit stort publikum.

Terje Larsen  
terjelar1948@gmail.com

## **ORTNAMNEN I GÖTEBORGS OCH BOHUS LÄN (OGB) FULLFÖRT**

Det første bindet av OGB, Ortnamnen i Sävedals Härad jämte gårds- och kulturhistoriske anteckningar, utkom i 1923 i regi av Institutet för ortnamns- och dialektforskning vid Göteborgs Högskola. Den ansvarlige utgiveren var Hjalmar Lindroth, «institutets sekreterare och undersökningsledare». Blant flere medarbei-

dere i dette bindet må særlig nevnes professor Evald Lidén og David Palm («instituttets nuvarande assistent»). Sistnevnte skulle etter hvert bidra med flere utgivelser i serien (bd. 3, sammen med Ivar Lundahl i 1932, bd. 8 i 1963 og bd. 12:2 i 1978). Lindroth hadde tidligere skrevet om herreds- og soknenavn i Båhuslen (1918) og om kyst- og skjærgårdsnavn (1922).

Med OGB 1 var planen og mønsteret lagt for utgivelsen av de følgende bindene, og med forbilledlig svensk systematikk ble dette fulgt – med bare mindre forbedringer – fram til det sist utkomne bindet, OGB 13 Ortnamnen i Stångenäs härad. 1. Bebyggelsenamn, utg. 2021 av Institutet för språk och folkminnen. Avdelningen för arkiv och forskning i Göteborg. Forfatterne av dette siste bindet har vært Roger Wadström (1906–1994), Hugo Karlsson (1929–2020) og Catarina Røjder (f. 1950).

Utgivelsesplanen innebar at lenets 19 herreder (+ Göteborgs stad) skulle behandlet sørfra, og de tre nordligste herredene, Bullaren, Tanum og Vätte, som kanskje har størst interesse sett fra norsk ståsted, fikk således nr. 18 (utg. 1938), 19 (utg. 2006 og 2013) og 20 (utg. 1943–44 og 1958). Men også de øvrige bindene har stor verdi som sammenlikningsmateriale for norske navnestudier.

I hvert herredsbind presenteres bostedsnavnene alfabetisk for hvert enkelt sokn, fulgt av «I ä[ldre] handlingar upptagna, nu försvunna bebyggelser». Formuleringen er seinere noe endret, i bd. 13 f.eks. til: «I äldre handlingar anträffade, ännu ej identifierade namn (alla kanske inte bebyggelsenamn)» og i bd. 14: «Namn som är belagda i äldre källor och inte har kunnat säkert lokaliseras till [...] socken».

For hvert enkelt navn oppgis (en ofte sterkt) normert oppslagsform, uttale i landsmålsalfabetet, eldre skriftformer, eiendomstype (gård, «by» o.l.), ofte også preposisjonsbruk og innbyggerbetegnelse, og endelig en tolkning. Navn på «hemmansdelar» og «torp och lägenheter» omtales mer kortfattet.

Etter bostedsnavnene følger en omfattende oversikt over «Naturnamn samt kulturnamn som ej avse bebyggelse» (bd. 18 s. 150); for fire herreders vedkommende er disse drøftet i egne bind (bd. 6:2, 13, 14 og 19), ofte med en annen forfatter enn bindet om bostedsnavn. For øvrig er to store herreder, Lane og Vätte, utgitt i i to bind, hhv. bd. 12 og 20, noe som har medført at OGB til sammen består av 25 til dels voluminøse bind.

Mengden av behandlede naturnavn er overveldende, og materialet er inndelt etter denonata, f.eks. «I. Sjöar, tjärn, pölar; vikar; sund», «VI. Kärr, mossar, mader» og «IX. Skogar och lundar» (bd. 18: 150, 239, 309). Hvert bind inneholder også register over stedsnavn, personnavn, tilnavn og ord.

«Varje enskild del är också försedd med en utförlig inledning, där det redogörs för häradets kamerala och kyrkliga historia, naturförhållanden, vegetation, fauna, näringar, fornminnen, ortnamnsskicket och dialekten.» (<https://www.isof.se/lar-dig-mer/forskning/projekt/projektet-ortnamnen-i-goteborgs-och-bohus-lan-ogb>)

Innledningene omfatter også litteraturfortegnelse, forkortelsesliste og en kort forklaring av landsmålsalfabetet.

Ifølge nettsida til Institutet för språk och folkminnen kan flere av bindene nå leses digitalt:

<https://www.isof.se/lar-dig-mer/publikationer/ortnamnsserier/ortnamnen-i-goteborg-och-bohus-lan>

Tom Schmidt  
tom.schmidt@iln.uio.no

## **BOK TIL MINNE OM KRISTIAN STRØMSHAUG**

*Kristian. Årbok for Østfold mållag 2021.* Red. Ragnhild Lier. Fredrikstad. 106 s.

I 2021 var det hundre år sidan Kristian Strømshaug blei fødd. I dette høvet er første halvdel av årboka for Østfold mållag eit minneskrift om denne kulturpersonen. Kristian Strømshaug voks opp på garden Strømshaug i Råde, var odelsgut, tok utdanning som agronom og dreiv som bonde i ein del år. Men etter kvart overlét han gardsdrifta til slektingane, slik at han fullt og heilt kunne konsentrere seg om interessene for tradisjonsinnsamling og heimleg kultur. Hos Kristian utvikla desse interessene seg på ein måte som var svært vidfemnande, ja, nærast altomfattande: dialekt, stadnamn, munnleg tradisjon, målsak og mållagsarbeid, museumsarbeid, gamle handverkstradisjonar og byggeskikk – for å nemne nokre stikkord. Kristian Strømshaug er rekna som den største kulturberaren i Østfold i vår tid. For innsatsen blei han i 2001 heidra med Kongens fortanestmedalje i gull.

Det som utgjer minneskrift-delen i årboka går fram til side 37 og består av sju artiklar. Først kjem ”«Ærven vår, den ske leva», sa Kristian Strømshaug”, av Ragnhild Lier, ein biografisk artikkel med ved vekt på målgranskinga. Deretter kjem artikkelen «Stadnamn- og målføregranskaren Kristian Strømshaug», av

Botolv Helleland. Her blir me kjende med arbeidsmåtane og metodane til ein som var – slik Helleland uttrykker det – «sjølvlærd i beste meininga av ordet».

Kristian Strømshaug var tidleg ute med å skaffe seg bandspelar for å gjere lydopptak med informantar. Det skjedde allereie på slutten av 1940-talet. På denne måten fekk han samla svært mykje dokumentasjon som både Stadnamnarkivet og Målførearkivet i Oslo og mange andre fekk stor nytte av.

Dei neste artikkane handlar for ein stor del om verksemda ved Borgarsyssel museum. Anders Ericson har intervjuet Sven G. Eliassen som i mange år arbeidde saman med Strømshaug der. Han får spørsmålet: «Kristian hadde så mange felt han var opptatt av. Dekka han heile spekteret også på museet?» Og Eliassen svarer: «Ja, han fekk utfalde seg både med registrering av dialekter, språk og stadnamn og det eldre landbruket frå reiskapar til gardstun, og i tillegg lafting og restaurering av bygningar» (s. 26).

På side 36, mot slutten av minneskriftet, har Botolv Helleland laga ei oppstilling av publikasjonar av Kristian Strømshaug. Den inneheld ti titlar, for det meste i vanleg artikkelformat. Men sist på lista er det to bøker som ruver i omfang, og som for seg sjølv taler sitt tydelege språk om den mangesidige kulturberaren han var. Den eine har tittelen *Lafting. Emne og omgangsmåte*, 124 sider, på Landbruksforlaget 1997. Den andre *Mål i Østfold*, xxx+ 326 sider, Novus forlag 1995.

Om Kristian Strømshaug er ord som ‘smålåten’, ‘tillitsfull’, ‘venleg’ karakteristiskar som går igjen hos dei som kjende han. Sjølv fekk eg gleden av å møte og å tale med Kristian Strømshaug to gonger i livet. Første gongen var på Universitetet i Oslo 22. november 1985 under den nasjonale stadnamnkonferansen det året. Me var begge ute i god tid. Kristian fortalde meg at han var bonde frå Råde i Østfold, og sterkt interessert i språk og stadnamn, og at han i dag for første gongen skulle halde konferanseinnlegg på eit universitet. Temaet hans var bruk av målføre i lokalhistoriske framstillingar (trykt i konferanserapporten frå 1987). Det blei ein lengre og svært hyggeleg prat mellom oss, og etter ei stund kom også Alv Muri og Kåre Hoel, som Kristian kjende godt frå før, med i samtalen.

Den andre og siste gongen me treftest, var mange år etter, på stadnamnkonferansen 9. mai 2003. Då eg såg at Kristian kom imot meg og ville takke for sist, blei eg svært glad. For møtet med denne usedvanlege kulturberaren atten år tidlegare hadde gjort eit stort og varig inntrykk. Det var ei stor oppleving å få møte Kristian Strømshaug – enno ein gong.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uia.no

## TUNGT TYSK FESTSKRIFT I LEIPZIG

*Namenforschung und Namenberatung. Dietlind Kremer und Gabriele Rodríguez zum 60. Geburtstag.* Red. Karlheinz Hengst. (Onomastica Lipsiensia. Leipziger Untersuchungen zur Namenforschung). Band 14. Leipziger Universitätsverlag 2021. 659 sider.

Med dette tunge verket, både i omfang, sidetal og fagleg innhald vert dei to namnegranskarane Dietlind Kremer og Gabriele Rodríguez heidra i samband med at dei bae runda 60 år i 2021. Bae har lang fartstid ved Namenkundliches Zentrum i Leipzig, som er det største namnegranskarmiljøet i Tyskland. *Namenforschung und Namenberatung* er samstundes ei markering av at dette senteret rundar 70 år. Utgjevaren Karlheinz Hengst, med god hjelp av fleire, har gjort ein kjempejobb med å redigera boka som inneheld 37 artiklar fordelte over dei 659 sidene. To av artiklane omtalar dei to jubilantane. For bae er det med bibliografiar som viser den omfattande og breie faglege innsatsen deira gjennom mange år. Elles er artiklane ordna alfabetisk etter forfattaren. Det gjev eit enklare opplegg enn om ein skulle ordna dei etter innhaldet. Men sjølv om tittelen «namnegransking og namnerådgeving», er tematisk overordna, er emneområdet for dei einskilde artiklane så ulikt at dei kunne ha vore samla under til dømes stadnamn, personnamn, andre namn og namn i litteraturen. Rett nok er dette bandet i *Onomastica Lipsiensia* samstundes eit festskrift, og då er det ein viss tradisjon for å nytta ei alfabetisk inndeling etter forfattar.

Som ventande er dei fleste bidragsytarane frå Tyskland. Tretten er frå andre land, men berre fire av dei skriv på andre språk enn tysk (to på fransk, ein på italiensk og ein på spansk). Emnevalet er vidt, men med større vekt på namn i bruk enn på etymologi og språkhistorie. Det vil føra for langt her å koma inn på alle bidraga, så me nøyer oss med eit utval. To av medarbeidarane, Rosemarie Gläser og Edgar Hoffmann, var avlidne før boka kom ut. Artiklane deira tek for seg høvesvis jødiske gatenamn i Dresden og krematonym (produktnamn o.l.) avleidde av personnam.

Elles er rådgeving om namn emne for fleire artiklar (det kjem òg fram i tittelen på boka); m.a. skriv utgjevaren om det pedagogiske og offentlege ansvaret innan namnetenesta. I liknande banar tenkjer Albrecht Greule i sitt bidrag om namnerådgeving og språkkultur. Peter Ernst er oppteken av rettskrivingsproblematikken i uttrykk som ligg i grenseområdet mellom namn og nemne. Sjølv er eg

representert med ein artikkel om tretti års praktisering av den norske stadnamnlova og dei utfordringane ho stiller til namnegranskinga.

Diana Ascher skriv om eldre namn på bydelar, teignamn, vassfar og gatenamn i Hamburg og finn der døme på ordtilfang som er meir eller mindre borte no. Wolf-Armin Freiherr von Reitzenstein kastar eit fagkritisk blikk på forklaringar av høgdenamn i avisa *Münchner Merkur* og etterlyser større bruk av kjelder. Claudia Maria Korsmeier skriv om korleis ei gruppe eigarbaserte gardsnamn (Hofnamen) i det austlege Westfalen har oppstått.

Det notidige aspektet i namngjeving kjem til uttrykk i bidraget til Sandra Herling. Ho er oppteken av kva Black Lives Matter og andre uttrykk for rasediskriminering har fått å seia for eksisterande og ny namngjeving, både stadnamn, produktnamn og andre namn. Namn på farmasøytiske produkt og økonomiske interesser har oppteke Saskia Luther. Milan Harvalík diskuterer popularisering av namnegransking i media, medan Dieter Kremer skriv om namnegransking og publikum. Volker Hellfritsch ser på popularisering av namnegransking i lokale tidsskrift. Eit nærståande emne opptek også Rosa og Volker Kohlheim i ein artikkel om formidling av personnamntydingar i media. Anikó Szilágyi-Kósa gjer greie for eit historisk basert inventar av ungarske førenamn.

*Namenforschung und Namenberatung* viser at det er mange innfallsvinklar i namnestudiet, og at fagleg innsikt må leggjast til grunn for råd og informasjon om namn til ålmenta.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

### **FORNAMN PÅ BARN I LARVIK OG BRUNLANES 1865 OG 1925**

Karoline Dolven Liberg: *Navnerenessanse i Larvik og Brunlanes? Sammenligning av navnemateriale fra 1865 og 1925*. Masteroppgave i nordisk språk ved lektorutdanninga, NOR–3982. UiT – Norges arktiske universitet, våren 2021. 84 s. (inkl. vedlegg).

Masteroppgåva til Karoline Dolven Liberg har tittelen *Navnerenessanse i Larvik og Brunlanes? Sammenligning av navnemateriale fra 1865 og 1925*. Ein meir

dekkande tittel for innhaldet kunne ha vori t.d. *Sammenligning av navnemateriale fra 1865 og 1925 i Larvik og Brunlanes – med vekt på de nordiske navna*. Namn som kan knytast til den nordiske namnerenessansen, utgjør nemlig ein mindre del av dei nordiske namna i oppgåva. Dessutan har ho ein del stoff om innlånte namn.

Liberg gir eit greitt oversyn over viktige trekk ved framveksten av den nordiske namnerenessansen i siste halvdel av 1800-talet. Ut frå dette kunne ein kanskje ha venta at ho også hadde brukt samanlikningsmateriale frå t.d. år 1900, for på det tidspunktet stod renessansenamna sterkare i Noreg enn i dei to åra ho har valt som samanlikningsgrunnlag (1865 og 1925).

Jamført med andre masteroppgåver om personnamn omfattar Libergs oppgåve forholdsvis få namneberarar. Av dei statistiske opplysningane hennes på s. 23–24 kan ein rekne seg fram til at materialet hennes inneheld namn på 547 barn (291 gutar og 256 jenter). Dette er atskillig færre enn det som har vori vanlig i masteroppgåver om personnamn. Til gjengjeld har Liberg hatt mykje arbeid med å skrive av dei skanna kyrkjebøkene som Arkivverket har lagt ut på nettet, mens andre masterstudentar oftast har brukt digitalisert namnemateriale frå folketeljningar på 1800-talet, noko som sparer studentane for tidkrevjande arbeid med å skrive av t.d. skanna kyrkjebøker.

I namneundersøkingar har det ofte vori vanlig å sjå bort frå statistikk som inkluderer namn i 2. og 3. posisjon, t.d. *Marie* i *Anne Marie*. Liberg tek også med namn i 2. og 3. posisjon, og dermed blir talet på *namneførekomstar* (jf. den svenske termen *löpnamn*) i materialet hennes høgare (881) enn talet på namneberarar (547).

Ved lemmatiseringa av materialet sitt har ho valt å leggja til grunn det såkalla arki-nivået, og dette inneber at også namn med liten lydlig variasjon, t.d. *Ivar* og *Iver*, blir slått saman – i tillegg til namn med reint ortografisk variasjon, t.d. *Thora* og *Tora*. I nokre tilfelle kan samanslåing på arki-nivå dekke over forskjellar som er interessante for Libergs formål, t.d. i det lemmatiserte namneparet *Anna* og *Anne*. Mens *Anna* inngår blant dei innlånte namna (nærmare bestemt dei kyrkjelige namna), kan det vera mest nærliggande å klassifisere *Anne* – ikkje som eit kyrkjelig namn, som Liberg gjør – men som eit nordisk namn, nærmare bestemt justert form på nordisk grunn av det innlånte *Anna*. Det har rett nok vori eit problem ved namneklassifiseringa kva ein skal gjøra med dei innlånte namna som har fått ei lydlig justering på nordisk grunn, t.d. *Kari*, *Karen* og *Karin*, som går tilbake til *Katarina*. Skal dei reknast som innlånte eller nordiske? Slike namn som *Kari* og *Karen* kallar Liberg «navn justert på nordisk grunn» (s.

17), og ho lèt dei inngå som ei undergruppe av nordiske namn. Også det frekvente *Anne* kunne ha vorti plassert i denne undergruppa.

Eit interessant – og originalt trekk – ved Libergs klassifisering er at ho også opererer med ei gruppe namn som har fått ei lydlig justering utanfor Norden. Dette gjeld t.d. *Jan* som bl.a. i lågtysk og nederlandsk er ei justering av det bibelske *Johannes*. Slike justerte namn, som er kortare enn opphavsnamna, har ho plassert i ei undergruppe av innlånte namn – saman med bl.a. utanlandske kortformer og kjæleformer, t.d. *Erna* (tysk kortform av *Ernesta*). Dette er ei fornuftig løysing. *Jan* kjem altså blant dei innlånte namna som er justerte utanfor Norden, mens t.d. *Kari* og *Karen* høyrer til dei nordiske namna (justerte på nordisk grunn).

Av sentrale resultat i Libergs oppgåve kan det nemnast at dei nordiske namna – både gutenamna og jentenamna – har hatt stor framgang frå 1865 til 1925. Denne framgangen kan Liberg påvise både i Larvik og Brunlanes. Dei innlånte namna har gått tilbake frå 1865 til 1925, og dette gjeld særlig dei såkalla moveringane, dvs. kvinnenamn laga til mannsnamn, t.d. *Henrikke* til *Henrik* og *Petrine* til *Peter*. Dette er ein innlånt namneskikk, og den tilbakegangen som Liberg kan påvise, er i samsvar med tidligare undersøkingar.

### **Ein ekstrakommentar**

Sidan 1990-åra har det vorti innlevert 25 hovudoppgåver og masteroppgåver i namnegransking ved Universitetet i Tromsø. Dei aller fleste av desse gjeld personnamn. Det er prisverdig at Endre Mørck tok på seg å rettleie Liberg like før han gjekk av med pensjon. På dette tidspunktet hadde Aud-Kirsti Pedersen for lengst gått over til namnestilling i Kartverket. Sjølv hadde eg rettleiaransvar fram til 2015 (som 73-åring) da den siste masterstudenten min leverte inn oppgåva si. Det må dessutan nemnast at Helge Stangnes, med hovudoppgåve om stadnamn på Senja, har rettleidd mange studentar som har skrivi semesteroppgåve om stadnamn. Med Libergs masteroppgåve i 2021 er det nok slutt på ein lang epoke med stor interesse for namnegransking blant studentane ved Universitet i Tromsø. Dessverre er det ikkje lenger nokon tilsett ved UiT som har namnegransking som hovudinteresse.

Gulbrand Alhaug  
gulbrand.alhaug@uit.no



## ADJEKTIVISKE FYRSTELEKKAR I SAMANSETTE STADNAMN

Wen Ge: *Kasusformer av adjektiviske førsteledd i sammensatte stedsnavn fra Ullensvang*. Masteroppgåve i Viking and Medieval Norse Studies ved Universitetet i Oslo. Våren 2021. 48 sider + vedlegg (30 studiepoeng). [Tilgjengeleg elektronisk ved søk på forfattar og tittel.]

Sjølv om namnegransking er lagd ned som fag ved Universitetet i Oslo, er ikkje disiplinen heilt borte. Dei pensjonerte namnegranskarane frå det tidlegare Avdeling for namnegransking (Norsk stadnamnarkiv) har halde fram i faget på meir eller mindre på privat basis med utgjeving av bøker og artiklar, foredrag og kursverksemd. Men sidan det ikkje lenger er noko undervisningstilbod i faget, har tilgangen på studentar så å seia stansa opp. Det var såleis eit særstykke då den kinesiske studenten Wen Ge i 2020 byrja på det andre studieåret i mastergraden sin i Viking and Medieval Norse Studies ved Universitetet i Oslo og våren 2021 kunne levera inn masteroppgåva si om eit så spesielt emne som *Kasusformer av adjektiviske førsteledd i sammensatte stedsnavn fra Ullensvang*. Wen Ge har tidlegare vore student i Scandinavian Studies of Linguistics ved Universitetet i Edinburgh, og i 2019 tok han bachelorexamen med ei engelskspråkleg oppgåve om normering av adressenamn i Indre Hardanger.

I masteroppgåva drøfter han, slik tittelen indikerer, kasusformer av adjektiviske fyrstelekkar i samansette stadnamn. I Hardanger finn ein namneformer som *Storamyr* og *Storemyr*, og nettopp denne vekslinga har Wen Ge undersøkt. Problemstillinga er nemnd i nokre hovudoppgåver, som hjå Botolv Helleland (1970), Olav Veka (1971), Harald Stautland (1976) og Hermund Fenne (1976), og desse er samde om at opphavet til dei avvikande bøyingsformene er ei oblik kasusform. Men emnet er ikkje tidlegare systematisk etterrøkt i Noreg. Det er såleis imponerende at ein student med utanlandsk bakgrunn har teke for seg ei så spesiell problemstilling. Under arbeidet med bacheloroppgåva sette forfattaren seg inn i hardingmålet, og denne kunnskapen har kome til nytte i masteroppgåva.

Han tek utgangspunkt i at på Sørvestlandet kan bøyingsendinga til adjektivet i førsteleddet i samansette stadnamn formelt visa attende på oblik kasus i gammalnorsk, til dømes *Djupadal*, jf. gno. hankjønn nominativ *djúpi*, oblik *djúpa*, og *Storemyr*, gno. hokjønn nominativ *stóra*, oblik form *stóru*. Dette er eit avvik i adjektivbøyinga i samansette stadnamn, sidan adjektivet vanlegvis får *-e* i hankjønn og *-a* i hokjønn på Sørvestlandet, til dømes *Djupedalen*, *Storaskredo*.

Føremålet med granskinga er å kartleggja i kva omfang avviket i adjektivbøying førekjem, i kva omfang stadnamn med dette avviket står i ubunden form, og ikkje minst peika på årsakene til avviket.

Materialet for etterrøknaden er 558 stadnamn frå den tidlegare kommunen Ullensvang i Hardanger. Stadnamna er henta frå stadnamnbasen *Hordanamn* ved Universitetet i Bergen og valde ut på grunnlag av ei rekkje språklege og ikkje-språklege kriterium.

Arbeidet viser at avviket i adjektivbøying førekjem i etter måten liten grad i Ullensvang, og at dei fleste namna med avviket står i ubunden form. Forfattaren får overtydande fram at dei avvikande formene må ha opphav i ei oblik kasusform. Dette vert underbygd også ved at slike namneformer ofte opptrer saman med andre arkaiske trekk, som ubunden form og indre bøying av adjektivet i stadnamn av hokjønn, til dømes *Brottemyr* f. (<*Bratt*-), *Longeskor* (<*Lang*-), jf. gno. hokjønn eintal nominativ *bratta*, *langa* i høve til dei tilsvarande oblike formene *brøttu*, *lõngu*.

Når oblike former av adjektivet i samansette stadnamn har stivna, kan det m.a. forklårast av frekvent førekomst av oblike former i paradigmet for den svake adjektivbøyinga i gamalnorsk, og eventuelt av frekvent bruk av stadnamn i ein oblik kontekst. Samansette stadnamn kan tenkjast å ha hatt ordinern bøying, som er ein avgjerande føresetnad for bøyinga av adjektivisk førsteledd.

Materialet er oppsett og typologisert i oversiktlege tabellar. Den rikholdige litteraturlista syner at forfattaren er godt orientert i relevant faglitteratur. Med denne masteroppgåva demonstrerer Wen Ge at han har solide namnefaglege kunnskapar og ei sikker evne til å utvikla ein metode for å analysera eit stadnamnmateriale, i dette høvet stadnamn med adjektiv som fyrsteledd.

Teoridelen kunne ha vore noko meir utbygd, men dette står likevel fram som eit fortenestfullt arbeid.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2019–2020

Namnebibliografien femner om namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utanlandske granskarar når dei drøftar norske namn, publiserer/skriv i eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Innførlene er ordna alfabetisk etter forfattar utan omsyn til emne. Vi bed lesarane melda frå til redaksjonen om feil og manglar.

Terje Larsen  
[terjelar1948@gmail.com](mailto:terjelar1948@gmail.com)

### 2019

- Akselberg, Gunnstein. Stadnamn i knipe. *Nytt om namn* 67/68, s. 11–16.
- Akselberg, Gunnstein. [Melding av] *Mellannorrland i centrum*. Språklige och historiska studier tillägnade professor Eva Nyman. Red. av Lars-Erik Edlund och Elzbieta Strzelecka under medverkan av Thorsten Andersson. Kungl. Skytteanska Samfundets Handlinga 77/Nordsvenska 26. Umeå: Kungl. Skytteanska Samfundet/Institutionen för språkstudier, Umeå universitet 2017. *Namn og nemne* 36, s. 105–113.
- Alhaug, Gulbrand. Når namn byggjer nasjon. *Norsk Tidend* 2019 (3), s. 14–17.
- Alm, Torbjørn. Drivved og drivtømmer i norsk folketradisjon. *Blyttia* 77 (2019), s. 247–270.
- Aune, Kolbjørn. Øynamnet Asen i Bjugn. Norrønt eller samisk opphav? *Årbok for Fosen* 2019, s. 7–10.
- Berg, Ivar. 100 år med nygamle fylkesnamn. *Norsk Tidend* 2019 (5), s. 15–17.
- Bjorvand, Harald. *Mo og Frøland*. *Namn og nemne* 36, s. 31–45.
- Coleman, Nancy. Skandinaviske namn i det nordatlantiske området. [Omtale av] *Scandinavian Names and Naming in the mediavel North-Atlantic Aera*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23–25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) , Uppsala: NORNA-förlaget 2017. *Nytt om namn* 67/68, s. 95–98.
- Gammeltoft, Peder. Den digitale fremtid for stednavne. *Nytt om namn* 67/68, s. 23–33.
- Hammersmark, Marit. Personnavn som kulturformidlere. *Nytt om namn* 67/68, s. 85–87.
- Harsson, Margit † . Gunhild Birkeland 1930–2019. *Nytt om namn* 67/68, s. 71–74.

- Haslum, Vidar. Klassifisering av yngre bostedsnavn. Geografiske, kronologiske og kontekstuelle variasjoner. I: *Bebyggelsens dynamik*. Handlingar frå NORNA:s 47:e symposium i Lund 11–12 maj 2017. Red. av Kristina Neumüller og Elin Pihl. (NORNA-rapporter 97.) Uppsala, s. 17–27.  
<https://5dok.org/document/lq5m3dgy-bebyggelsenamnens-dynamik-norna.html>.
- Haslum, Vidar. Soknenavn i Østfold fra middelalderen. [Omtale av] Ole Gunerius Deli: *Gamle uttalenære skrivemåter av stedsnavn. Soknenavn i Østfold fra middelalderen*. Masteroppgave i nordisk. Universitetet i Oslo. Høsten 2018. *Nytt om namn* 67/68, s. 105–105.
- Heide, Eldar. Hustadvika. *Nytt om namn* 67/68, s. 78–81.
- Heide, Eldar. *Jomfruland, Jungfrun, Landegode og Godøya* på Sunnmøre – ikkje farlege, men reine og gode? *Namn og nemne* 36, s. 47–78.
- Heinesen, Line Lysaker. Vedtak i klagenemnda 2018. *Nytt om namn* 67/68, s. 51–55.
- Helleland, Botolv. Frysja og Akerselva. *Nytt om namn* 69/70, s. 65–66.
- Helleland, Botolv. Kven eig namna? *Klassekampen* (avisartikkel) 8. juni 2019.
- Helleland, Botolv. Namnekonsulentordninga frå starten. *Nytt om namn* 69/70, s. 15–17.
- Helleland, Botolv. Litterær namnegransking. [Omtale av] Martyna Gibka: *Literary onomastics. A theory*. ArchaeGraph Wydawnictwo Naukowe. Łódź 2019. *Nytt om namn* 67/68, s. 100–101.
- Helset, Stig J. Kva for motiv ligg bak namngjeving? Ei gransking med utgangspunkt i namn på klatreruter. *Namn og nemne* 36, s. 79–96.
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 18. Trøgstad*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag, 515 s.
- Holter, Jofrid. Gardsnamn i Askvoll. [Omtale av] Kristin Heggheim Mjaaseth: *Gardsnamn i Askvoll kommune*. Ein diskusjon av tolkingane i “Norske Gaardnavne” bind 12. Masteroppgåve i nordisk språk. Universitetet i Bergen. Våren 2018. *Nytt om namn* 67/68, s. 102–104.
- Hovdenak, Marit. Femti år med norske olje- og gassfelt. *Nytt om namn* 67/68, s. 81–84.
- Indseth, Arne. Fra Røraas til Røros – et stridsspørsmål. *Fjell-folk*. Årbok for Røros-museet 44, s. 12–13.
- Johannessen, Ole-Jørgen. Stadnamn i knipe – oppsummering. *Nytt om namn* 67/68, s. 48–51.
- Larsen, Terje. Veggen inn i stadnamnlitteraturen. *Nytt om namn* 67/68, s. 44–47.

- Larsen, Terje. Endringar i lov om stadnamn. *Nytt om namn* 67/68, s. 64–66.
- Larsen Terje. Etternamna våre. [Omtale av] Arne Torp: *Etternamna våre. Fra Astrup til Åstorp*. [Bergen]: Vigmostad og Bjørke 2018. *Nytt om namn* 67/68, s. 92–94.
- Larsen, Terje. Nye skrivereglar for norskspråklege stadnamn. *Nytt om namn* 67/68, s. 66.
- Larsen, Terje. Norsk namnebibliografi 2017. *Nytt om namn* 67/68, s. 105–112.
- Myrvang, Finn. Inspirerer i nord, irriterer i sør? *Håøygminne* 25 (2019), s. 269–310. [Om samisk opphav i rudnavn i Sør-Norge.]
- Myrvang, Finn. Gildeskål og andre skåler. *Håøygminne* 25 (2019), s. 333–339.
- Myrvang, Finn. Frå tro til tru. *Håøygminne* 25 (2019), s. 342–344.
- Myrvang, Finn. I fara til finnmarkingen bak “Finnmarkingen”. *Håøygminne* 25 (2019), s. 381–398.
- Myrvoll, Klaus Johan. Fanst det eit eige namn *Solli* i Noreg i mellomalderen? *Namn og nemne* 36, s. 7–30.
- Mørkved, Brynjar. Høring og endring av lov om stadnamn. *Nytt om namn* 67/68, s. 88–90.
- Namn og nemne* 36. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. av Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2019, 120 s.
- Nytt om namn* 67/68. Meldingsblad for Norsk namnelag. Med rapport frå konferansen “Stadnamn i knipe” 16. november 2018. 112 s.
- Ore, Christian-Emil. Strategi for registrering av smånavn. *Nytt om namn* 67/68, s.16–22.
- Pihl, Elin. [Melding av] *Scandinavian Names and Naming in the mediavel North-Atlantic Aera*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23–25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) Uppsala: NORNA-förlaget 2017. *Namn og nemne* 36, s. 97–104.
- Schmidt, Tom. Sjø Hoel, Kåre.
- Svanevik, Anne. Kartverkets rolle i bruk av stedsnavn. *Nytt om namn* 67/68, s. 34–38.
- Svanevik, Anne. Korleis blir stadnamna fastsette? *Nytt om namn* 67/68, s. 66–69.
- Særheim, Inge. [Melding av] *Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län 14*. Ortnamnen i Sotenäs herad 1. Bebyggelsenamn. *Namn och bygd* 107, 4 s.
- Særheim, Inge. Godfar – noanemne for ‘bjørn’ i nokre sørvestnorske stadnamn? *Namn och bygd* 107, s. 61–74.

- Særheim, Inge. Low German influence on the Scandinavian languages in late medieval times – some comments on loan words, word-forming, syntactic structures and names. I: *German Trade in the North Atlantic c. 1400–1700. Interdisciplinary Perspectives AmS-Skrifter 27*. Red. av Natascha Mehler, Max Gardiner og Endre Elvestad. Arkeologisk Museum i Stavanger, s. 153–161.
- Særheim, Inge. Skrivemåten av stadnamn. *Vindtreet*. Sogeskrift for Vindafjord 28, s. 108–111.
- Sørdal, Gøril Grov. *Frå Mumletjønn til Gnuldrehei. Våre villaste og raraste stadnamn*. Oslo: Spartacus forlag. 208 s.
- Sørdal, Gøril Grov. Kva er eit stadnamn? *Språknytt*. Årg. 47, nr. 1 (2019), s. [26]–30.
- Tideke, Helge. Noen stedsnavn : med en del folkløse fra Nord- og Sør-Norge. *Hålføygminne 25* (2019), s. 399–411.
- Utne, Ivar og Torodd Kinn. Da Gjert kom til Bergen. I: *Fonologi, sosiolingvistik og vitenskapsteori*. Festskrift til Gjert Kristoffersen. Red. av Jan Kristian Hognestad, Torodd Kinn og Terje Lohndal. Oslo: Novus forlag, s. 315–334.
- Veka, Olav. Frå Vinterhus til Vættrus til Vetthus. Utvikling av etternamn til gardsnamn. *Nytt om namn 67/68*, s. 39–44.
- Veka, Olav. [Melding av] Arne Torp: *Etternavnna våre. Fra Astrup til Åstorp*. [Bergen]: Vigmostad og Bjørke 2018. *Namn og nemne 36*, s. 114–118.
- Veka, Olav. Bustadnamn i Råde. [Omtale av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 17. Råde*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2018. *Nytt om namn 67/68*, s. 90–92.
- Veka, Olav. Mellom heilage og profane namn. [Omtale av] *Onomastics between Sacred and Profane*. Red. av Olivia Felecan. Vernon Press. Series in Language and Linguistics 2019. *Nytt om namn 67/68*, s. 98–99.
- Wikstrøm, Solveig. Namn som kjelder. [Omtale av] *Namn som kjelder*. Rapport frå den sekstande nordiske namneforsarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. Uppsala: NORNA-förlaget 2017. *Nytt om namn 67/68*, s. 94–95.
- Worren, Dagfinn. Norske gatenamn i Berlin. [Omtale av] Alexander Häusser og Jørgen Norheim: *Norwegerstrasse. Frå Berlin til Stalheim via Nordkapp*. Oslo: Det Norske Samlaget 2019. *Nytt om namn 67/68*, s. 100.

### Tillegg 2013

- Johannessen, Ingeborg ofl. *Nært på. Stedsnavn på Neverdal*. Meløy historielag. Ørnes 2013. 88 s. [Elevaktivitet, Neverdal skole].

Tillegg 2015

Todnem, Brit Sissel. *Stedsnavn i Riska*. Sandnes: Commentum forlag. 190 s. (= Årbok nr. 8 frå Riska historie- og museumslag).

Tillegg 2018

Haslum, Vidar. Et blikk på bostedsnavn i Søgne. *Søgne historielag. Årbok 2018*, s. 25–36.

**2020**

Akselberg, Gunnstein. Om namneforma Volda Campus Sparebank 1 Arena (VCA). *Møre-Nytt* 8. desember 2020.

Akselberg, Gunnstein. På Voss og i Voss. *Hordaland* 6. juni 2020.

Alhaug, Gulbrand. Botolv – 80 år. *Nytt om namn* 69/70, s. 48–50.

Alhaug, Gulbrand. Dobbeltnavn blant ungdom i Hordaland. [Omtale av] Marianne Senneseth: *Bruk av dobbeltnavn blant hordalandsungdom mellom 16 og 19 år*. Masteroppgave i nordisk. NOLISP350. Universitetet i Bergen, våren 2018. *Nytt om namn* 69/70, s. 84–85.

Alhaug, Gulbrand. Gardsnamn i Stange-bygda brukt som etternavn. *Gammalt frå Stange og Romedal* 2020, s. 129–155.

Aune, Kolbjørn. Bustadnamn i Østfold – Trøgstad. [Omtale av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold* 18. *Trøgstad*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2019. *Nytt om namn* 69/70, s. 72–74.

Aune, Kolbjørn. Norske sopppnamn. [Omtale av] Benthe Skrøvje: *Norske sopppnamn – ein studie av ein stor og næringsrik vokster i nyare tid*. Master i nordisk språk. Universitetet i Agder 2019. *Nytt om namn* 69/70, s. 86–87.

Bjorvand, Harald. Stjørdalselva. *Namn og nemne* 37, s. [37]–49.

Bjorvand, Harald og Rolf Theil. Seiland. *Namn og nemne* 37, s. [73]–83.

Enger, Hans-Olav. Det gamle Kristiania var nok vakkert, men er Oslo fin eller fint? Om genus ved noen stedsnavn. *Namn og nemne* 37, s. [7]–36.

Haslum, Vidar. [Melding av] *Plurala ortnamn*. Föredrag från ett symposium i Uppsala 6–7 oktober 2016. Utgivna av Staffan Nyström & Mats Wahlberg. Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi CXLVIII. *Namn og nemne* 37, s. 133–139.

Haslum, Vidar. Områdenavn som stabile referanser. *Nytt om namn* 69/70, s. 66–68.

Helander, Kaisa Rautio. Fra sitatnavn til ortografiske lånenavn. Eksempler fra nordsamiske områder i Sverige og Norge. *Namn i skrift. Names in Writing*.

- Handlingar från NORNAs 48:e symposium i Göteborg den 29–30 november 2018. Red. av Maria Löfdahl, Michelle Waldspühl og Lena Wenner. (Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning 44 og NORNA-rapporter 98.) Göteborg, s. 113–125.
- Helleland, Botolv. Gustav Indrebø og norsk namneverk. *Norsk Årbok*. Oslo: Høgnorskringen, s. 64–74.
- Helleland, Botolv. Norsk stadnamnarkiv 100 år. *Nytt om namn* 69/70, s. 50–33. Også trykt i *Almanakk for Noreg for året etter Kristi fødsel 2021*. Utg. av Universitetet i Oslo 2020. Oslo: Gyldendal, s. 96–99.
- Helleland, Botolv. Primstaven. *Almanakk for Noreg for året etter Kristi fødsel 2021*. Utg. av Universitetet i Oslo. Oslo : Gyldendal, s. 96–99.
- Helleland, Botolv. *Frysja og Akerselva*. *Nytt om namn* 69/70, s. 65–66. Også trykt i *Nordre Aker Budstikke* 4.9.2020.
- Hoel, Kåre. 2020. *Bustadnavn i Østfold 19. Eidsberg*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag, 711 s.
- Kerfoot, Helen og Helleland, Botolv. International activities: Annette Torensjö and Sweden in the limelight. *Namn och namnvård*. Vänskrift till Annette C. Torensjö på 60-årsdagen den 18 november 2020. Red. av Staffan Nystöm, Svante Strandberg og Mats Wahlberg. Uppsala universitet. Uppsala, s. 67–84. <https://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:1471784/FULLTEXT01.pdf>
- Kruken, Kristoffer. Lærarar, målfolk og namnerenessanse. *Namn og nemne* 37, s. [51]–71.
- Larsen, Terje. Frå Nordvegen, eller kanskje Sundlandet, til Mumletjønn og Gnuldrehei. [Omtale av Gøril Grov Sørdal: *Nomino. Historia om norske stadnamn*. Oslo: Spartacus forlag 2018 og same: *Frå Mumletjønn til Gnuldrehei. Våre villaste og raraste stadnamn*. Oslo: Spartacus forlag 2019. *Nytt om namn* 69/70, s. 76–78.
- Larsen, Terje. Norsk språkhistorie med oppdatert innføring i namnefaget. [Omtale av] bolken om stadnamn og personnamn i *Norsk språkhistorie II. Praksis*, skriven av Inge Særheim og Kristoffer Kruken. Oslo: Novus forlag 2018. *Nytt om namn* 69/70, s. 78–81.
- Larsen, Terje. Norsk namnebibliografi 2018. *Nytt om namn* 69/70, s. 87–89.
- Mascetti, Samuele. Etternamnsbruk i Luster kommune i to hundre år. *Namn og nemne* 37, s. [85]–117.
- Melvær, Randi. Nettartiklar om opphavet til stadnamn. *Nytt om namn* 69/79, s. 55–58.
- Myrvang, Finn. *Tunstad* på Skogsøya. *Nytt om namn* 69/70, s. 59–64.



- Mørkved, Brynjar. *Hengsåsen naturreservat endret til Prinsesseåsen naturreservat*. Greit, kritikkverdig eller lovstridig? *Nytt om namn* 69/70, s. 70–71.
- Namn og nemne* 37. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. av Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2020. 146 s.
- Nedrelid, Gudlaug. Rett skal vera rett. Retting til artikkel trykt i Botolv – onomas-tikkens harding (2010). *Nytt om namn* 69/70, s. 68–69.
- Nytt om namn* 67/70. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Botolv Helleland ofl. 134 s.
- Pedersen, Aud-Kirsti. Litt om namnsetjing av naturlokalitetar i Noreg og i dei norske polare områda. *New trends in Socio-Onomastics*: <https://www.nordicsocioonomastics.org/litt-om-namnsetting-av-naturlokali...>
- Samiske stadnamn meir tilgjengelege på nett. *Nytt om namn* 69/70, s. 69–70 (e-post frå Nasjonalbiblioteket 15.10.2020).
- Schmidt, Tom. Sjø Hoel, Kåre.
- Særheim, Inge: Kåta og Kåtabø – gardar med små hus. *Vindetreet*. Sogeskraft for Vindafjord 29, s. 107–109.
- Særheim, Inge: Namn i Sirdal – Jødestøl. *Kyrkje og kultur i Sirdal* 9, s. 3–6.
- Særheim, Inge: Sørvestnorske øydegardsnamn på -land – spegling av førhistorisk busetnadsnamngjeving? *Namn och bygd* 108, s. 19–46.
- Theil, Rolf. Sjø Bjorvand, Harald og Rolf Theil.
- Veka, Olav. Bustadnamn i Østfold – Eidsberg. [Omtale av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. 19 Eidsberg. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2020. *Nytt om namn* 69/70, s. 74–75.
- Veka, Olav. Frå *Jordan* til *Jøsse* (Johannes). [Omtale av] *Sveriges medeltida personnamn. Häfte 17. Jordan-Iøøs*. Institutet för språk och folkminnen, Uppsala. Exakta Print AB 2016. *Nytt om namn* 69/70, s. 81.
- Vintermyr, Erik Johs. Forunderlige stedsnavn. [Omtale av] Lars Ole Klavestad: *Fra Fredagshølet til Isegran. Historiene om de mest forunderlige stedsnavnene i Fredrikstad, Hvaler og Råde*. Fredrikstad: Gyldenstjerne forlag 2016. *Nytt om namn* 69/70, s. 82–83.
- Wahlberg, Mats. [Melding av] *Bebyggelsesnamnens dynamik*. Handlingar frå NORNA:s 47:e symposium i Lund 11–12 maj 2017. Red. av Kristina Neumüller og Elin Pihl. (NORNA-rapporter 97.) Uppsala: NORNA:förlaget. 2019. *Namn og nemne* 37, s. 139–146.

Windt-Val, Benedicta. Litterær onomastikk – faglig status og veien videre. *Namn og nemne* 37, s. 119–132.

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag

**Leiar:** Terje Larsen

**terjelar1948@gmail.com**

Norsk namnelag har denne heimesida:

**norsknamelag.no**. E-post: **ellenmarielund@hotmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og nemne*, så er adressa denne:

**tor.erik.jenstad@hf.ntnu.no**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Nytt om namn*, så er adressa denne:

**botolv.helleland@iln.uio.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå tidlegare Namnegransking, kan du senda e-brev til:

**botolv.helleland@iln.uio.no**

Kartverket har denne heimesida:

**kartverket.no**

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

**norgeskart.no**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta:

Danmark:

**<http://nors.ku.dk/forskning/centre-og-forskergrupper/center-for-navneforskning/>**

Færøyane:

**setur.fo/**

Finland:

**[sprakinstitutet.fi/sv](http://sprakinstitutet.fi/sv)**

Island:

**[arnastofnun.is/is/um-stofnunina](http://arnastofnun.is/is/um-stofnunina)**

Sverige:

**[www.sofi.se/namn](http://www.sofi.se/namn)**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**[norna.org](http://norna.org)**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**[icosweb.net](http://icosweb.net)**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):

**[/unstats.un.org/unsd/ungegn/](http://unstats.un.org/unsd/ungegn/)**